

# ROMSDAL I KRIG

1940 - 1945





# **ROMSDAL I KRIG**

**1940–1945.**

---

---

EIT SKRIFT VIGT TIL MIN-  
NE OM DEI SOM LET  
LIVET I DENNE STRIDEN.

---

---

Utgjevar: ROMSDAL MÅLLAG,

JOH. KROHN'S TRYKKERI, ANDALSNES.

# DEI FALNE.

Av Eirik Moen.

*Før Noreg trælelekkjor bar,  
me vissste knapt kva fridom var.  
Då landet fall for svik og mein,  
vart fridomen ein augnestein.*

*Om striden tok bort mange mann,  
ei folkeher kring Noregs land  
voks fram i kvar ei grend og bygd  
og vart ei veldig fridomstrygd.*

*Men einsleg i si freistingsrid  
mennesket streid den store strid.  
Og den som ikkje prøva stod,  
han fekk 'kje ofra hjarteblod.*

---

*Langt heimanfrå i framandt land  
fann døden fram til Noregs mann.  
Og ute på det vide hav  
fekk guten vår ei ukjend grav.*

*Me spør ikkje om heltedåd,  
om djerve ord og vise rād.  
Dei gjekk avdī dei mätte gå,  
dei stod avdī dei mätte stå!*

*I fangerom, på pinebenk,  
dei drakk den siste offerskjenk.  
Og far vart teken bort frå mor,  
og syster miste storebror.*

*Men kvar ei mor som arm sit att  
med sorg og saknad dag og natt,  
ho veit at ros og store ord  
gjev ikkje sonen att til mor.*

*I by og grend dei gav og gav  
heitt til dei seig i massegrav.  
Men kring dei kviskra natta linn:  
Den som gjev alt, han siger vinn!*

*Dei som er døde krev 'kje død,  
dei krev at alle mann får brød!  
Dei krev ei tung og slitsam tid  
av oss som no skal taka i!*

*Og Noregs blod rann ungt og heitt,  
og Noregs folk og land vart eitt  
med kvar ein mann som var ein mann  
i striden for seg sjølv og land.*

*Me spør 'kje etter bombefly  
medaljestas og kulebly.  
No vinn me landet utan stål,  
og styrer det mot andre mål.*

*Og Noregs arv og eigedom  
fekk nye menn og større rom.  
Ja, kvart eit liv som slokna ut  
vart viljestål og eignelut.*

*Og aldri meir mā gråsprengd mor  
fā tårast bort i saknad stor  
avdī ho heilelivet gav  
til sonen sin — i massegrav!*

*Men livet — det er det me vil,  
og døden høyrer døden til.  
Og kvar ein gut som veks til mann,  
han vigslar me til livet, han!*

---

## Føreord.

Samlearbeidet til dette skriftet kom i gang alt hausten 1945. Eg hadde vona å få det ferdig før, men det har vori uråd. Det synter seg at det vart eit umåteleg stort arbeid å få tak i namn på og opplysningar om dei som let livet i denne kriegen ute og heime, i lufta, på landjorda eller på havet. Eit enno vandare arbeid var det å få tak i bilet av alle. Det har diverse synt seg at det var umogleg å få tak i brukande bilet av dei mange som på eit eller anna vis vart rivne bort i krigen.

Det har vori ynsket mitt å få med dei ymse sider av livet i krigstida, striden ute og striden på heimefronten, slik at ein kunne få eit heilsleg bilet av tida. Dette har ikkje lukkast fullt ut. Mange vil kanskje tykkja at dette skriftet gjev berre den eine sida av tidsbiletet. Eg har vilja det slik. Dette skal ikkje vera noko skrift om dei som sveik. Framtida vil ikkje med glede hugsa dei som gjekk inn i fylkingane til fienden. Etterkomarane våre vil heller ikkje minnast dei som i pengehækne stelte båtane sine til rådvelde for fiendine, dei som var med og bygde bunkers og festningsverk og som lett i hug gjekk på tyskarbeid fordi dei då fekk noko fleire pengar mellom hendene. Dei som i løynd eller meir ope bar i tyskarane smør og egg, ull og fløyte sette seg

heller ikkje noko lysande ettermæle. Og til svivyrding og gløymske dømde dei seg dei som stakk vara under diskens og sa «Utselt» til sine landsmenn, men som med glødande augo og bankande hjarta tok i mot Judaspengar av fiendehand for varer som trengdest så sárt til dei lidande i norske hus og heimar. Stor vyrdnad vil ikkje framtida syna dei som i frå pressekraakken spreidde tysk propaganda ut mellom folket eller som prenta kunngjeringar om at «Skoten blir den som....».

Samtida dømde alt desse menn, og dei høyrer ikkje framtida til.

Men eg skulde ynskja eg hadde med meir om dei som korkje med store bragder eller med eg gjande ord vekte til strid, men som i sitt daglege strev slo seg gjennom vande og vanske og liksom vart borne oppe av ei unmissande tru på rettferda, som styrkte kvarandre med vona om at retten skulle sigra til slutt og som fekk oppleva dette. Men skildringa av desse høyrer kanskje meir diktaren til.

Samtundes vil eg få takka alle som har gjevi tilskot til dette skriftet, dei som har hjelpt til med å sanka opplysningar eller lånt ut fotografi, og dei som ikkje har vorti leie av å svara på dei mange spørsmåla eg har plåga dei med.

*Ingvald Raknem.*

# ROMSDØLENE I KRIG.

Kaptein Engelbrekt Lerheim fortel om romsdølene i strid.

Krigshendingane våren 1940 er komme på fråstand. Hjå dei fleste er det no berre einskilddrag av dette lagnadstunge hendet som dukkar fram i hugen. Og for den unge ætt som veks fram, vil ufreden vera noko som hende då far eller godfar var ung, han vil vera soge. Minne om mangt som hende, vil nok leva i mange ættled etter vår tid, men utan at noko vert skrivi, vil det meste om ufreden verta gløymt.

Kaptein E. Lerheim var med romsdølene i kri- gen. Han var stabssjef under oberst Thue, og ingen kjänner så godt til krigshendingane som han. Det oversyn som kaptein Lerheim her gjev over krigshendingane, vil difor for all ettertid vera ein bok i Romsdalssoga, ein bok dei komande ætter vil lesa med ihuge. Kriegen førde ikkje til siger i fyrste omgang, så det er ikkje av den grunn at kriegen i Romsdal vil vera sett attende til med age. Nei, det som vil lysa i framtida, er den djervskap og den offervilje offiserar og soldatar synte då dei utan øving og lite budde gjekk til strid mot ein overmekting, veltrena og mykje vel utstyrt fiender.

Dei som skipa fylkingane var desse:

I. R. 11:

Stab: Sjef oberst Thue,  
stabssjef kapt. E. Lerheim  
intendant kapt. O. Løseth  
+ assistantar etter mønster av brigadestaben.

Feltbataljon I. sjef kapt. Juel

» II. sjef kapt. Navelesaker  
» III. sjef major Kjøs (I. R. 11 og  
I. R. 12)

Landvernsbataljonen: major Uri.

Vaktdetasjement og tryggjingsvakter, spesial- deilder, sjef kaptein Stadheim.

Eg vender så spørsmåla til kapt. Lerheim:

— Når kom mobiliseringssordnen til regimentet?  
— Regimentet hadde siste samband med 5. Di- visjon i Trondheim omlag kl. 0430 den 9/4. Di- sjonen hadde ikkje teki mot mobiliseringssordre.

Om morgonen vart det kalla inn sikringsvakt på Setnesmoen.

Etter leiting heile dagen i telefonen etter lov- lege norske styresmakter, fekk ein om kvelden samband med Hærrens overkommando på Hamar som gav ordre om mobilisering.

— Var det noko forleggjing på Setnesmoen i tida føre 9. april 1940?

— Nei, berre eit sivilt arbeidslag med kaptein Stadheim som leidar dreiv med bygging der.

— Kven var sjef for I. R. 11?

— Oberst David Thue (død 9. juni 1943).

— Kven var nestkommanderande?

— Major Bjarne Hveem, men han var sjuk og kunne ikkje vera med i felten (død 3/2—41).

— Kva årsklasser vart innkalla til krigsteneste, kva våpenslag og kor store styrkar av kvart slag?

— Det vart innkalla årsklassene 1936—1939 av lina og årsklassene 1926—1928 av landvernet. Der- til nokre serutdana folk frå andre årsklasser.

Det vart oppsett 4 infanteribataljonar, og des- utan fleire vaktdetasjement og nokre spesialdeilder. Ein av bataljonane var ei blanding av befal og soldatar frå I. R. 12 og I. R. 11. (Batj. III).

Væpninga var infanterivåpen, pistolar, gevær, maskingevær, mitraljøser og bombekastarar.

— Motte alle innkalla?

— Ein kan seia at dei møtte dei som kunne. Sume var i utanriksfart og kunne av den grunn ikkje koma, medan andre budde slik til at dei laut møta ved andre herdeilder.

— Var det mange friviljuge, og kvar kom dei frå?

— Fyrste dagane møtte mange friviljuge og mange som ikkje var klare over tenesteplikta si. Dese var frå dei ymse luter av regimentsdistrik- tet og også frå Nordmøre og Trondelag.

— Korleis stod det til med utstyr og våpen til dei styrkane som vart innkalla eller meldte seg friviljug?

— Våpen hadde ein til alle, men anna utstyr var det mindre med. Ved kjøp og rekvisisjonar vart det då skaffa det mest naudsynlege, slik at det kan seiast at bataljonane på det nærmeste var bra utstyrde etter tilhøva i landet.

Skorten på brukande kart var noko av det ver-

ste, endå ein fekk ikkje so lite frå bokhandlarar og andre.

— Korleis vart styrkane disponert?

— Den 13/4 vart bataljon II transportert med jarnbana til Dombås og den 14/4 marsjerte bataljon I oppover Romsdalen.

Landvernsbataljonen (batj. IV) tek over vakteldet i Indre Romsdal den 13/4, men var ikkje ferdig oppsett før eit par dagar seinare.

Vaktdetasjement og sikringsvakter var på plass i Indre Romsdal samstundes med at landvernsbataljonen tok over vakteldet.

Bataljon III (av I. R. 12 og I. R. 11) vart seinare sett opp etter ordre frå Hærens overkommando og vart den 24/4 send til Opdal og Foldal.

Så lenge krigen varde, arbeidde ein med å setja opp nye spesielleider som vart disponera etter kvart som det vart bruk for dei.

— Kvar kom romsdølene fyrst i kast med fienden, og når var det?

— Den gamle distriktsinndelinga i kompani var ikkje meir, men dei fleste romsdøler stod ved bataljon II. Unnanteke her var soldatane frå Vestnes og Tresfjord som var med i feltbataljon I.

Ved bataljon III stod og ei årsklasse romsdøler (årsklassa 1939). I landvernsbataljonen var det soldatar frå heile regimentsdistriktet.

Bataljon II kom i kamp med tyskarane omkring Dombås sondag ettermiddag den 14/4.

— Fall det mange norske (frå I. R. 11) i fyrste nappetaket?

— I alt fall det 18 mann frå regimentet under kampane i Noreg i 1940, — og av desse to befal.

Omlag 40 mann vart hardt og lettare såra. Ein reknar med at den låge fallprosenten kom av at alle mann var utstyrde med kvite forsvinningsdrakter, som gjorde dei lite synlege i snøen.

Namna på dei falne er:

- Sekondlojtnant Sverre Holmbo Helmers, Molde  
Vernepliktig sersj. Helge Quale, Langskipsoy  
Soldat nr. 12873/37 Olav Larsen Lie, Stranda*
- » » 13924/38 Peder Moa, Isfjorden
  - » » 14651/39 Ludvik Svinnseth, Otterøy
  - » » 3476/39 Johan Marius Brudevold,  
*Verma*
  - » » 12314/36 Harald Peder Hansen Lau-  
sund, Kjerstad
  - » » 13119/37 Paul P. Samset, Måndalen
  - » » 12482/36 Ole M. N. Skarshaug, Aukra
  - » » 12862/37 Lars Jakobsen Selboskar,  
*Fjørå*
  - » » 14598/39 Arne Torbjørn Setnes, Veb-  
lungsnæs

» » 8581/31 Per A. I. Folkestad, Val-  
derøy

» » Karl Vilnes Jørgensen,  
Sykkylven

» » 13602/38 Erling I. O. Ringdal, Helle-  
slyt.

» » 14233/39 Leif Andreassen Vartdal,  
Vartdal

» » 13017/37 Ivar K. Strand, Skodje

» » 15004/40 Erik Morten Løken, Ålesund

» » 375/35 Jostein Blomberg, Sykkylven

— Var soldatar frå I. R. 11 langt nedover Gudbrandsdalen, kor langt, og når var det dei måtte snu?

Bataljon II var i kamp med tyskarane ved Vinstra, og bataljon I stridde ved Fåvang.

— Når kom dei fyrste engelske troppane til Andalsnes?

— Den 17/4 kom dei fyrste britiske troppane til Andalsnes, og om natta til den 18/4 kl. 0130 meldte britiske offiserar seg til samråd i regimentsstabben.

Den 19/4 tok dei britiske troppetransportane til opp Romsdalen til Gudbrandsdalen.

— Korleis var sambandstenesta med Generalstabben?

— Det fyrste dei tyske fallskjermjegarane gjorde var å sprengja jarnvegen Andalsnes—Dombås, og å bryta telefonlinja mellom desse stadtene.

Telefonlinja Andalsnes—Dombås hadde hittil vori sambandet vårt med Hærens overkommando (H.O.K.) i Gudbrandsdalen, og tyskarane gjorde heile tida sitt beste, med bombing, til å hindra dette sambandet.

Telefonlinja var ofte broti fleire gonger i døgret, men det vart gjort eit stort og godt reparasjonsarbeid av dei sivile og militære telefonmenn, som oftaft greidde bøta skadane på kort tid.

Når telefonen over Dombås var broten, nyttja regimentet telefonlinja over Ålesund—Geiranger—Otta, slik at sambandet med H.O.K. likevel var i orden det meste av tida.

— Var det norsk vaktmannskap på mange stader i Romsdal, og kvar?

— I sjølv Raumadalen hadde landvernsbataljonen vakthaldet. I Isfjorden var det eit eige deta-sjement med vakttoppgåver på nordsida av Romsdalsfjorden. Det var elles sett opp telegrafvakter og luftvarslingspostar på ymse stader i distriktet. I Molde var det sett opp eit friviljug vernekorps med lokale vakttoppgåver.

— Korleis var det med matforsyningane under krigen?

— I Møre og Romsdal fylke var det etter måten store lager med matvarer då kriga tok til, og regimentet hadde ikkje sers store vanskar med å få kjøpt eller rekvikirert mat til soldatane.

Det verste var transportane frå byane og fram til frontane. Tyskarane bomba jamt etter sjøtransportane og jarnbuna vart broti med korte mellomrom av bomber.

Serleg låg Åndalsnes under hard bombing. Alle som hadde med transport å gjera, anten det var på sjø eller land, gjorde eit sers godt arbeid, og ofte sette dei livet inn.

Trass i alt dette strevet hendte det nok at det vart smått med mat i fremste lina, der soldatane låg i snøen.

— Korleis var stemninga når ein stendig måtte dra seg attende?

— Trass i at alle visste at tyskarane alt hadde teki dei viktigaste hamnene våre, var stemninga gdd under mobiliseringa.

Ein hørde sume kompani song då dei marsjerte ut frå Setnesmoen. Avdelingane våre måtte ikkje stendig dra seg attende.

Dei fleste var på marsj, i kamp eller transport framover til siste kampdagen.

Bataljonane I og II reinska opp først på Dombås og Dovre i ein kamp som varde for det meste dag og natt i 5 døger. Konge, regjering og gulltransporten kunne koma vidare nordover og vestover.

Bataljonane vart deretter lagt under 2. Divisjon og transportert vidare til Fåvang og Vinstra. Der vart dei i harde strider drevne attende, og etter ordre frå H.O.K. vart dei transportert nordover.

Dei skulle til Romsdalen for å reorganiserast.

Bataljonane hadde fått elldåpen sin og skulle fram att mot fienden etter noko kvild og øving.

Bataljon III vart den 25–26/4 transportert til Opdal og Foldal og stod i harde strider der til orden om attendedraginga kom (avgjeven frå regimentet).

— Når kom meldinga om at krigen skulle innstillast?

— Ordren om kapitulasjon kom frå H.O.K. den 1/5–40.

— Korleis og kvar vart haeren opplyst?

Bataljonane I og II vart som før nemnt etter ordre sendt attende etter kampane ved Vinstra og Fåvang. Dei var ille medfarne og hadde lite kampverde. Bataljonane hadde nådd Lesja då britane, som no (frå 25/4) hadde teki over fronten i Gudbrandsdalen, fekk ordre seinveges frå London om å gjeva opp kampen. Landvernsbataljonen var no på veg mot fronten i Opdal og Foldal. Eit

kompani var nådd til Hjerkin då denne ordenen kom. Britane skulle dra troppane sine ut frå Gudbrandsdalen og Romsdalen og forlata heile området.

H.O.K. gav, som ein fylgje av dette, ordre om at alle norske avdelingar i Gudbrandsdalen og Romsdalen skulle dragast attende til bygdene nord og sør for Romsdalsfjorden.

Retretten skulle dekkjast av ei britisk ettertrygd, med sterke skipatruljer frå I. R. 11 i flankane.

Regimentet vart pålagd å syta for transport av dei norske avdelingane.

Marsjen attende er eit kapitel for seg. Ein hadde dei største vanskar å stri med, då både jarnbane og vegane no var i ei elendig stode, og telefonsambandet broti. Norske og britiske deilder marsjerte om kvarandre på dei oppkøyrd veg inne, og også utanom vegane.

Bilar og vogner stod jamt fast i mørja, og norske og britiske soldatar streva saman med å dra og skuva køyredoningane fram.

I nedre Romsdal brann skogen i fjellsidene på både sider av dalen, og over det heile hekk det jamnast tyske bombefly som venta på å få ein rik haust.

Attendedraginga av troppane gjekk då langt betre enn venta.

Då orden om kapitulasjonen kom, var bataljonane I og II komne til Vikebukt og Vestnes. Landvernsbataljonen låg i Eidsbygda og Rødvdalen, og bataljon III var for det meste nådd ned til Sunndalsøyra.

— Korleis gjekk det med våpen og utstyr når haeren skulle opplysts?

— Mykje fall i hendene på tyskarane, men noko, serleg våpen, vart sendt nordover til Nord-Noreg.

— Korleis gjekk det med offiserane, vart dei tekne tilfange og haldne i fangenskap ei tid?

— Regimentsstaben fekk først ordre om å verta på plass for å ordna med demobiliseringa. Dei andre offiserane vart dimitterte.

Oberst Thue var så ei tid pålagd å taka opphold i Isfjorden, og pålagd meldeplikt.

— Kva vil De som veløynd offiser sei at det klikka mest på i den kritiske tida (t. d. samband med generalstabben, utstyr av våpen og krigstarvande. Øving hjå soldatane — etc.)?

— Dette spørsmålet er for vidfemnande til å kunna svarast på i få ord. Eg kan då kort sei at den største vanskene for vårt regiment var at I. R. 11 mot all føresetnad måtte strida isolert

som infanterideild, utan nemnande spesialtroppar, serleg då artilleri.

Soldatane våre måtte slåst mot artilleri og stridsvogtner berre med infanterivåpen, og desse våpna har kort skotvidde og kulene beit ikkje på det tyske panseret.

Luftvern var det så godt som ingenting av under stridane, og dekning av jøgarfly mot dei tyske bombeåtaka fanst det ikkje.

— Ville det ha vori betre om ein hadde hatt større depot på Setnesmoen-

— Nei, ikkje på Setnesmoen, men på andre mindre utsette stader.

\*

Tilslutt vil eg få nemna at mangt kunne kanhenda vori gjort onnorleis og betre, men eg trur eg torer segja at dei fleste som den gongen stod i regimentet sine rekkrer, gjorde sitt beste for å verja folk og land.

Munge miste livet og andre helsa. Desse bør minnast og heidrast.

Eg vil vona at den striden den vesle norske

heren i det heile førde i 1940, vil verta hugsa i komande tider, og at folket vårt vil taka lærdom av den.

I sin rapport frå krigen i 1940 skreiv regimentet mellom anna:

«For sent våknet det norske folk til erkjenning av at frihet og selvstendighet er de største verdier en nasjon eier, verdier som ikke kan erstattes med økonomisk velstand eller materiell velvære. Først når føren for alvor truet, våknet det slumrende forsvarsinnstinkt i folket — og drev det til kamp»

Ein annan gong, om så gale skal henda, må me vera budd, og syta for at den norske ungdomen kan møta åtaksmannen på meir like vilkår enn dei gjorde som stridde i 1940.

Eg vil vona at dei unge menn som i framtida skal verja landet vårt må verta førde av menn med den eldhug og førargivnad som oberst David Thue åtte. Me som stod under hans kommando i 1940 minnes regimentsjefen vår med vemod og vyrnad.

## *Toralf Ørnulf Berg.*

Det vil vel ikkje vera rett å ta fram nokon serskild av alle dei som gjekk inn i striden og måtte bøta med livet. Men når Toralf Berg får nokre minneord framom dei andre, så er det avdioga om han kastar ljós over den framgangsmåten tyskarane nyttå i denne krigen.

\*

Toralf Ørnulf Berg, fødd 15 oktober 1912 i Molde. Han tok eksamen artium ved Molde høgre skule 1933. Deretter studerte han jus ved universitetet i Oslo og tok eksamen i juridikum I i 1937. Då slutta han studiet i Oslo og reiste til Göteborg, der han tok teknikareksamen i 1939. Han vart så teiknar på Götaverken, og der var han då krigens mellom Russland og Finnland bratt ut. Berg melde seg straks som friviljug og var med i stridane frå desember 1939 til mars 1940. Han var med på Sallafronten og fekk den finske djervskapsmedaljen for stridsbragdene sine.

Berg kom attende til Göteborg den 8. april 1940, men han vart ikkje mange timane der. Straks

det tyske overfallet på Noreg spurdest, var han på ferd att og kom til Kongsvinger og melde seg til tenest. Han vart då troppsførar, kom snart i strid og vart såra. Han vart liggjande ute og fraus seg sjuk. Straks han kom ut att frå sjukhuset, bar det heim til Molde; og der gjekk han då og skulle friskna til og komma til krefter att. I 1941 og 1942 vart dei fyrste freistnadene i Molde gjort på å skjæra militære organisasjoner, og Berg kom med i dette arbeidet. I denne tida var det at dei svikfulle Rinnanbandittar tok til å arbeida, og dei gode nordmenn trudde enno blindt på sine landsmenn og rekna med at ein nordmann er ein nordmann. Og Berg og mange med han fekk svi for trua si på sine landsmenn. Han vart henta til Trondheim den 15. august 1942. Det var Rinnans handgjengne mann, Mære, som no var svikaren. Berg vart så straks førd til Misjonshotellet, der han då nokre dagar fekk gå gjennom dei ulike Gestapo-kurar. Seinare vart han førd til Falstad, der han sat innesperra i 7 månader. Her fekk han og endelaus mishandling, og til slutt vart han

# ØVERDALEN I KRIGSTIDA.

Ein samtale med Paul Brudeli, Verma.

Dei fyrste tyske soldatane som sette føtene sine på romsdalsk jord, kom til Øverdalen, ikkje i hel med dei norske og engelske styrkane som drog seg attende nedetter mot Åndalsnes. Men som Raumadalføret er den einaste innfallsparten austanfrå inn i romsdalsbygdene, kom straumen av fjendssoldatar til å koma gjennom Øverdalen, og d.i. siste tyske soldatfangar som vende attende til restane av det stor-tyske riket, for og gjennom Øverdalen. Denne vesle fjellbygda som og vert kalla Verma, fekk såleis leva med i krigen lenger enn dei andre romsdalsbygdene. Ettertida vil gjerne høyra litt om kva som hende her oppe i krigstida.

Eg har difor vendt meg til Paul Brudeli, som har svara på mine mange spørsmål.

då den 16. februar 1943 leidd bort i Falstadmyra og skoten. Han fekk ei grav for seg sjølv eit stykke frå massegravene der. I august 1945 vart han så oppteken og jordfest på kyrkjegarden i Molde.

Toralf Berg fekk ikkje sjå att nokon av sine kjære etter at han vart fastsett. Far hans vende seg fleire gonger til SD med bøn om å få tala med sonen. Berg sat då på Falstad, men i Trondheim sa Gestapo at dei hadde han ikkje. Berg vart som sagt skoten den 16. februar 1943 kl. 16. Men alt neste dag, den 17. februar sende Gestapo dette brevet til faren:

Der Kommandeur  
der Sicherheitspolizei und des SD

Drontheim den 17. Februar 1943.

Tgb. Nr. IV E5 —/L —153/42

An den  
Kontorbevollmächtigten Ingebrigt Berg  
in Molde  
Dørumsgate Nr. 7.

Es wird mitgeteilt, dass Ihr Sohn Toralf, während eines Transportes, in selbstmörderischer Absicht in den Fjord sprang und trotz eifriger Suchens nicht mehr mit seinem Auffinden zu rechnen. Da er beim Transport sein Eigentum bei sich trug, ist hier nichts zurückgeblieben.

Auf Befehl  
gez. Hollacks  
SS-Hauptsturmführer.

— Kom denne bygda ifrå krigen utan stort mannefall og store skader?

— Ja, ein får vel seiia det. Den einaste herifrå som fall i striden var Johan Marius Brudevoll. Han var einaste son til Randine og Martin Brudevoll. Johan møtte etter mobiliseringssordre på Setsnesmoen og var med det fyrste militærtoget som gjekk oppover Romsdalen, og som kom til Dombås tidleg sundagsmorgonen den 14. april 1940. Fram mot middag same dag kom dei fyrste tyske flya med fallskjermtrøppar dit, og etter den kampen som då fylgte, fann ein Johan død inne i skogen.

— Men Verma låg vel på den tid likevel trygt bak fronten?

— Nei, tvert imot. Johan vart førd ned til Verma, og den dagen han skulle leggjast i grava,

Og sanninga i brevet vert vidare vitna av ein høg person til og med attått dette eit digert stempe. Brevet lyder i norsk omsetjing:

Til kontorfullmektig Ingebrigt Berg,

Dørumsgate 7

Molde.

Hermed vert det gjevi melding om at Toralf, sonen Dykkar, under ein transport (sprang i fjorden) bykte på sjøen for å gjera ende på seg. Trass i ihuga leiting har en ikkje kunna finna han, og ein kan ikkje rekna med å få sjå han att.

Då han under transporten bar alle eignalutene sine på seg, er det her ikkje noko att etter han.

Etter ordre  
Hollacks  
SS-Hauptsturmführer.

Denne lygnhistoria dikta Gestapo ihop til faren dagen etter at dei hadde gjort det av med sonen. Men Berg vann over lygna og pinslene. Augnevittne fortel at då Berg vart ført frå sella til rettarstaden ute i Falstadskogen, gjekk han med reist panne. Han visste kva han gjekk til, men han tok det heile som ein mann.




Foto: Sødahl.

Åndalsnes i ruinar.

var det rein krigstilstand på Verma. Gravferda gjekk frå heimen den 24/4. Men den dagen var det ein jamn straum av engelske troppar på veg oppover både etter vegen og med jarnbanen, og tyske bombefly jaga fram og tilbake over Øverdalen. Det eine bombedrånet avløyste det andre. Mellom bombenedslaga knitra mitraljøsene mot folkemengdene, og dei som var med i gravferda måtte sokja dekning fleire gonger.

— Det var elles ingen andre som kom til skade under krigen då?

— Nei, Johan var den einaste, og bygdefolket har reist ein vakker stein på grava hans. Det er Øverdalen ungdomslag som har greidd med det.

— Då dei norsk-engelske troppane drog seg attende måtte vel Verma ei tid koma til å liggja i sjølve frontlinia?

— Ja, tysdag den 30. april forlet dei siste norske troppane Verma på veg nedover til Åndalsnes og vidare utetter. Ved 5-tida om morgonen den

1. mai kom så dei fyrste engelske soldatane ned til Verma. Dei gjekk til fots. Eit stort militærertog hadde vorti avspora ved Lesjaverk kvelden før, og det var soldatane frå dette som no kom traskande nedover.

— Var dei i godlag?

— Ein kan ikkje seia det. Dei hadde gått 3 mil om natta, var slitne og trøytte, og mange var sårføtte.

— Drog dei vidare med det same?

— Nei, på Verma gjekk dei inn i jarnbanetunnen og låg der til om kvelden.

— Var tyskarane langt unna på denne tid?

— Nei, tvert i mot. Omlag klokka fire om ettermiddagen same dagen nådde tyskarane fylkesgrensa. Her kom dei i kamp med ein engelsk tryggjingsstyrke. Tyskarane hadde fleire falne og såra og drog seg etter stutt strid attende til Stuguflåten Hotell, der dei let sitt dårlige humør gå ut over møblar og innbu. Ved åttetida om kvel-

den gjekk dei troppane som hadde legi inne i tunnelen i stilling omkring Øverdalens kapell. — Samstundes vart eit langt tog sett opp på stasjonen av dei maskinar og vogner som stod inne i tunnelen. Og då toget vîr ferdig, gjekk alle troppane ombord og for nedover til Andalsnes. Der låg engelske krigsskip reiduge til å ta dei ombord. Den tryggingsstyrken som låg ved fylkesgrensa reiste nedover i bilar, men først sprengde dei vegen på ymse stelle.

— Men korleis tok bygdefolket det i dette høvet?

— Jau, då engelskmennene gjekk i stilling, fekk folk på Kylling, Gjershaug og Fjellheim ordre om å koma seg vekk, for no vart det strid. Folk lydde, men ved 6-tida om morgonen den 2. mai kom dei fleste heim att, for dei rekna som slik at det var betre å vera i husa når tyskarane kom, enn å komma att når tyskarane hadde teki husa i bruk. Det synter seg at dette var rett tenkt.

— Kva var så det første inntrykket av tyskarane?

— Det første folk merka til tyskarane, var nokre digre plakatar med store bokstavar: «Skoten blir den som....» Til å byrja med var folk svimeslegne, alt var framandt, uverkeleg og uvisst. Ein vona at det var ein stutt overgang, at no måtte Amerika koma og hjelpe. Men så vart Nord-Noreg oppgjevi, så vart Holland, Belgia og Frankrike rent overende. Og snart gjekk ordet om fengsling, portforbod og overgrep. — —

— Ja, det er greitt at folk vart modlause, men du vil vel ikkje sei at folk gav opp vona.

— Nei, eg vil sei med Ibsen: «Dog sank ikke Terjes trods». Byrser og ammunisjon skulle innleverast, men når gutane no og då lurte seg til skogs med olje og pussegarn, så var det lett å skjøna at det var noko gøynt som skulle passast. Ja, eit par gutter som seinare var med i H.S. hadde fleire gevær, maskingevær, endå til ein antitankkanon med ammunisjon som var passa og stelt og i fin stand då dei kom fram ved frigjeringa. Og om radioane vart leverte inn, vart det alltid att nokre, slik at ein eller annan til kvar tid kunne fylgja med i det som gjekk for seg ute i verda.

— Sei meg då, fekk Verma vera fri tyskarane resten av krigen?

— Ein kan ikkje just sei det. Verma var ein viktig plass. Fyrst galde det vel å tryggja kraftforsyningane til alle tyskarane i Indre Romsdal. Men Kylling bru var og ein ting som trengde vaktast på.

— Fekk de brakkebyar der oppe og då?

— Nei, tyskarane la seg inn på gardane, og

dei tok i bruk både ungdoms- og bedehuset.

— De slapp bunkers og skyttargraver der og oyding av odelsjorda då?

— For det meste, skulle eg sei. Men det var ein ting eg vil få nemna. Hadde det vorti invasjon, ville heile Øverdalens vorti lagt i øyde, ja, folket ville og ha stroke med, hadde det ikkje komi seg unna.

— Kva er det du har i tankane med dette?

— Eg tenker på undermineringane under vegen ved Slettafossen. Ved Slettafossen ligg vegen under ei bratt fjellufs, og nedanfor vegen er eit stup ned i elva. Om ein sprengde vegen her, ville ein stengja for all trafikk, for lendet ovanføre og nedanføre er oversatt med kampstein og uframkjømt. Og tyskarane hadde funne ut rette plassen. Her skulle vegen gjerast uframkjømd.

— Ja, men ei vegsprengjing kunne vel ikkje legga heile Øverdalens øyde?

— Jau, eit vegstykke på 90 meter var underminert. Under vegflata var det med visse mellomrom gravi ut kanalar. Dei var  $80 \times 80$  cm i tverskurd og rakk lenger inn enn vegbreidda. Og dei var gravne i to høgder, slik at vegen skulle verta ujamt sprengd. Desse kanalane skulle så fyllast med sprengemmne, og det seier seg sjølv at ein her kan rekna med så og så mange tonn sprengemmne i kvar kanal. Og det var ikkje mindre enn 19 slike kanalar på desse 90 meter. Kvar og ein vil skjøna at dersom det først hadde smolli her, ville bygda ha vorti sopa rein.

— Men korleis var det, hadde ikkje Verma gjesting av allierte soldatar i krigen og?

— Jau, i mars 1944 kom tre mann siglande ned på Torsåsen i fallskjerm. Torsåsen er eit fjellstrok på grensa mot Tafjord, og det ligg ei fem miles veg frå Verma. Dei som kom ned der inne i fjellheimen, var Joacim Ronneberg, Birger Strømsheim og Olav Årsæther. Dei bygde seg ei steinhytte til bustad. Ut på sumaren vart desse gjennom Ålesund sett i samband med to mann frå Ålesund som hadde gøynt seg bort og teki seg arleid oppe i Brøste hjå Edv. Kylling.

Gjennom Arne Randers Heen på Andalsnes vart dei så og sett i samband med tre mann frå Verma. — Det var då stemnemøte inne i fjellet, og dei norske vart då innvigde i dei sprengjingsarbeid som skulle gjerast i tilfelle invasjon. Dei måtte og vera med å bera fram ammunisjon til dei planlagde sprengjingar. Men berre ein gong vart det tale om sprengjing. Det var då jarnbanebrua ved Stuguflåten vart sprengd i lufta den 6. januar 1945. Det var Rønneberg og Straumsheim som kom frå fjellet og gjorde dette,



Foto: Sødahl.

*Dei fyrste tyske soldatane kjem til Åndalsnes i 1940.*

og dei gjekk attende dit. Tyskarane vart oppska-  
ka og arresterte straks 24 mann som held på med  
å māka sma frå jarnbanelina, koyrde dei til feng-  
sel på Dombås, og merkeleg nok fekk alle reisa  
heim etter eit par veker.

— Har du inntrykk av at tyskarane mistenkte  
folk i bygda for å ha vori med på dette.

— Eg trur ikkje det. Tyskarane fann skileier  
ved sprengstaden og fylgte desse innover fjellet.  
Men skileiene kom vekk i ein snøskavl inne i ei  
bakli, og tyskarane tyktest vel ikkje om å sökja  
lenger inn i den ville fjellheimen.

— Det vart då ikkje spørsmål etter noko meir  
då kanskje?

— Det vart sjølv sagt husransaking med det  
same, og tyskarane kom og til Brøste der dei to  
ålesundsgutane dreiv og saga ved. Fyrst vart dei  
arrestert, men etter ein sers interessant sam-  
tale vart desse to av den tyske offiseren sett til

observatørar, og dei skulle rapportera alt misten-  
kjeleg til han.

— Hadde de noko meir samband med dei som  
låg framme i fjella då?

— Ja, Ola Brude, ein av dei innvigde frå Verma,  
tala då frampå om eit mil.orglag med fleire, og då  
eg hadde hus på Tungesætra, vart det til det at  
vi møttes der.

— Hadde de samband med folka på Åndalsnes  
og kanskje?

— Ja, på eit vis. Men vi fekk våpen og utstyr  
gjennom lufta, og dei tre som låg inne i Torsåsen  
vart instruktørar. Etterkvart kom det med fleire  
og fleire folk, og alle måtte få øva seg i å hand-  
sama dei nye våpena.

— Men vart ikkje tyskarane mistenksame når  
så mange av bygdefolket drog til fjells så ofte?

— Tyskarane skjøna snautt noko av det heile  
før heilt på slutten. Men det var nok dei i bygda  
som hadde ein tanke om eitt eller anna. Såleis

var det ein gong vi venta eit slepp. Det vart eit uver av det verste, men vi måtte møta opp. Då måtte vi ta med hest, for vi skulle køyra ved til setra måtte vi seia. Mange tykte nok at det var ei rar tid å dra til fjells på veding dette.

— Var det med folk berre frå Øverdalen?

— Nei, bror min, Ingvald Brudeli, fekk med seg fire mann frå Lesjaskog.

— De vart eit heit lag då kanskje?

— Det er vel rettare å seia at vi var ein tropp. Ikkje mindre enn 33 mann var med i leiken.

— Ja, var det nokon leik eigentleg?

— Ikkje det nei! Serleg var det stor spaning dei fyrste maidagane. Det var då komi melding om invasjon, det skulle koma våpen og ammunisjon som skulle takast imot og førast til bygds, og det skulle vervast fleire folk. Den 6. og 7. mai skulle så alle møtast på Tunga att, og mange nye skulle vera med. Folkva var då frå før skipa i små lag med kvar sine seroppgåver. Men det syntte seg no at det kom til å gli over på fredeleg vis. Difor vart Ingvald Brudeli med sine fire mann ført over til gruppa på Dombås. Johan Rødstøl, Charles Kleiven og eg fekk ei viss oppgåve i samanheng med kapitulasjonen heime i bygda. — Resten låg då att på Tunga som stridsbudd tropp. Desse var: Birger Straumsheim, Olav Årsæther, Rolf Frøland, Henrik Giske, Knut Brøste, Karl Staurset, Ole Gjershaug, Magnar Sæterbø, Ola Brude, Oskar Rødstøl, Ole Rødstøl, Bjørn Gjershaug, Herman Vatne, Jacob Brudeli, Lars N. Kylling, Petter Kylling, Arne Kylling, Georg Hersel, Alf Sæterbø, Arvid Sæterbø, Olav Monge og Einar Rødstøl.

Denne troppen gjekk frå Tunga til Krabben den 8. mai, vidare til Slettafjellsætra den 9. mai. Troppen hadde fått ordrane beinveges frå London, men no vart sambandet med London avbrotti, og den 10. kom det melding frå Andalsnes om at troppen skulle mælda seg til teneste i bygda.

— Kanskje det og kunne vera ei eller anna hending som kunne vera serskilt interessant å høyra?

— Interessant det er nok så, men det var ein gong vi vart noko uroa. Det var då «lensmann» Sanner skulle på Tungesætra på speljakt. Det hekk slik ihop. Ola Brude gjekk og venta på ei

sermelding — det skulle nemleg koma eit slepp på Tunga. Så brått sprang ei bombe frå ein annan kant. Det kom melding om at «lensmann» Sanner tenkte seg på Tunga på speljakt, og det nett den tid og på den stad sleppet skulle koma. No var gode råd dyre. Ola Brude gjekk til ein annan av gruppa. Det vart lagt råd. Ein plan vart klekt ut. Lensmannen måtte lurast til speljukt på ein annan stad. Og Ola for til lensmannen, medarbeidaren hans gjekk til Erik Kylling og sa:

— Du må leiga bort setra di til «lensmann» Sanner når han ringjer.

— Nei, det trur eg ikkje at eg vil, meinte Erik.

Men det trengdest ikkje mange orda før det var i orden.

Så kom Ola til lensmannen og spurde om han kunne få låna ei haglevær nokre dagar.

— Kva skal du med det? ville lensmannen vita.

— Jau, sa Ola, eg trur eg veit om eit par tiurar ein stad.

— Kvar var det?

— Å, det var oppe på Verma.

— Var det oppe på Brude?

Ola var jaktmann og som såleis var han ikkje den som gav for mange opplysningar.

— Eg har tenkt meg til Tunga på jakt, eg, sa lensmannen. Veit du om det er mykje fugl der framme.

Ola kunne berre fortelja at han hadde vori framme i dalen på vedhogging heile vinteren og han hadde knapt sett far etter fugl. Forresten var det så altfor mykje snø der framme i år. Men lensmannen kunne då spørja dei som budde der framme. No ville lensmannen gjerne slå lag med Ola på speljakt, og Ola læst kunna gå med på det. Han kunne og fortelja lensmannen at Erik Kylling hadde ei fin sæter nær spelstaden, og at lensmannen visseleg ville få låna den. Lensmannen vart i godlag.

— Du får ordna med det du Ola, og så møter du på Verma stasjon laurdag, du vert med som kjent mann, og eg skal ta med byrse til deg.

Dermed var den floken løyst.

Men det som hende, var at herrane i London såg det trengdest ikkje sendast fleire fly, og då dagen kom, fekk lensmannen anna å tenkja på enn tiurjakt.

# V-POSTEN.

Av ARNE EKRE.

«Trykkefrihed bør finde sted.»  
Grunnlova § 100.

Ein kan trygt sei at § 100 er ein av dei viktigaste i heile Grunnlova, eit folkestyrt Noreg er uten kjeleg utan tale- og prentefridom. Det er ikkje nok berre å kunna tenkja som ein vil, ein må og ha lov å bera tanken fram. Får ein ikkje tala og skriva fritt, er det føre for at dei fleste etter kvart også ven seg av med å tenkja fritt.

Alt den 10. april 1940 greip nazi-styret inn mot det frie ordet i norsk presse. Då sende nemleg «rikspressesjef», redaktør i «Fritt Folk», Arnt Rishovd, ut dette påbodet til avisene:

«Det pålegges vår presse å bringe sin skrive-måte i overensstemmelse med den endrede politiske situasjon i landet. Eventuelle særbestemmlser av forskjellig art vil bli utsendt etter hvert.»

Denne quisling-sensuren vart elles skubba til sidan då tyskarane sjølv fekk skipa til ein presse-sensur. Det tok rett nok si tid. Dei som var utpeika til å arbeide, gjekk nemleg ned med «Blücher» utafor Oscarsborg natt til 9. april.

Men 25. april tok Terboven over styret. Han fekk opp til Oslo ministerialråd Müller og pressemannen Eiche. Så kom «Pressabteilung» til verda, med kontor i Stortinget. Det vart etter kvart den tyske redaktøren Moser som styrde arbeidet i «Pressabteilung».

Så var det slutt med § 100 — for ei tid. Men ei onnor presse tok opp striden mot åndstyranniet, den «illegale» pressa vart til.

\*

I fyrstninga av august 1941 — stutt tid etter at tyskarane hadde rana radioapparata — tok V-Posten til å koma ut på Molde. Det var kontremann Thorleif Lindtvedt som med god hjelprå kona si sende bladet ut.

Til å byrja med tok han mot London-nytt på eit vanleg vekselstraumapparat med høgtalar. — Tolleg snart fekk han likevel tak i eit batteriapparat med høyretelefonar, dermed kunne mot-takinga gå meir stillsleg for seg. Om dette batteriapparatet er elles å fortelja at det var stolte — frå eit tysk lager!

Lindtvedt høyrde til vanleg B.B.C. (Britisk kringkasting) kl. 19.30 og kl. 7.30. Dersom det var noko av serleg interesse, også kl. 1.30. Men V-Posten fekk og stoff på andre vegar, serleg medan lærar- og kyrkjestriden stod på.

Han «prenta» avisar heime. På loftet gøynde han bort radioapparata, skrivemaskinen og duplikatoren (maskin til mangfaldgjering), som han fekk tak i seinare. Dei fyrste fjorten-dagane vart elles V-Posten skriven på gjennomslag med maskin. Bokrentar Mindor Bolsø lånte ut denne maskinen, som var svært gammaldags med tre teikn på kvar typearm, og med to skift-neklar. Ein laut slå hardt på tangentane for å få mange gjennomslag, men maskinen var så veikt bygd at typane stundom spratt laus. Så var det ikkje anna å gjera enn å freista loddna skrifteikna fast på typearmene att. Sume typar vart ubrukande. På slutten laut ein for å få bokstaven e først slå c, og deretter føra vogna på skrivemaskinen attende og slå ein tverrstrek. Såleis vart c til e, og på liknande måte o til ö og a til å.

Etter ei slik «trengsletid» på omlag fjorten dagar fekk Lindtvedt ein ny og betre skrivemaskin, og ein vakker dag ein duplikator. No steig opplaget til kring 350, og dette opplaget var seinare det vanlege.

Mang ein gong var det vandt å skaffa det som trongst til bladdrifta. Serleg galldt dette stensilar (papir med vokslag til bruk ved mangfaldgjering), men det var stundom smått med vanleg papir og. Disponent Lunder på Mjølkesentralen var ein tur til Oslo, der fekk han ordna det slik at Lindtvedt fekk stensilar gjennom Forsyningsdepartementet. — Det gjekk difor utruleg bra med å skaffa dette.

Styraren ved Fiskarfagskulen på Aukra, Sven Sømme, hadde ei tid gjeve ut eit «illegalt» blad han kalla Q-posten. I lengda vart det likevel for stor vågnad med dette, og Sømme laut gje opp bladdrifta. Men han let V-Posten få Q-Posten sitt lager av stensilar og papir. Sømme skaffa også seinare slike ting.

Fru Lindtvedt syrgde for å få V-Posten ut i byen til folk som sende bladet rundt til «tingarane». V-Posten vart og send kring til bygdene i Romsdal gjennom posten. Dersom det var fare for rassia på posthusa, vart bladet sendt som bankobrev med fingert sendar og segl.

Dei aller fleste er truleg klår over kva som ligg i namnet V-Posten, men vi skal likevel seia nokre ord om det. Det latinske namneordet *victoria* tyder siger. I engelsk finn ein ordet att i forma *victory*. V er altså førebokstaven i det engelske ordet for siger. I Morse-alfabetet (for tråldaus telegrafe-

ring) har bokstaven v teiknet . . . — Dette teiknet nyttja B.B.C. som kjennesignal. Bokstaven v verka på mang ein tyskar omlag som ein raud klut på ein stut. Omsider freista Goebbels å ta brodden av den engelske v-kampanjen på den måten at tyskarane sjølv tok til å nyttja v som sigers-teikn.

Vi skal sjå litt på korleis V-Posten gav att radiomeldingar:

1. juni 1942

Det britiske flyvåpenet rettet natt til fredag et kraftig angrep mot Gnome-Rohne fabrikken straks nord for Paris. Ved disse fabrikker blir dei luftavkjølte motorer for tyske jagerfly laget. Samme natt ble ennå en konvoy utenfor de Frisiske øyer angrepet, og 8 av skipene satt i brann. 7 bombefly savnes etter dette angrepene.

Samme natt forsøkte en styrke på 50 fiendtlige fly å fly inn over Stor-Britannia. 7 av disse ble skutt ned, og bare halvparten klarte å komme inn over britisk territorium.

Natt til søndag rettet det britiske flyvåpenet det hittil største luftangrepet i historien mot Tyskland. En styrke på 1250 bombefly angrep mål i Ruhr- og Rijnområdet med Köln som hovedmål. Hele angrepet varte bare  $1\frac{1}{2}$  time, og det ble sluppet ned omkring 3000 tonn med bomber. I angrepet deltok bl. a. de store 4-motors Lancaster, Halifax og Stirling-fly som hver kan ta med en bombelast på 8 tonn. Ved dagry i går kunne man fra den hollandske kyst 225 km. borte se lysning og røkskyer fra de store branner som brøt ut etter angrepet. Speiderfly kunne også i går mørges se en røksøyde hele 4500 meter til værs over Köln.

Samtidig med dette angrepet foretok fly fra kystkommandoene og jagerkommandoene avledende operasjoner mot tyske flyplasser. 44 fly savnes etter disse omfattende operasjoner, hvilket er omkring 4 % av den samlede styrke.

Det var ingen fiendtlig luftvirksomhet over Stor-Britannia samme natt.

Statsminister Churchill sendte i går et telegram til bombekommandoen og gratulerete med resultatet og det glimrende organisasjonsarbeid som hadde gjort det mulig å sende over 1000 fly inn over Tyskland og koncentrere angrepet over området på den korte tid av  $1\frac{1}{2}$  time. Dette bevis på det britiske flyvåpens voksende slagkraft, heter det i telegrammet, «gir varsel om hva Tyskland vil gjennomgå, by etter by til Hitler er knust».

Det vi her har prenta av etter V-Posten, svarar omlag til  $\frac{1}{4}$  av eit vanleg nummer på to sider. Når ein ser kor noye radio-meldingane er komne med, vil ein kanskje tru at Lindtvedt stenograferte dei ned, men det er nok ikkje tilfellet. Etter kvart som han høyrd, skreiv han meldingane ned. Ikkje alltid hadde V-Posten så godt nytt å fortelja som i dette nummeret. Ofte var det tolleg tamme saker London-sendaren kom med, dei tapte slaga skulle også meldast. I slike høve freista Lindtvedt koma med stoff som kunne tena til motvekt, mel-

dingar om flåten som stendig voks, godt tempo i flyproduksjon o. likn.

Mellom dei som V-Posten nådde fram til, var også N.S.-ordføraren i Molde, Schneider. Det hende truleg berre ein gong og gjekk slik til: Formannen i styret for Romsdalsmuseet, fabrikkeigar Solemdal, sende årsmelding til «ordføraren». Inn i desse papira hadde så eit nummer av V-Posten forvilla seg. Hjå Schneider vart det sjølv sagt stor ståhei. Avisa vart send til politiet, og politifolk for kring i byen på mange kontor for å freista finna den maskinen V-Posten var skiven med. Endeleg kom ein til det resultatet at dette «forbryterske» bladet visseleg vart utgjeve i Oslo, og ikkje i den fredelege «Rosenes by». Ved eit reint tilfelle hadde så dette eksemplaret hamna mellom papira til Solemdal. Solemdal hevda nemleg at årsmeldinga ei tid hadde vorte liggjande på diskens i forretninga hans, og så hadde truleg ein eller annan putta denne merkelege V-Posten inn mellom papira, utan at det hadde vorte lagt merke til det.

V-Posten heldt det gåande mest eitt år. Bladet kom til vanleg kvar dag, ofte fleirsidig. I alt er det truleg kome ut kring 300 nummer, men det vart ikkje nummerert. Dette var for det tilfelle at bladet kumne koma i urette hender.

I fyrstninga av juli 1942 kom den illgjetne Rinnan til Molde. Også her spela han god jøssing og fekk innpass hjå gode nordmenn. Det er grunn til å tro at det var Rinnan sitt arbeid som førde til at Lindtvedt og frue vart fengsla 31. juli av gestapo-sjef i Ålesund, Ørke. Lindtvedt sat ei veke i Ålesund og vart så send til Trondheim. Der sat han først nokre dagar på festninga Kristiansten, var deretter fjorten dagar på Misjonshotellet til forhøyr. Så barst det til Falstad til eit opphold på seksten månader, og endeleg til Tyskland, til Heinkel flyfabrikk som ein underkommando av fangelægret Sachsenhausen. Fru Lindtvedt slapp ut etter tre månader.

\*

Den «illegale» pressa var med og skapte — og heldt — eit av avsnitta på den indre fronten, og skapte tru og vilje i tunge tider. Det var stor personleg vägnad for dei som gav ut desse blada, og gestapo slo då også før eller seinare kloa i dei fleste. Mange «illegale» pressefolk laut vandra inn i tyske fengsel og konsestrasjonslæger, og ikkje alle var så heldige som Lindtvedt, at dei slapp velberga ut or Hitlers jarnklør.

Mange slags våpen laut nyttast mot nazistisk barbari og åndstvang. Den «illegale» pressa vir ei slikt våpen — eit blenkjande sverd i mørkret.

# KVILTORP

Den løyndomsfulle staden.

M. E. 2 fortel:

Kviltorp innanfor Molde var dei fyrste krigsåra eit idyllisk og fredeleg landskap. Så tok barakene til å gje staden eit nytt andlet, og midt i krigen vart så dette lægret brått til eit stort mysterium. Tyskarane tok ein dag til å byggja eit 4 meter høgt plankegjerde kring heile dette lægret. Eit så høgt plankegjerde er noko utanom det vanlege, og vi som var med i Meldingstenesta skjøna straks at noko var i emning. Ingen ting mistenkte hende så lenge dei dreiv og bygde denne kjempehøge skigarden. Men den store inngangsporten var ikkje før ferdig, før det kom soldatar langvegs frå til denne staden. Soldatane held seg innanfor gjerdet, og dei fekk ikkje eingong forsyningane sine frå dei vanlege lagra, men det dei trong, vart henta langvegs frå og. Dette skapte for oss ein viss mystikk kring heile Kviltorp. Og kring dette plankegjerdet gjekk det alltid ein flokk vaktsoldatar, i tal det doble av det som brukte vera vaktmannskap for andre lærer. Og med eitt var det liksom sjølv Fannefjorden og vart dregen inn i mysteriet. Medan skip i tysk frakt på kysten før ofte hadde sokt inn i Fannefjorden for å finne trygg overnatting, hende det ein dag og alltid etter at ikkje einaste skip kom innom Moldegård meir. Det var liksom tyskarane ville få det til å sjå ut som om ingen ting hende der inne, Men folka våre var alt klår over at det var noko sers med Kviltorp-lægret.

Men det synte seg mykje godt uråd å finne ut kva som gjekk for seg der. Det var greitt at det var nye folk der inne, og ein fann snart ut at det var marinefolk, men noko meir var uråd å få greie på. Ein kunne ikkje koma i såpass samband med soldatane eller slikt som vart ført inn eller ut or lægret at ein fekk greie på feltpostnumret heller. Men ein dag lukkast det å finna ut det. Og det bar såleis til:

Ein tysk soldat kom til eit firma i Molde og skulle henta ol. Ol kunne utleverast berre mot tilvising, og på tilvisinga stod alltid feltpostnumret. Men denne soldaten ville ikkje ut med feltpostnumret, og han mätte køyra heim att utan øl. Neste dag kom han att og ekspeditøren som var ein av våre folk fekk til slutt ut av han feltpostnumret. Det var eit nummer ukjent her frå før. Ekspeditøren kom straks til å tenkja på

Kviltorp. Og då tyskaren hadde køyrt i veg med ølet, kasta han seg i all hast på ein sykkel og skunda seg innover. Han kom nett tidsnok til å sjå at den tyske soldaten svinga gampane sine inn på Kviltorp. Her var altså ein knute løyst, ein hadde feltpostnumret, og ein kunne arbeida vidare og finna ut kva slags oppgåve dei hadde som held til innanfor porten. Andre hendingar skulle bera til som skulle gjera denne oppgåva enno meir interessant for folkå våre. Såleis var det ein dag ein norsk sjåfør som fekk påbod om å køyra noko inn i Kviltorp-lægret. Han hadde fått passersetel av sjølvaste kommandanten i Molde. Men han var ikkje før koren inn for porten, før han fekk 4 maskinpistolar mot seg, han fekk straks bind for augo og såg ikkje dagsens ljós før han etter var ute på gata. Og då nokre norske ein gong skulle henta noko frå lægret, vart heile staden royklagt slik at dei ikkje skulle få sjå noko i kring seg.

Men då med eitt, ved eit reint tilfelle kom den store løyndomen for dagen. Ein av våre folk i Molde hadde eit arrend til Kristiansund. Men då han kom til Gjemnes, merka han at det der låg ein tysk landgangsbåt. No, ein tysk landgangsbåt var ikkje noko sersyn, jamvel på Gjemnes. Men det mannen vår festa seg ved, var at ikkje mindre enn 8 mann stod vakt på denne landgangsbåten. Det var noko uvanleg, for 4 mann brukte vera det vanlege. Dette at det stod dobbel vakt om denne båten sette mannen vår på den tanken at her ville eitkvart skje. Han gav difor opp ferda til Kristiansund og gav seg til på Gjemnes. Han brukte både augo og øyro, og vi veit at mangt øygnar mann som i nattmørkret ser.

Då mørkret fall på, kom tyske lastebilar til staden, og båtlemane lyfte seg. Den dyre lasten vart dregen på land: Einmannstorpedoubåtar! Ein og kvar vil ha høyrt korleis japanarane sende slike einmannstorpedoar beint i sidene på dei allierte slagskipa. Men einmannstorpedo-ubåtar på Gjemnes, det var då utanom alle landegrenser! Desse små, fárlege ubeista vart lest på bilr, dekt med presenningar og køyrt — til Kviltorp! Løyndomen kom for dagen, Kviltorp var ein samlingsstad for miniatyr-ubåtar! Litt om senn greidde ein å sjå bak dei løyndomstette veggane på Kviltorp. Av

## Då fylkesmann Utheim rømde.

Vi sit attmed peisen og minnest oppatt for kvarandre hendingar og opplevingar frå krigsåra. Fylkesmann Utheim er i godlag ,og medan han hygger seg med ei god pipe, let han oss få ein glytt inn i livet i London under V1 og V2 bombinga.

— Men, undrar eg meg, korleis hadde det seg at du måtte stikka av?

— Jau, seier Utheim, det er snart fortalt. Og då han hadde sett seg godt til rette i stolen og hadde stird drøymande inn i varmen ei stund, tok han til ords.

— Eg brukar å ta inn på Grand når eg er i Oslo. Kvar gong eg so var i Oslo under nazistyret, ringte Quisling ned på Grand til meg og gav ordre at eg skulle kom til han, han ville tala med meg. Men anten det var eg eller andre som tala med han, var svaret alltid det same. fylkesmann Utheim var ute. Quisling måtte ha skjøna at dette ikkje hekk rett i hop og ville nok ha hemn.

So hende det at då eg midt i november 1941 var i Oslo, vart eg oppvekt midt på natta. Hotell-gjenta fortalte at ein herre absolutt ville tala med meg. Eg ville vita kven det var, men herren vilde ikkje scia namnet sitt. Eg bad gjenta seja frå at eg ikkje ynskte nokon samtale med nokon ukjend herre midt på natta, og tenkte at eg med det skulle få vera i fred. Men den ukjende herren gav seg ikkje, han måtte plent tala med meg. Det var noko viktig, og namnet sitt kunne han

---

dei 208 mann som var der, høyrdie 98 til ein ser-skild sprengkommando, andre var ymse slags marinefolk, medan 30 mann utgjorde ein såkalla «dødsgjeng» og som tyskarane kalla «Mannschaf-ten für Kleinkampfverbände», og som her tyder mannskap til einmanns torpedo-ubåtar.

Dersom det hadde vorti invasjon, ville truleg ein stor alliert flåtestyrke ha prøvd å trengja seg inn Romsdalsfjorden. Slik tenkte nok tyskarane. Difor sende dei slike ubåtar til Kviltorp. Difor måtte dette haldast løynt. Men med grundig etter-rökjing lukkast det å trengja djupare og djupare inn i den tyske løyndomen. Kvar ubåt var omlag 8 meter lang, driven med ein Opel bensinmotor,

ikkje seja. Eg vart då noko forviten sjølv, stod opp og let herren koma inn. Det var noko mystisk ved mannen. Han kjende meg nok, men minnte meg om at eg ikkje måtte nemna til nokon det som han no fortalte. Han tok so til ords:

— Quisling har utført arrestordre mot deg, og du vil straks verta arrestert. Du må sjå til å koma undan. Men eg seier, nemn ikkje til nokon eit ord om dette møte.

— Ja, kva skulle eg gjera, spør Utheim. Arrestert ville eg ikkje verta, difor måtte eg sjå til å koma vekk.

Eg låg då på ymse plassar til eg hadde fått ein avtale med nokon som skulle hjelpe meg avstad. Eg skulle møta på Youngstorvet ein viss dag på eit gjève klokkeslett. Dit skulle det då koma nokon å henta meg. Eg fekk oppgjeve eit passord som skulle brukast.

Til fastsett tid møtte eg so på Youngstorvet, og gjekk der ei lita stund utan å sjå nokon merkeleg. Det fanst ikkje eit menneske å sjå nokon stad, og ingenting som kunne ha med bortføring å gjera. Det einaste eg såg der var ein mjølkebil, som stod borte ved gata, og den hadde inkje noko mystisk ved seg. Eg såg på klokka av og til og vart litt uroleg. Men då på minutten til fastsett tid kom det ein mann dukkande opp. Han kom ut av mjølkebilen, kom bort til meg, kviskra passordet og sa:

— Gå inn i mjølkebilen.

---

og bensintanken tok 140 liter. Framme i ubåten var eit akkumulatoranlegg. Når ubåten nærma seg skipet han skulle søkkja, var motoren slegen av, og akkumulatoranlegget kopla til, slik at ubåt-torpedoene var driven lydaust fram gjennom vatnet. Kvar ubåt hadde rom for ein mann som styrde, og som visste han sprang i filler saman med torpedoen og skipet.

Når invasionsflåten kom inn Romsdalsfjorden, skulle han verta varmt motteken av desse einmanns udyra. Stille som ålar ville dei då smyga seg ut gjennom Fannefjorden og spreida daude ikring seg, — dersom då ikkje allierte fly føreåt hadde sprengt heile Kviltorp i lufta.

Eg so gjorde, og bilen kom straks i gang. Ferda gjekk i kross og i krok, framom hirdmenn, politi og Gestapos til vi var ute av Oslo. Då vart kosen sett austover. Mørkret fall på, men bilen humpa på ukjende vegar austover, medan det dunka og skrall i mijølkespanna. Etter fire timars køyring stoppa bilen, og eg vart beden om å stiga ut. — Brått og uventa dukka det ein mann opp ved sida av meg.

— Fylg meg, sa han.

Og medan ratlinga av spanna og hostinga av motoren døydde av borte i ein vegsving, traska den ukjende fylgjesmannen min og eg bort i vårlei. Vi gjekk i nokre timer. Vegen førde over opne marker og gjennom skoglende. Snart fylgde vi ein veg, snart ein stig eller ei rås, stundom gjekk vi over marker eller eit jorde. Mørkt var det, og ufsyna ved novembernatt gjorde det ikkje lettare.

Brått opnar lendet seg, og vi kjem ut på eit ope jorde. Gjennom mørkret kan vi skimte noko som rører seg litt lenger borte. Kva er det? Menneske? Ja, det er tydeleg. Dei kjem mot oss. Er det fiendar? Alle slags tankar kjem for ein. So langt og ikkje lenger. Dei framande er komne heilt innpå oss. Det vert skift nokre ord, løyndeord, passord. Eg freistar sjå på dei framande. Det er ein heil flokk vi her er komne ilag med, folk som skal same vegen, folk som er jaga frå hus og heim, men som hadde kome seg undan mørkeseller og torturkammer.

Det er unggutar og eldre herrar kasta saman av lagnaden. Og der er damer av ymse aldrar. Dei er kledd som dei kom frå kontoret eller butikken, har silkesokkar på beina og høghela skor. Slik er dei komne gjennom mørkret og ulendet. Dei er frosne og våte etter den masute turen. Ferda går vidare mot aust, men det går seint. Det høver ille med høghela skor i ulendet, og damene er trøytte. Vi må kvila tild og ofte, men vi masar oss då avstad. Enno ti timer, enno ein time. Vi nærmar oss grensa. Ein halv time til, og so er vi berga. Men då brått og uventa høyrer vi ropa:

— Halt! Halt!

— Gestapo er der. To mann med maskinpistolar fer mot oss. Dei kom farande på sykkel frå ein sideveg og er over oss før vi veit ordet av. Vi har ingen ting å gjera anna enn å lyda. Og so ber det den tunge vegen attende. Det legg seg ei tyngsle over ein og kvar. Ein gestapo føre og ein etter, og so i midten denne verjelause flokken. Attende, attende. Alle veit kva det går imot. — Fengsel, pinsler, utpressingar, opprullingar, nye arrestasjonar, dødsdomar.

Vegen attende er og mødesam, og det vert sagt lite. Det er berre skrika frå dei tyske gestapos som skjer gjennom morgenstilla. Og dei er uhuglege nok.

Men best som vi er inne i ei lita skogtjukning, kjem noko uventa som ljós frå klår himmel. På eit gjeve signal smell det nokre skot, og brått er det vill skotveksling. Snart ligg dei to gestapos overmanna og avvæpna. Alt hadde gått så snøgt at ingen har fått tid til å tenkja seg om før det har hendt. Og ved eit under er ingen såra eller skoten. Det er mest som at ingen skjørar til fullnads kva som har hendt heller med same. Men brått går det opp for nokon kvar. Nye voner gjev nye utsyn, og heile flokken samlar sek kring dei to gestapos. Det vert halde krigsråd der ute i skogkransen. Dei fleste vil fella dødsdom over dei to gestapos. Men eg er imot det. Eg meiner at ingen kjenner vegen over til grensa betre enn dei to. Dei skal få syna oss tryggaste og snøggaste vegen. Og slik vert det.

Snart går ferda vidare. Dei to tyske gestapos kjenner det målet våpna talar, og dei går føre og viser veg. Og dei går der det er trygt for oss. For dei galdt det livet, so dei er spake.

Om ikkje lenge er vi kone til grensa, vi er over og berga. Men vi vil ikkje ha noko bry med dei to lenger. Vi tek frå dei syklane og bed dei gå attende. Og utan å seja eit ord lyder dei ordre. Skjemde og audmjuke traskar dei attende, visseleg fulle av hat, men utan syklar, väpenlause.

Opp vi vender austetter, lett om hjarta fjåg i hug. Framføre oss ligg fridomen.

# Ein spion gjekk i land.

*Sven Sømme fortel om korleis han kom seg unna klørne på Gestapo.*

Det hende mange merkeleg og gâtefulle ting under krigen. Mykje vil aldri koma opp i dagen, andre ting vil folk flest få høyra om, men kan skjønne ikkje skjøna. Det hende og mange ting som i seg sjølv var liketil og beint fram, men som bar til på ein slik måte at folkefantasiens vart sett i sving, og som såleis kom til å få noko gâtefullt og mystisk ved seg. Slike var det i Romsdal, slik var det alle stader. Men det mest gâtefulle som hende i Romsdal i krigstida, det som folk tykte var det mest mystiske av alt, var korleis Sven Sømme greidde å romå. Sømme vart førd ombord i «Hankø» i Molde, bunden med lekkjer til ein tysk vaktmann. Då tyske politifolk skulle ta i mot han på Andalsnes, fann dei han ikkje ombord. Vekk var han som sokken i jorda eller i havet, og trass i alt det tyskarane leitte, fann dei ikkje eingong far etter han. Det var då rimeleg at folkefantasiens kom i sving etter dette. Den eine gysja etter den andre gjekk bygdene rundt. Sune meinte han hadde bykst på sjoen, andre trudde dei hadde sett han gå i land på Vågstranda, sume meinte i Måndalen, andre i Innfjorden. Atter gjekk det ord om at den tyske vaktmannen skulle ha fått noko i drykkens slik at han sovna av. Og ordet gjekk....

Sumaren 1946 gjekk soga om korleis Sømme kom seg unna i avisene landet rundt. Med store overskrifter kunne ein lesa at Sømme hadde vorti jaga av blodhundar og kom seg unna på ein sers dramatisk måte. Det vil vera bra at folk får vita kor likefram og endetil dette gjekk for seg, og Sømme har vori så gild å svara på dei spørsmål eg har gjevi han. No kan difor lesarane få høyra kva Sømme fortel.

— Korleis gjekk det til at De vart huka då?

— Jau, eg vart teken på fersk gjerning den 18. juni 1944 medan eg var i ferd med å fotografera tyske militære støde.

— Kva gjorde så tyskarane med Dykk?

— Fyrst vart eg førd til Molde. Dagen etter, den 19. juni om kvelden, vart eg så førd ombord i «Hankø» bunden med lekkje til ein tysk vaktmann.

— Vissste De kvar De skulle av?

— Nei, ikkje det. Tyskaren sa eg skulle til

Dombås for tysk krigsrett. Eg skulle også skytast, sa han.

— Kva hende så vidare på denne undersferda Dykkar?

— Eg vart førd ned i ein lugar. Komne dit, gjorde tyskaren seg fri og lekkja hendene mine saman under høgre kne. Slik somma eg då om ei stund. Etter at båten hadde gått i frå Molde, vekte vakta meg. Han ville gjera det noko betre for meg, og difor la han beina mine opp på ei skåpdør. Eg bad han då ta av meg skorne, slik at eg kunne få setja meg opp i sofaen. Han gjorde det, og såleis sovna eg. Ei tid etterpå vekte han meg att og tok av meg handjarna slik at eg skulle få strekkja meg ut. For tredje gong fall eg så i svevn.

Kor lenge eg hadde sovi, veit eg ikkje. Men eg vakna avdi nokon gjekk i døra. Det var truleg styrmannen som gjekk over lugarane etter at vi var komne til Andalsnes. Då sat vakta ogsov, rett opp og ned, hoka på magen. Døra var ikkje læst.

Dette var naturlegvis min store sjanse. Eg hadde synt ei eksemplarisk framferd for å få tyskaren slo, og det hadde lukkast meg. Han hadde og fortalt meg før på kvelden at han hadde vakt 2 netter før, så dette var den tredje.

— De hadde altså rømingsplanen greitt for Dykk med same då?

— Ja, men eg rekna med å mætta gå til Sverige, og utan hjelp den fyrste tida til eg kom til kjensfolk i Eikisdalen. På ein blunk samla eg saman sakene mine. Eit brød, ein liten pakke smørbrød, skorne, hatten, men eg let alt anna liggja fordi det mest ville vera til meinke for meg.

No, eg likte ikkje den tanken å verta skoten i døra når eg gjekk ut. Eg ville dessutan ha ei visst overslag over kor lang tid eg kunne rekna med som forsprang. Difor ville eg gjerne finna ut kor hardt tyskaren sov. Eg sa då til han: «Ich möchte austreten!» (Eg vil gjerne få gå ut). Ikkje svar. Så det same ein gong til, men mykje høgare. Ikkje svar no heller. Eg tok så noko papir og tuska det i hop framfor nasen på han. Men han sat nett som før. Eg rekna med omlag to timer forsprang, og «trat stille aus». (Gjekk stilt ut).

Til dekket opp på 1. plass er det to dører. Båe var stengde. Eg prøvde så vindauge i dame- og herre-saløngen. Dei var skrua inn i mahognyråmer og var ikkje å rikka. Der stod eg hjelpelaus. — Vonbronot gjekk eg då ned att og skulle setja meg inn til vakta att. Eg rekna med at eg kan-ske skulle få ein ny sjanse på toget dagen etter. Før eg rett sansa meg stod eg framføre ein lang gang — gangen til 2. plass. Han var open. Fyrst tumla eg inn til ein rasande maskinist som svor og let ille avdi eg uroa han. Utatt deritrå. Var klår over at fleire feilsteg og mistak kunne syda sjansen min. Men så fann eg vegen open til dekket. Der stod styrmannen og lossa varer, og tysk vakt på kaia natt der eg skulle stiga i land. Styrmannen, ære vere han — kjente meg visseleg att, for han hadde tilvist oss lugar i Molde. Men den tyske vakt! Her kunne det bli noko til spel. No var gode råd dyre. For å slekke lettvintr framom den tyske vakta på kaia, vifta eg venleg til styrmannen og sa noko slikt som «Ha det så bra då!» Styrmannen smilte og svara noko liknande og medan vi vikkja hyggjeleg til kvarandre, gjekk eg like framom nasen på kaivakta og opp i byen. Eg visste ikkje då at vakta var ein av ei patrulje som var komen og skulle ta over vakthaldelet og vidaresending av meg. Ei stund etter at eg var komen på land, gjekk patrulen ombord og sa til styrmannen:

— Det skal vera ein norsk fange ombord. Kvar er han?

Og styrmannen svara: «Lugar nr. 4.»

— Ja, dette høyrest då liketil ut, men ukjend som De var på Åndalsnes, så måtte det vel vera vanskars, for De kunne då ikkje vita kvar De skulle ta vegen?

— Eg var klår over at eg ikkje kunne ta vegen opp Romsdalen, for der ville heile lendet bli gjennomtrala. Difor lèi eg leia innover Isfjordsvegen, for på det vis ville det ikkje gå mange hundre meter før eg nådde skoggrensa.

— Men var det ikkje tyske vakter som kunne viija hindra Dykk då?

— Eg passerte ikkje mindre enn 5 tyske vakt-postar, men ingen visste noko enno. Eg rekna sjørvsagt at tyskarane ville nyitta bikkjer til å leita meg opp. Og då eg var komen innom alle hus inne på Nesstranda og kom til ein bekk, gjorde eg brått eit tverrkast på meg og hoppa frå midt på vegen og ut i bekken. Eg fylgde så bekkefret opp lia, og gjekk sidan etter bekkjer det meste av dagen. Kom eg til ein snøklast, klartra eg over i trea så mykle eg ikkje skulle setja far i snøen. Slik gjekk eg heile dagen, frå kl. 2 om

natta til utpå kvelden. Eg hadde trena heile våren med det syn for augo at eg kanskje måtte røma ein dag, og eg var i glimrande form og i topphumør.

— De fann rette vegen over til Eikesdal då?

— Nei, det var ikkje lett. I skodda kom eg på avvegar og tulla opp i Vengedalen, var eit stykke opp i Romsdalshornet, og sidan for eg så langt oppunder Vengetindane som eg kunne få fotfeste, og så ut Vengesdalen att. Over Kvandalen kom eg så over i Erstaddalen. Her råka eg folk, men då eg ikkje utan vidare sette lit til dei, gjekk eg vidare. Eg braut meg inn i ei hytte og kvilte eit par timer. Der var nok av opne hytter, men eg fann det tryggast å kvila i ei med eit stort hengjelås utanpå.

Utpå natta gjekk eg vidare. Det var natt til 21. juni.

— De såg ikkje meir likt til tyskarar då?

— Nei, ikkje det. Men straks etter starten vart eg «teken til fange» av ein hjelpepatrulje, utsendt av dei folka eg hadde tala med. Det var Ragna, Karl og André Værås. Ragna tok meg til fange. Dei hadde med mat og turre klede til meg. André bytte skor med meg straks, då mine var heller dårlige. Og så tok dei vare på meg i ei utløp i 5 dagar til helga kom, og kjensfolk kunne fylgja meg over fjellet.

— Korleis gjekk då turen vidare?

— Vi hadde ein festleg tur over fjellet. Arne Randers Heen, Hans Dahle og André Værås var kjentmenn. Arne kunne og fortelja meg at røminga mi hadde ført til ein ny arrestasjon på Åndalsnes. Og det var sjørvsagt ein stor mink i gleda.

I Eikesdal tok Nikolai Finset hand om meg, like raust som isfjordingane hadde gjort.

— Men De gav Dykk vel ikkje til i Eikesdal?

— Nei, seinare vandra eg då over fjella mot aust. På Sollia tok vener i mot meg på ein strålande måte. Bron min var der. Han hadde reist fra Halden for å halda seg unna straks han høyrd eg hadde rømt. Der oppe låg eg då i telt ei tid, to telt forresten, eit utanpå det andre, alt kamuflert med tre som var hogde og fluttet.

— De hadde det vel betre enn rømlingar pla ha det då?

— Ja, eg hadde det framifrå godt her i landet, og ikkje mindre bra i Sverige. Der borte råka eg elles att kona mi. Ho var komen over 14 dagar føre meg. Mange av familién var komne over dit, så vi talde i alt sju.

— Men De stoppa ikkje i Sverige, etter som det spurdest?

## Russarane på Vågstranda.

Denne soga vart fortald av ein tysk underoffiser, og ho er sunn:

Nokre tyskarar vart ein gong i 1943—44 sende ut for å saumfara og mæla breidda av alle bruene på den nye Romsdalsvegen Andalsnes—Alesund. Lagnaden gjorde då at dei kom på Vågstranda, og om no vågstrendingane just ikkje var dei som tukla mest med tyskarane, så hadde dei då ein mektig mann: David, som budde på Reistad og var herse i namnet å Quisling og Hitler. Det vart difor berre naturleg at Hitlers sendemenn tok inn hjå Hitlers årman, David på Reistad.

David på Reistad var mykje fegen for vitjinga og held ei stor veitsla og det vart eti og drukki mykje.

So nemner soga at fram på natti vart dei alle dette til siims. Då stod David herse opp frå sesen og tala til sine germanske frendar. Han tala lenge og vel om kor ille det stod til i riket før Hitler kom nordmennene til hjelp og jaga utor landet dei engelsksjuke og dei raude bolsjevikane.

— Her på Vågstranda, sa han, var det ved siste stortingsval ikkje mindre enn 65 % bolsjevikarar. Hitlers sendemenn greip hardt om sverdhjaltet då dei høyrdde om bolsjevikarar på Vågstranda, for dei hadde alltid høyrt at bolsjevikane var verre enn ville dyr, medan Stortinget var noko det skulle brukast bomber på.

Dagen etter drog sendelaget øre i hug attende til Andalsnes og melde frå til löytnant Philipp, som hadde sendt dei, at det var mange russarar på Vågstranda. Löytnant Philipp var og lært opp i den rette trua at ein bolsjevik er ein russar, og ein russar er ein bolsjevik. Han let meldinga gå vidare, og så seier sogemannen min at denne oppdaginga kom straks generalen for gyro. Han let senda herpil til Andalsnes, og Feldwebel X fekk med seg ein stor styrke og skulle fanga alle russarar på Vågstranda daude eller levande. Og heile Vågstranda vart no gjennomskøkt, frå hus til hus for

Hitlers hermann og leitte etter «die Russen». Men dei fann berre vågstrendingar, og dei såg ikkje ein einanste som hadde noko asiatisk med seg. Feldwebel X hadde gledd seg på ei stor fengd, og før han for, hadde han fått lovnad på at dersom han kom att med mange russarar, skulle han få ein mānads heimlov. Jarnkrossen og attpåtil skulle han stiga til löytnant!

Stakkars Feldwebel, han for langs heile Vågstranda og leitte og såg. Til slutt enda han inne i Måndalen, og han spurde seg fram til lensmannen. Dei ville ha greia på kvar «die Russen» held til. Men lensmannen i Måndalen hadde aldri høyrt at russarane hadde busett seg på Vågstranda. Han visste ikkje om andre utlendingar som hadde sett bu på desse kantar enn ei tysk professorfrue som hadde komi til Måndalen ein gong i trettiåra og som framleis budde her.

Feldwebeln trudde ikkje lensmannen og var glad å høyra at det var ein tyskar dei kunne spørja om hjelp. Men den tyske professorfrua visste like lite om russarane på Vågstranda som lensmannen, og skamfull i hug kom Feldwebelen attende til Andalsnes med heile styrken sin. Han var ikkje høg i hatten då han steig inn til löytnant Philipp og melde om utfallet av turen. Löytnant Philipp såg ut til lufta ei stund og såg føre seg korleis denne meldinga ville gå frå offiser til offiser til ho endeleg nådde generalen, og korleis kvar av dei ville kjenna det heile som ei hæding av den tyske hermakta. Dei einaste orda han fekk fram var: — «Kva har den fordømde quislingen på Vågstranda tulla med!»

Feldwebeln fekk ingen permisjon og vart ikkje löytnant. Då han hadde fortalt soga, så han:

— Kva bryr eg meg om russe på Vågstranda. A! kunne eg berre få reisa heim til Tyskland ein mānads tid!

No har han fått det ynsket sitt oppfylt og.

---

— Nei, i september kom eg over til England, og der fekk eg verkeleg stor vyrdnad og age for kor hugheilt alt folket gjekk inn i arbeidet for å vinna siger.

— No, eit spørsmål til slutt. Det har vorti fortalt at tyskaren som De rømde i frå skulle ha fått noko i drykkjen sin, kjenner De til det?

— Nei, men eg har høyrt det same. Tyske lækjarar skulle ha pumpa han for  $\frac{1}{2}$  øl som han skulle ha drukki. Dei trudde vel han hadde fått sovetablettar i ølet. Men alt dette er framant for meg.


Mi meinig er at tyskaren var overseg trøytt, og dette gjorde at eg kom meg unna.

# Dei tyske styrkane i Romsdal.


Desse tala gjeld for styrkane den 25. april 1945. På sume stader var nok styrkane større til sine tider tidlegare i krigen. På Gossen var det såleis ei tid over 3000 mann, i Grytten var talet på soldatar i 1942–43 kring 2000, og på den viktige ferjestaden Åfarnes var talet på vaktmannskapet fyrstnad i krigen 75, men det minka ned til 6 sist i krigstida. Tyskarane flytta troppane sine støtt og stendig, og det var eit utal med kjenneemerke å halda greie på. For å villeia spionar hende det og at når høgre offiserar var på ferd, bytte dei regiments- eller kompaninummer på skulderklaffane. Men ein ting var å få greie på kva våpenslag og styrketal som låg på kvar plass, ein annan ting var å få det store oversyn over alle herstyrkane i Romsdal. Det kunne sjølv sagt berre dei få som til kvar tid fekk meldingar om styrkar og tropperørsler. Og det lukkast etter mykje arbeid for M.E. 2 og M.E. 1 å trenge til botnar i den løyndomen som vi kan kallu skipna-

den av dei tyske herstyrkane, med alle deira bokstav-, figur- og talnumreringar.

Men korleis den norske Meldingstenesta var organisert, og kva arbeidsmåtar ein brukta, det skal framleis vera ein løyndom. Og når det gjeld Romsdal, kan ein vel og seia at den tyske kontraspionasjen ikkje greidde å rulla opp ei einaste grein eller gruppe av denne organisasjonen. Rett nok var nokre mann frå Romsdal (Aukra, Åndalsnes) tekne av tyskarane, men den eine kom seg unna på ein mykje underleg måte, og den andre held tett. På den tid dei vart tekne, var og det meste av dei tyske forsvarsstøda i Romsdal frå seg bygd, og tyskarane stod alt i 1944 budde på å ta imot invasjonen. Det kom ingen landgang, men det er grunn til å tru at dei allierte stabane i London kjende dei tyske støda i Romsdal, ja, i heile More og Romsdal, like godt som tyskarane sjølv. Grunnen til dette var vel at det lukkast Meldingsstenesta i Romsdal å få tak i sjølvaste dei tyske



ANDALSNES. Militærkart. Eit av dei bileta dei norske heimefront-folka teikna av militære område i Romsdal.



### AUKRA FLYPLASS.

Tysk militærkart over Nordvest-Gossa. Krosslinene er startbanane på flyplassen. Dei små ringane kring på øya er bunkers og forsvarsstøde. XU-folk henta kartet av det tyske panserkvelvet på Åndalsnes i februar 1944, ved hjelp av estlender i tysk teneste.


militærkarta for heile Møre og Romsdal. Men utan dette hadde medlemane av organisasjonen her kartlagt Romsdal så godt at det knapt trengdest betre. Det arbeidet som vart gjort her fekk og vellete på høgre hånd. Ein tenestemann ved den norske spionsentralen i Stockholm fortalte meg at Møre og Romsdal stod som ein god nummer 1 når det galdt spionasje og meldingstenest.

Det oversynt over styrkane som no fylgjer, har eg fått av M.E. 2. Numra på dei militære støda i lista, svarar til numra på oversynskartet over Romsdal.

1. VEVANG, 85 mann. 45 artilleri, 30 infanteri, 4 W. L. (Herens luftvåpen) 6 sambandstroppar + 5 sambandstr. på Kvitholmen.
2. FARSTAD. 40 mann H.K.A. (Herens kystartilleri), samband, inf.
3. BUD. 141 mann. 100 H.K.A. 8 WL, 22 innf. 11 marine. ONA: 8 mann vakt.  
*Kjeksa: Radarstasjon, vanleg kystvarsling.*
4. MALME i Fræna, 130 mann, av desse 100 inf., 30 art., 4 batteri.
5. GOSSEN. 1031 mann. Tre hovudstøde: Tangen, Gossen Nord og Gossen Midte. På alle tre HKA. 305 art., 625 WL.  
*Flygeplassen: 65 samband, 260 flygarar, 35 Organisasjon Todt.*
6. BJØRNSUND. 8 mann, kystvakt.
7. HARØYA. 20 mann WL. Signalstasjon.
8. JULHOLMEN. 40 marine. *Torpedoutskytningssstasjon.*
9. JULNESET. 110 mann marine. Marinebatteri (M.A.A. 505).
10. GEITAPINA. 25 marine. Minelager.
11. UTSTILLINGSPLASSEN. Molde. 110 marine. Marineforlegging.
12. FJERLIMARKA (Mellom Utstillingsplassen og Littlevika) 50 Marine Nachrichten Offiziere (Meldingsoffiserar for marinen). Radiostasjon.
13. REKNES SANATORIUM (ved stranda nedanføre) Hafenschutflotille (Litén flatestyrke til vern for hamna).
14. ROMSDALSMUSEET. 130 inf. Staben for bataljonskommandoen + eit kompani. Lager.
15. MOLDEGARD. 75 mann art. (Marinelager. Ausrüstungslager, Pferdpflegungslager, Sprengstofflager).
16. KVILTORP. 208 marine. 98 høyrd til sprengkommandoar, 30 var ein dødsgrjeng. Ei sambandsdeild av feltpostnr. 18021.
17. BEKKEVOLL. 30 inf. Hestestallar.
18. CICILIENFRYD. 110 mann inf.

*KRIGSKART OVER ROMSDAL.*

Dei tyske militære støde i Romsdal i april 1945. Mannstalskate for dei ulike støde finn ein i styrket; Dei tyske styrkane i Romsdal.



# Litt om korleis heimestyrkane i Molde vart til.

Fortalt for «Romsdal i krig» av sjefen for H.S. i Molde,  
SIVERT EIKREM.

Både i 1943 og 1944 hadde det vorti gjort fleire freistnader på å skipa milorg-grupper i Molde. — Men dette var liksom spreidde tiltak, og, ein kan vel seia, utan noko sams leiring og utan fast skipnad. Desse gruppene vart då for det meste opprulla før dei eigentlege var skipa. Sanninga er vel at ein i den tida var for blåøygd, ikkje visste av røynsle at ein kan ikkje vera for varsam, og heller ikkje rekna ein med negative kontaktar og Rinnanske blodhundar. Men ein lærde då litt av arrestasjonar, og ein trengde vel og inn i såkalla Gestapo-taktikk, slik at ein betre visste korleis ein skulle fara fram i dei ymse tilfelle.

I årsskiftet 1944–45 var distriktsjef for H.S. Ålesund, Helge Hagen i London, og etter dette vart det ny kontakt med Molde. Ein kom då til den avgjerd at det skulle skipast ein fast militær organisasjon i Molde, og ein ville det då slik at eg skulle gå ut or Meldingstenesta (XU) og styra

med denne organisasjonen. Og ein kan vel seia at kring 1. mars 1945 var H.S. i Molde ein fast oppbygd organisasjon. På stutt tid hadde ein 5 lag, kvart på 10 mann, dessutan hadde ein 20 mann på Istad. Desse laga hadde då sine seroppgåver. Eit lag hadde til oppgåve å ta seg av Storkaia, eit hadde Telegrafen, eit tredje skulle halda tilsyn med oljeanlegg, vidare skulle eit ha til oppgåve å sjå etter Bolsjenes Verft, Fuglset, og dei tjuge mann hadde å ta hand om Istad Kraftverk.

Når det gjeld våpen, så er det greitt at desse måtte koma utanfrå. Våpna skulle koma med båtar, og for oss vart det då å skaffa lagerplass og få våpna velberga dit. Meininga var då at vi skulle senda ein båt ut i skjergarden for å henta inn sakene frå eit større skip som kom beinveges frå England. Og ein kveld kom sermeldinga i radioen: «Hanen galør». Det tydde: Båten kjem inn i mørkring i morgen kveld på den staden som

- 
- 19. MOLDE (sjølve byen) 1858. Av desse 508 marine, 750 hørde til heren, og ombord på båtane på hamna var 600. Regimentskommandoen i Molde på Astrild.
  - 20. OLJEBERGET. 30 marine. Batteri MAA 505.
  - 21. IDROTTSPLASSEN. 30 HKA a975. Regimentsstab.
  - 22. FRÆNAVEGEN. (Læger oppføre Moldegård) Regimentsstaben for pionerar.
  - 23. FUGLESET. 135 mann. 75 art. og 60 pionerar.
  - 24. ÅRØ—EIKREM: Forsvarsline frå sjøen til fjells. Ved denne linja skulle byen forsvaraust mot åtak frå aust.
  - 25. LEGROVIKNESET. 50 mann. Pionerar og inf. *Minesperring*.
  - 26. BJØRSET: Forsvarsline frå sjøen til fjells, ved Treskjerarskulen.
  - 27. GAUSET, 15 inf. Vakt.
  - 28. KLAUSET. 30 marine. Stor bunkers. Torpedoutskytningsstasjon.
  - 29. REKDAL. 50 art. Batteristøde HKA.
  - 30. ØVERAS. 21 batteri av HKA. 118 art. 22 russiske fangar.
  - 31. VESTNES. Bataljonsstaben for Kystartilleriet. 35 art.
  - 32. SEKKEN. Vedalshaugen. 80 art. HKA.
  - 33. KALVENESET. 70 art. HKA.
  - 34. ÅFARNES. 6 mann, vakt.
  - 35. FRISVOLL. 6 mann (Eid)
  - 36. KLUNGNES. 5 mann.
  - 37. ANDALSNES: Vangen. 342 inf. B5730.
  - 38. ANDALSNES: Neshagen. 112 ing. A5730.
  - 39. VEBLUNGSNES—Setnesmoen: 150 mann III /Gren, Reg. nr. 516.
  - 40. MJELVA. 110 Artilleri.
  - 41. PARK HOTELL. Artilleristaben. Pionerar.
  - 42. SOGGE med Åkesreiten 140 mann. Artilleri og pionerar.
  - 43. NORA—HALSA. 30 inf. og art.
  - 44. ROMSDALSHORN. Intendantur 15 mann. Transportdeild.
  - 45. MARSTEIN. 34 pionerar. Lager av ammunisjon og miner.
  - 46. VERMA. 70 mann pionerar.
-




Foto: Kirkhorn.

*Storgata i Molde etter bombinga.*

er avtala. Denne gongen hadde vi likevel ikkje lukka med oss. Det sette inn med storm, retteleg uver. Båten vår kom seg ut i skjergarden, men fann ikkje våpenskipet og måtte gjera vendereis klokka 12 om naatta. Skipet vende attende til Shetland, men det kom attende to nötter etterpå og lossa våpna, som då vart sende til Alesund. Vi fekk dei så derifrå.

Fyrste sendinga hit kom med ein av fylkesbåtane i ein kasse merka «Maskindelar», og kassen var adressert til ein motorfabrikk i Molde utan at dei som hadde fabrikken visste om det. Kassa vart så snappa opp på eksedisjonen i Molde, slengt opp på ein lastebil og avstad gjennom Moldegateene bar det. Men Moldegateene var trонge og det tyske politiet tok stor plass, så det var ikkje under det dreiv og skulle gå gali. Oglagsjefen som stod for transporten, fekk røyna nervane sine for fyrste gong. For då bilen skulle framom Torget, kom ei kinokø som heilt stengde for utsynet over gata, og før ein visste ordet av det, ruva tyske politihjelmar opp over mengda. Det var tyske politioffiserar på passkontroll. Alle som kom ifrå kaia måtte syna fram pass, så dette såg ut til å høva bra. Tyskarane saumfor passa og tok til å kika på våpenkassa. Då tyktelagsjefen at det var på sin plass å syna tyskarane litt vyrdsmed, han vende seg til tyskarane med høvisk tiltale, og for fyrste og siste gong i sit liv bukka han djupt og undergjeven og sa «Guten Abend!» (God kveld). Dette

var nok. Dei gløymde å sjå meir på kassi, undra seg berre over at nordmennene kunne vera så høviske, og let bilen få køyra vidare.

Ja, dette var fyrste ammunisjons- og våpenkassa. Resten av våpna kom over Ørskogfjellet på bil og vart henta med motorbåt på Rekdal.

Men det galdt då å lata kvar einskild få øva seg i å brukta våpna, ja, kanskje fyrst og fremst at kvar ein fekk læra å handsama dei ymse våpen. Når det galdt øvinga i å brukta pistol, så gjekk ein gjennom dette nede i byen. Men dei større våpen, slik som stenguns og maskin gevær vart borne til fjells. Der held ein då instruksjonskurs i sæterfjøs og hytter, og skytingsøvingar gjekk for seg så langt vekk at ingen tyskar kunne høyra det.

Når så dagen kom, stod desse styrkane vel budde. Men oppgåva vår var ikkje å føra krig om bunkers og skyttargraver. Vi skulle alle vera tryggingsstyrkar. Dei allierte hadde rygsnle for korleis tyskarane sette att såkalla «sprengkommandos» på dei stader dei måtte dra seg attende frå. Desse «sprengkommandos» hadde til oppgåve å øydeleggja alt som dei allierte ville få bruk for straks dei kom, eller rettare alt som var livsviktig for dei allierte. I Molde hadde og tyskarane slike øydeleggingsskommandoar. Ja, dei hadde til og med halde øving i korleis dei skulle sprengja Storkaia. Og under Storkaia hadde dei lagt ikkje mindre enn 150 flybomber, og det hadde vori haldi øving i å leggja ut elektriske kveikjingsleiinger.

# Russaren i høgfjellet.

Av Arne Randers Heen.

Det var julafstan 1944. Eg hadde funni fram radioen for å høyra dagsnytt frå London. Mitt illegale arbeid gjorde at eg laut høyre på radioen i «embets medfør», men det var vanskeleg å halda løynt for dei andre i huset at eg hadde radio, og no då London skulle senda eit gildt juleprogram, skulle vi alle gleda oss til å høyra det. Då vi så vidt var ferdige og eg hadde fått gjøymt radioen, høyrdest bråk av tyskarar ute i gangen. Fyrst glødde den tanken gjennom meg: «No kjem dei og tek meg att. Kanskje hadde noko vorti oppdaga, eller nokon kunne ha hørt tonen frå radioen....»

Fyrst tenkte eg å stikka av. Ei av kvinnene i huset gjekk då ut og skulle høyra kva som stod på. No, nokre russarar hadde rømt, og då eg skjøna det ikkje galdt meg, gjekk eg ut og prata litt med tyskarane. Fire russiske krigsfangar hadde rømt frå fangelægret i Isfjorden, og no vart det ransaking i dei nærmaste husa.

Dagen etter, juledagen, kom eit brev til meg frå frk Anna Værås, som budde fremst i Dalsbygda i Isfjorden. Ho bad meg koma framover straks. Det var komi ein framand dit, og dei visste ikkje kva dei skulle gjera med han. Eg skjøna med ein gong samanhengen. Eit slikt brev hadde det komi året før. Då hadde ein norsk rømling komi inn i same huset, og eg hadde vori kjentmann for han over fjellet. Eg drog difor framover om ettermidagen. Vegen førde framom det tyske fangelægret, og straks eg hadde det bak meg, møtte eg tre tyske vakter. Dei kom med ein russisk fange

mellom seg. Det slo meg at no hadde dei fått tak i russaren og skulle ta meg av. Eg gjekk likevel framover, og frk. Værås kunne fortelja at russaren hadde komi inn til dei seit julafstan. Dei hadde ikkje visst korleis dei skulle fara åt, og hadde fylgt han fram i ei høylo. Det galdt no å finna ut korleis ein skulle gjera dette. Saman med André, bror hennar, gjekk eg framover Erstaddalen til utleia. Den fyrste snøen hadde nett falli, og då vi var redde at det skulle syna far etter oss tok vi ein stor omveg og kom til løa frå ein annan kant. Russaren var som sokken i jorda. Vi ruska i høyet og ropa, men ingen russar syntte seg. Vi kunne ikkje finna far bort frå løa, og vi tenkte russaren måtte ha dregi sin kos tidleg om føremiddagan før snøen hadde falli, og eg mente at det måtte vera same russaren eg hadde mott saman med dei tyske vaktene. Vi gjekk heim att. Etter avtale skulle André ringja til meg om russaren syntte seg att. Han skulle då nemna eit visst ord som skulle tyda: Kom fram over att.

Dagen etter kima telefonen, og ordet vart nemnt. Så bar det atter framover. Fangelægret låg attmed vegen, og eg tala med ei av vaktene. Vakta kunne fortelja at tre russarar enno var på frifot. Då eg spurde kva som ville verta gjort med slike fangar dersom dei vart tekne at, og om dei ville verta skotne, sa han at dei ville verta sende til ein annan stad og få hardare medferd. Ingen vart skoten som gav seg over friviljug.

Eg råka André på ein avtala stad, og vi tok

---

Det vi skulle gjera i tilfelle invasjon, var då å gjera om inkje slike små sprengkommandoar, øydelæggja kveikjingseiingane osb.

Men det kom ingen invasjon — det vart kapitulasjon. Og då vart oppgåva vår ei heilt anna. Det fyrste som var å gjera, var å overta polititenesta.

Politiet i Molde hadde vorti nazifisert. Det var berre ein av den gamle gurde, nemleg Helge Holst,

og han var det no heimestyrkane måtte hjelpe med polititenesta. Det galdt no å ta si hand om nazistane, vakta på dei tyske lagra og lægra, og halda oppe ro og orden.

Styrkane som før hadde vori berre på 70 mann, aukar no til 300. Dei fleste av desse gjorde då teneste til dei militære vaktstyrkane tok over den 1. august 1945.

same ruta som førre dagen. André fortalte at han hadde vori der framme om morgonen, og då sat russaren i høystålet. Han hadde vori i lø heile tida, men av otte for tyskarane hadde han gravi seg heilt ned på botnen av høystålet. Han hadde vori så trøytt at han hadde sovi og hadde ikkje hørt oss dagen før.

Diverre kunne russaren berre nokre få tyske ord, så det var vanskeleg å skjøna einannan. Men ute tyktest vera klært at han ville dra til Sverike med same. A peika ut noka rute over fjellet til han var heilt uråd, og å tenkja seg å dra over dei vilaaste Romsdalskjella no svartaste vinteren var beint ut det same som sjølvomord. Men han kunne heller ikkje verta i Dalsbygda til krigen vart slutt, for tyskarane held dagleg øvingar der framme. Eg freista å få han til å skjøna at det einaste fornuftige ville vera å venna attende til fangelæret. Eg fortalte kva vakta hadde sagt, og trudde han ville sleppa frå det med livet. Men det var lite nytte i å tala til han, og vi fann ut at han matte vera der han no var til vi fekk høyra korleis det gjekk med dei andre som var rømt. Vi gav han sa all maten vi hadde med og bad han halda seg i ro og gøyma seg godt dersom det kom framande. Dette synte seg å vera naudsynleg, for alt dagen etter leitte tyskarane med kjentfolk like fram i dalbotnen, men dei fann til all lukke ikkje elveovergangen til den andre sida der lø låg.

Då eg kom heim den dagen, fekk eg greie på at den russaren som dei to tyske vaktene hadde komi med dagen før, hadde fått ei forferdeleg medferd og hadde vorti avlivaa. Dei to andre russarane hadde hamna framme i Grøvdalen. Der hadde dei teki inn på ein gard, og skulle nett til å fa seg mat då tyske soldatar brått kom sturtande inn. Dei hadde ingen sjanse til å koma seg unna. Dei vart bakbundne med streng, og ført ned til læret. Etter ei fæl mishandling vart dei slengde på ein lastebil og køyrt utover mot Åndalsnes. Eit stykke ute i Nesstranda stoppa bilen. Folk høyrdie fleire skot, og etterpå syntet det ein blodpol på vegen der bilen hadde stansa. Vaktene hadde skoti desse russarane med dei sat på lasteplanet. Like vart så køyrdie til «Russarkyrkjegarden» på Setnesmoen.

Men blodpolen fraus fast i isholka på vegen inne i Nesstranda, og var lenge synleg som eit raudt uhyggjeleg minne om dette skjemdarverket.

Det var med tungt hjarta eg så neste dagen lurde meg fram i lø att, og med ord og faktar freista forklara russaren korleis det hadde gått

kameratane hans. No var for denne stakkaren ingen veg attende, og spørsmålet vart kvar vi skulle gjera av han. Vi tok ein tredjemann, Ingvald Moldsvor, med på råd, og det vart lagt ein plan. André og Ingvald fann no ut at dei skulle hogga noko tommer framme i ei fjellside, men i røynda sa gjorde dei ikkje det, dei var heile tida i sving med å byggja ei barhytte opp i Kvandalen, ein sidedal til Erstaddalen. På hytta vart lagt eit telttak; barskat og snø vart så slengt oppå og alt gjort så usynleg som mogleg. Om ei veker tid fekk sa russaren ta med seg det sengabolet han hadde legi i og var flytta opp i villmarka. Der var han i alle høve trygg. Og han fekk med seg mat for tre veker og fekk pabod om å halda seg releg til alt hadde stilna.

Vi skjøna da snart at han ikkje kunne greia seg der vinteren over, og såleis kom vi til a tenkja på at kunne vi greia å få han opp i Middagsfjellsbytta, ville han kunna halda ut vinteren igjennom. Denne hytta ligg ved osen av Middagsfjellvatnet, beint over dalen mot dei kjende Vengjetindane, og er vel om vinteren det mest utilgjengelege huset i landet. Det er ei lita fiskebu, bygd av stein og tre, med omn og sengestad, og vi skjøna at dette ville vera mykje betre hus enn den hola han no held til i.

Fyrste sundagen i januar vart det så gjort ein freistnad på å få russaren opp på fjellet. Men då bar det nett til med eit umåteleg utevær med storm og snødrev, slik at ein måtte snu med same ein kom opp på høgfjellet. Russaren måtte då etter krypa inn i hola si og fekk ordre om å halda seg der til veret betra seg. Men dag kom og dag gjekk, og vertilhøva vart jamt verre, med storm og snøfall innimellom. Vi vart difor ottefulle for russaren. Han kunne både svelta og frysa i hel. Då det så lei ut i tredje veka, drog vi atter avstad og skulle freista få han opp på Middagsfjellet.

Vi tok ut frå bygda, før det vart ljost, slik at ingen skulle sjå kvar vi sette kosen. Det syntet seg at det vart vanskeleg å finna att barhytta, for snødrevet hadde gjort ukjenneleg heile landskapet. Dei to byggmeistrane hadde teki seg godt med då dei bygde, og tok derfor til å grava i snøhaugane der dei trudde det var. For meg var det elles reint utenkjøleg at det kunne vera nokon levande skapning under snøen. Brått sokk ei ski ned i eit tomrom. Med febrilsk fart grov vi ut eit hol, og då med eitt stakk det seg fram eit likbleikt svartskjegga andlet. Det var russaren og han var framleis i live. Han hadde ikkje vori ute or hola



Foto: A. R. Heen.

Fra turen opp til middagsfjellhytta.  
Fra v. Russen, Moldsvor, Berg og Sæter.

på tre veker. Maten hadde han omlag eti opp, og den vesle vassgrand han hadde drukki på denne tid, hadde han smelta seg med å halda ein blekkboks over eit talgljos. Han hadde ikkje frosi noko nemnande, men det hadde vori vanskeleg å halda seg varm på føtene.

Så vart det vesle bolet hans etter pakka saman, og denne gongen var veret såpass bra at vi nådde fram til Middagsfjellhytta. Ingen av dei andre hadde vori der før, så det var godt at eg var med denne gongen, for eg visste nøyne kvar hytta låg. Vi fekk då snart grava oss fram til døra og til pipa og vindauge. Det hadde foki inn noko sng, men den lempa vi snart ut, og vi freista gjera det så koseleg som råd var for han som skulle overvintra her. Litt turt fjellris låg att der frå sumaren før; det fyra vi opp i omnen med. Men dei gjennomfrosne steinveggene blei jike kalde. Vi hadde ikkje tid til å halda oss der lengre, for vi skulle ned att før mørkret kom.

Ei veke seinare d. v. s. neste sundag var vi attar ein tur dit opp. Denne gongen hadde eg med ein heimegjort grammatikk til russaren. Eg hadde sett opp ei liste med omlag 500 av dei mest vanlege ord og daglegdagse vendingar. Desse hadde eg skrivi på norsk og engelsk. Han ville nok ha skjøna tysk betre, men vi vona at vi ein gong skulle få høye til å få han over til England, og difor ville engelsk vera tenlegare. Attat ordlista hadde eg med ei biletbok med forklaringar under.

Då eg kom opp sette vi oss straks til å peika på alle ting vi såg, på bileta. Så sa eg kva tinga heitte på norsk og engelsk, og deretter skrev han det same i rubriken bak på russisk. Så gjorde eg alle slags fakter og rørsler og forklåra kva det heitte på norsk og engelsk, og etterpå skrev han stundes på eit stykke papir og omsette det til russisk. På dette vis dreiv vi på fleire timer, og vi hadde då fått i hop eit underleg vokabular.

Denne gongen hadde vi og med oss noko parafin, så han kunne få brensel på ei lampe.

Ei veke deretter hadde kvar av oss med seg fram i botnen av Kvandalen ei stor bør med spikved. Veden la vi att der oppstigninga tek til. Då vi kom opp til hytta, banka vi på døra, og ut kom russaren og helså breitt på norsk med ord som eg skjøna skulle tyda: «God dag kameratar, godt skiføre i dag!» Han plapra i veg med mange norske ord, og han var ikkje lite byrg av kva han kunne. Og merkeleg nok gjekk det bra å tala saman, jamvel om samtalene likna noko på «Niggerengelsk». Tilhøva elles i huset var just ikkje så mykje innbydande. Verst var kuldelen, og det synte seg at temperaturen i januar aldri kom over  $\div$  4 gr. C innandørs. Då vi gjekk, vart han med oss og skulle henta opp noko ved nede frå dalen. På nedvegen kom talen inn på røminga hans, og eg fekk vita grunnen til kvifor han rømde. Wlassovs arme kjende vi både til, og eg kunne fortelja han at det hadde vori ein høg offiser frå denne armeen

inne på Andalsnes føre jul. «Det er rett», sa han. Offiseren hadde og vori inne i Isfjorden og hadde halde propagandatale til dei og ville ha dei til å gå over til den tyske armeen. «Det var og nokre han fekk tala rundt», sa han. «Men vi fire som rømde var alle høge militære i den russiske hæren, og vi hadde åtværa landsmennene våre mot svikaren Wlassov. Vi hadde dessutan fatt skulda for å ha revi ned eit bilet av Hitler som hekk i sovesalen. Dette hadde ein russar som hadde falli frå, meldt til dei tyske vaktene. Som straff fekk ikkje vi 4 vera ilag med dei andre på arbeidsplassen, vi miste tobakksrasjonane og vaktene let oss vita at vi kunne bu oss på litt av kvart snart. Då rådde vi oss på å freista røma, og med di vi vona at vi skulle få hjelp av sivilfolket, nyttå vi det fyrste høvet til å koma på frifot.»

Julaftan hadde vi storreingjering på rom. Det vart mykje vassbering opp i frå elva som rann nedanfor brakka, og den tyske vakta var ikkje så nøyen med å stengja porten for kvar gong vi gjekk ned. Vi laga det slik at vi fire var i fylgje, og då vi skulle luta oss ned etter vatn, kraup vi langs elvebreidda til vi kom utanom det opplyste området, og så la vi på sprang over bru. Ei stund etter gjekk alarmen, og vi kom frå kvarandre i mørkret. Eg fylgte ein veg oppetter dalen, og eg fann ikkje kameratane mine etterpå. Til slutt lurde eg meg ned til ein gard der altso huslyden Værås budde.

Han fortalte elles at han var frå Charchow og var löytnant. Han hadde vori med i krigen frå byrjan og var med i heftige stridar i slaget om Sebastopol. Der vart han såra og teken til fange. Elles hadde eg før lagt merke til at han hadde ør etter skotsår både på hender og føter. Han hadde først seti i fangelæger ved Stettin. Saman med fleire hadde han der freista røma. Til straff for dette hadde han måtta gå gjennom ein umenneskeleg tortur. Fleire vender hadde han mått stå i iskaldt vatn til midt opp på livet. Av dette hadde han dregi på seg isjias, og han var ikkje rett bra i den eine foten. Dette meinkja han noko når han skulle gå, men han greidde seg likevel nokså bra på ski. Denne dagen var det nokså hardt i fjellet, og eg hadde med meg ei fjellhakke som eg hogde stegfeste i skarsnøen med. Fylgjesmannen min den dagen var H. Berg. Vi to var vante til å kliwa i fjellet om vinteren, så vi fann oss vel til rettes, men russaren sakka etterut. Han var frå det russiske slettelandet, og var ikkje van med å kliwa i fjellet i det heile. Han bøygde seg for mykje innover, slik at skorne fekk ikkje skikkeleg feste. Og

då eg snudde meg og skulle til å ropa noko til han på blandingsspråket, fekk eg til mi store redsle sjå at han rasa i veg. A stansa han var uråd, men til all lukke koyrde han seg fast mellom to steinar før han kom ut på stupet. Hendinga verka uhyggjeleg på oss og vi tenkte med gru på korleis det skulle bli no då han kanskje hadde broti både armar og bein. Men han hadde lukka med seg og slapp frå det med stokken og nokre skrubbsår, men med slik stokk i livet at han ville ikkje vera med ned etter veden. Han fekk då låna fjelloksa mi, og han ville henta veden ein dag seinare.

Helga etter drog vi framover att. Då vi kom fram i dalbotnen, fann vi til vår store undring at veden låg der urørd. Vi fekk som ein otte om at noko älverleg kunne ha hendt han, kanskje var han sjuk, kanskje hadde han fått større skade enn vi hadde trudd. Vi kom fram til hyttedora med ei viss spaning og ropa: «Hei, Dimitril!» men ingen svara. Vi ruska i halombolet, men han var heller ikkje der, og vi såg han ingenstad nær hytta. Det gjekk nokre skileier frå hytta, og vi fylgte dei ferskaste og tok på leiting etter han. Ei av desse førde ned fjellsida til Sauefonnvatnet langt nede. Der fekk vi augo på eit svart punkt ved ein snaublæsen rabb. Det vokt litt dvergbjørk der, og no kom russaren med ei god bør av denne. Han hadde vori der fleire vender og dregi heim til brensel, men det var sjølv sagt vanskeleg å få kveikje, og så hadde han brukt opp all den dyrekjøpte parafinen for å halda varme i omnen. Vi skjøna at han heller hadde vilja frysa i hel enn å gå ned og henta spikveden. Han drog på smilen og sa at på ein slik plass kom det i alle høve ikkje tyskarar.

No, det vart etter kvart plågsamt å ha han der oppe. Vi kunne ikkje vita når bygdefolk kunne oppdaga at vi tok turar til Kvandalen kvar helg, ein stad der folk aldri ferdast om vinteren. Dessutan var det i dei dagar at Heimestyrkane vart skipa, og vi som var med i leiinga for Indre Romsdal, hadde om sundagane hendene fulle av dette arbeidet. Eg tenkte då å få han over til Eikesdal eller til Valldal, til stader som låg lengre borte frå kampsona kunne bli.

Ein månads tid føre påske fekk eg eit vitord om å sokja samband med Sigurd Langdal, som budde på den fremste garden i Valldalen. Det galldet Heimestyrkane som var sett opp der og som skulle over til Andalsnes i tilfelle invasjon. Karane der skulle likeins hjelpe til med å ta i mot eit slepp som vi venta med det fyrste.



Foto: Sødahl.

«HEIMATT» *Herrefolket har vorte småmenn — .  
Slik vart Åndalsnes romt — .*

Medan eg tala med Langdal om dette, nemnde eg russen og spurde samstundes om han hadde greie på kvar dei russarane hadde teki vegen som hadde rømt frå Marstein hausten før. Ymse tydde på at dei hadde teki vegen dit. Det var 5 mann som var som sokne i jorda og vart borte trass i alt det tyskarane leitte.

Langdal vart heller tagal då eg nemnde dette og visste ikkje kva han skulle svara. Men då vi alt hadde ein løyndom saman, fortalte han no at han, så utruleg det enn hørdest ut, hadde hatt 5 russarar på garden sin eit halvt år og berre nokon få i bygda visste om det. Eg måtte retteleg tenkja på kva denne huslyden måtte ha gått gjennom av spaning, og kva bry det hadde vori med å skaffa mat til så mange.

No, vi vart samde om at eg skulle freista få den sjette russaren over til Valldalen og samstundes freista skaffa noko mat til karane. Påska kom med stor aktivitet for heimestyrkekarane. Ein vä-

peninstruktør var komen over fra England, og vi skulle møta han opp på Stigfjellet. I påska er det vanleg at folk dreg på tur, så det ville ikkje bli lagt noko merke til om ungdomane vart borte nokre dagar.

Men i desse dagar merka også tyskarane at det var noko serleg som gjekk fore i høgfjella, og rett som det var sende dei ut patruljer for å speglje ut terrenget. Andre påskedag var soleis 5 soldatar heilt opp på Stigen og braut seg inn i hyttene der, men heldigvis fann dei ikkje på å gå so langt fram som til restaurangen på høgda. I fall dei hadde kome på oss der, kunde det lett ha kome til open i Langdalen. Dit kom dei ein halv dag tidlegare kamp.

Vi skipa det då såleis til at Berg og Moldsvor skulle føra russaren over til Valldalen skirtorsdagen. Lettast ville det då vera å dra beinaste vegen over Andalsnes.. Men då vi i det tilfelle mätte framom fleire tyske læger og kunne rekna med mogleg

# I HØGBORGÅ TIL GESTAPO.

Viktoria Terasse var i krigstida eit namn som folk sjeldan hørde utan at føle tankar og vonde syner sveiv for dei. Røysta frå London visste rett som det var å fortelja om dei mange misgjerningane som gjekk for seg der. Og allierte fly freista to gonger å jamna denne illgjetne staden med jorda. Siste gongen bombene fall mot Viktoria Terasse, var utpå ettermiddagen den 365. dagen i året 1944. Gestapofolka kom frå det med støkken. Men dei ville ikkje gå med stendig otte for å få ei bombe over seg når som helst. Så fann den høge herren Fehmer på at han ville ha husgislar, grinifangar skulle tryggja livet til han og mennene hans. Han sende bod til Grini: «Send meg 30 av dei mest «framståande» fangane!»

Såleis hadde det seg at den 13. januar 1945 forkynte høgtalen på Grini. «Fangane på barakke 12 møter på apellplassen straks!» Dette vart ropa ut gong på gong, og så kom dei springande frå kjellarar og verkstader og gøynehola sine den eine etter den andre. Brakke 12 vart gjerne kalla professorbrakka, for der var det dei lærde, akademikarane, budde. Det var såleis dei lærde som no vart ropa fram til mønstring, ikkje alle møtte, for det var gjerne ein eller fleire som alltid tok ein sjanse og let vera å møta. Og ved denne oppstellinga vart det ikkje spørsmål etter manntal. Det var Heilmann som mønstra oss, og for han galdt det å gjera det heile så gätefullt og mystisk som

råd var. Kvassé skjellsord og rasande illskrik var liksom innleiinga hans, og etter noko beisk skjemt og bitande merknader kom han til det han ville. Professorane skulle koma fram og stella seg opp for seg sjølv. Dinaest vart lektorane ropa fram, så doktorane, så direktørane, ingenørane, advokatane, prestane, og til slutt lærarane. I rad og rekke stod så dei utvalde der og undra seg kva dette skulle tyda. Og dei som ikkje var kalla fram, stakk hovuda saman og sende løyndø augnekast hit og dit og freista samstundes å sjå ávorlege ut. Og folk frå andre brakker kom kikande fram på alle kantar, gjorde seg ærend framom oss og læst som dette kom ikkje dei ved, samstundes som dei kveste øyro for å få tak i kvart ordet som kom or Heilmanns munn. Heilmann var nemleg i mellomtida i stadig verksemد. Han tok for seg kvar og ein av dei han hadde kalla fram, spurde og grov, og dersom det var noko som han av ein eller annan grunn ikkje tykte om, vart dei med eit skjellsord og eit spark i baken sende over i den andre flokken att.

Få prestar fann nåde for hans augo. For når det galdt dei, skulle han ha greie på kor stort soknekallet var, kor mange tusen kyrkjelyden talde, om inntekta osb. Berre dei som hadde store kall, kom på tale. Nazistane hadde sitt eige syn på kva «framståande» folk var, og når nokon berre tok på seg ein lang eller imponerande titel, vart han

---

passkontroll, tok vi ikkje den vägnaden. Skirtorsdagen vart russaren henta ned og kledd opp som ein vanleg påsketurist. Ski vart bundne på sykkelen og dei tre sykla då ut til Torvika. Den stod båtskyss og venta, og dei tre vart då førde til Innfjorden. Dei låg natta over i Bø, og langfredag held dei fram opp dalen og over fjellet til sætrane i Langdalen. Dit kom dei ein halv dag tidlegare enn som var rekna med, og dumpa midt opp i skytevingar Heimestyrkar i Valldal held. Dei kjende ikkje kvarandre, og fekk ikkje liten otte i seg med same, men det avtalde passordet greidde opp.

Då det enno var uvisst for oss kor lenge krigen ville vara, og då dei no hadde vori så lenge i Valldalen, ville vi freista få dei over til England.

Dei vart då førde ned til Sylte. Ein motorbåt skulle koma frå Alesund og henta dei der. Men det vart noko kluss med dette. Kanskje dei på andre sida hadde ei kjensle av at krigen snart var slutt og difor ikkje ville ha bryet med å henta dei over havet. Russarane vart difor førde over fjorden og tok ophald på ei aude sæter. Dei vart utsyrt med våpen, og var reide til å gjera tenest i dei norske Heimestyrkane i tilfelle det vart stridshandlingar.

Til hekke for oss alle gjekk krigen over til stille fred, og straks etter kapitulasjonen kom russarane til Andalsnes. Der vart dei saman med dei andre krigsfangane til dei alle i samla tropp fekk reisa attende til heimlandet.

straks det som Heilmann kalla «prominent». Såleis vart ein vanleg skuelærar ingenting, men ein som kalla seg songpedagog i staden for songlærar vart utvald. Då det til slutt var att berre ei 40—50 utvalde, vart desse oppnoterte og heile flokken jaga innatt. Straks tok ordet til å gå i heile lægret om kva som ville henda desse «prominent»; den eine gissinga avlyste den andre, og det såkalla «Griniryktet» fekk ei rik vokstertid.

Men det gjekk ein dag, enno ein dag, og to netter kvarv og den fjerde dagen lei og halla utan at noko hende. Mange gløymde heile oppstellinga, og dei som enno ikkje hadde tala ut emnet, var komne til det at dette med å velja ut dei «prominent» berre var eit vanleg tysk triks for å halda fangane i spaning. Men frå Personalkontoret rødde dei om toggislar, om båtgislar over Skagerak, og endeleg vart det fortalt at snikkarar var i arbeid på toppen av Viktoria Terasse.

Då var det etter at høgtaleren buldra ut: Høy etter, høy etter! Desse fangane møter på appellplassen straks. Så kom namn og nummer på 30 av dei utvalde. Og så kom påboden: Pakka ned underklede, bordredskap, sengkleda, tak med det du til dagleg har bruk for og møt på appellplassen straks! Når noko skulle skje på Grini, måtte det skje straks. «Los, Mensch, Schnell!» var kommandoorda til tyskarane. Det tydde viltt dansprang. Det var straks som elden var laus, og det vart åling, ågruve-kasting og spark og skjellsord for den som ikkje lydde. Det barst då attende til brakkene med oss, og det spurdest med eitt over heile lægret. Dei «prominent» skal sendast. Eit slikt spurlag gjorde hjarta uroleg på ein og kvar kring i arbeidsbuene, som ventande var.

Det gjekk liksom ikkje å arbeida meir, difor kom dei på at dei måtte ut å høyra og sjå kva som hende. Då vi 29 stod oppstelte på plassen ferdige til avferd (ein hadde vorti sjuk), hadde vi tusen åsyn vende mot oss, angstfulle, ottesame, medynksame og hjelplause andlit som kvar på sitt vis med vikk og med nikke gav oss eit farvel.

Brått rulla det ein svart politibil inn på plassen framføre oss. Det var den ljodlause vognen på gummihjul som i år etter år hadde glidi frå heim til fangehol, frå pinslerom til avrettarstad, som alltid hadde hatt så bleike, urolege ferdafolk ombord. No skulle ho henta oss til vår vanlagnad, var det mange som trudde. 14 mann vart stuva inn og førde vekk, og ikkje lenge etter kom ho attende etter oss andre. 15 mann med mykje pakning i ei slik vogn var mykje for mykje, så det vart å stuva oppå ein annan, folk som ferdatry. Eg vart siste-

mann som steig på, og eg kom ikkje heilt inn, men vart halvt ståande i dørøpninga. I sjølve døra stod ein tysk politimann med byrsepipa vend innover. Med å vri hovudet noko, kunne eg så vidt sjå over herdane på han og eg kunne såleis til kvar tid svara på dei mange spørsmåla innanfrå vognen:

— Kvar berst det av, kor langt er vi komne, kvar er vi no?

Ferda gjekk etter kjende vegar. Eg kunne melda frå: No er vi på Røa, no svingar vi inn på Slemmelsvegen, no er vi på Huseby.... Huseby, ja. — Dette namnet kalla fram mange minne frå farne dagar. Her var eg godt kjend, visste om kvar ein steg og kvar ein bekk i heile landskapet. Just elleve år sidan hadde eg drivi og leika krig i desse skogholta, leika krig ja, med framrykkjing og tåregass og skrik og skrål, utan å tenkja så mykje på at det snart skulle bli älvor av leiken. Ja, det var ein gong....

Snart var vi inne i Oslo. Spørsmålet vart no: Køyre vi ned til hamna? Det var det vi ottast. Tysklandsferd i siste liten ville ikkje verta noko å lysta på. Men det barst ikkje ned på bryggjene. Frå Parkvegen svinga vi inn på Drammensvegen, og då vart det klårt: Viktoria Terasse.

Snart skimta eg så vidt ruinane av Parkheimen, og med same svinga bilen inn på Terassen. Nokre minutt til, og vi var framme.

Som hundar vart vi jaga ein og ein inn gjennom ein open port og inn på eit gardsrom, medan vogna køyerde vidare for å henta nye offer.

Inne i gardsrommet stod ein heil flokk unge gestapofolk, oppstelte i rad og rekke for å ta imot oss. Då porten var forsvarleg låst og vi hadde vorti talde minst ti gonger, kom det mæle i vaktmennene. Det synte seg at det var ikkje tyskarar, men russiske landssvikarar eller Vlassov-soldatar som hadde sett sine sjeler til Himler. Desse var snaut meir enn 20 år gamle, reine jyplingar kan ein seia. Dei tala ikkje tysk, så det var ikkje lett å andovast med dei, men med skrik og faktar og peiking med byrsepipene syntes dei å vilja ha oss til å gå. Dei hadde elles lært dei to nazityske orda «Schnell, «Los», og desse orda hadde i munnen på desse grønskollingane eit stort innhald. Vi tok då telene våre og avstad bar det inn i ein stor kjellargang. I denne vide gangen hadde eg vori før nokre gonger, så eg kjende meg liksom heime der. Det tok vel snautt meir enn eit halvt minutt å gå gjennom gangen, men det var nok til å verkeleg oppleva noko av det tragiske ved denne krigen, øydinga av dei mange tusen heimane kring land og strand. For i denne gangen var liksom å finna eit bilet på det gamle ordtaket: Slik

går verdas herlegdom til grunne. Her var ein samlingsplass for husbunad og lausøyre ifrå mange av dei heimane Gestapo hadde herja. På førejulsvisiteren ein gong hadde eg vori med og stabla inn i dette romet møblene frå ein heim borte på Bekkelagshøgda. Sidan den tid var mykje nytt komi til, og mangt av det som før hadde vori der, var borte. Her var det no bokkassar med utsøkt fine praktblind, her var stolar, bord, skjenkar og skåp i alle stilslag frå rokokko og barokk til empire stil og funkis, i alle fargar og av alle treslag. Her var lampekruner og golvteppe, støvsugarar og elektriske komfyrar, store målarstykke og fotografi av besteforeldre, fedrar og mødrar, unge ektepar i brudlaupsstas og smilande småbarn, i albumar og i fine rämer. Serleg minnest eg eit bilet av ei fire-fem års gammal gjente som eg i farten skimta stå der borte på eit bord. Det stråla glede og ljós frå det blide ásynet, det smilte trass i skjellsorda frå vaktene som hundsa oss inn gjennom gangen. Det var smilet og gleda vi hadde sakna så lenge no. Og fram or dette barneásynet voks trua fram, trua på at det skulle gå godt trass i den sum av ulukke og liding som all denne husbunad fekk ein til å tenkja på. Kor mange huslydar hadde ikkje her mist alt dei åtte! Her var kjære eignaluter, verdfulle ting, ting nedervde frå aett til aett, her var rikdomar samla i hop gjennom eit langt liv, gjennom mange liv.

Og kvar var huslydane no? Spreidde, i live, i fengsel og fangelaeger, i ei skogsgrav på Trandum, sokkte på høvbotnen, eller brende i eit krematorium i Tyskland, nokre få hadde kanskje komi seg unna, nokre få.

Alt eg hadde hørt om nazistiske valdsverk og hjartelause ugjerningar i den siste tida eg var fri, såg eg no i ein blunk openbart for mitt indre auga.

— Når eg har råd til å ofra i hundre tusental av den tyske ungdomen, sa Hitler, så har eg råd til å ofra alle andre folk i Europa.

Det hadde gått som han ville. Den vakre gjenta som stod og smilte, var kanskje no brend levande i eit laeger i Tyskland, var mold og dust. Men det var då klårt at om ikkje lang tid ville lagnaden henta inn Hitler og hans gjeng. Snart ville dei og vera mold og dust, kanskje ville Stortyskland vera mold og dust.

Ei setning eg hadde lesi lenge sidan for meg gjennom hugen. «Dei udøyelige gudane pla stundom lata slike som dei vil straffa for brotsverk, få medgang og lenge få breia seg ustraffa, så dei kan råkast så mykje hardare når lagnaden brått vender seg». Det sveiv som ein tanke for meg at

Hitler var ein slik som gudane ville straffa tungt.

Men førebels hadde visst Hitler sett seg føre å straffa oss, og målyska på desse vaktene våre då dei endeleg hadde ført oss gjennom mange dører og ut på ein ny gardsplass, tydde at dei tenkte gjera det same med oss. Dei såg på oss som nokre sers färlege brotmenn som skulle straffast og skytast, det var ein vaktsjef dei hadde som fortalte oss det noko seinare. Og ut ifrå dette synet for dei fram mot oss. På den nye gardsplassen vart det så ny teljing, og så vart vi førde inn i eit underjordisk rom som greina seg ut i fleire gangar, skilde frå ein annan med dører og støypte veggjar. Til slutt hamna vi inne i ein sers trong gang, knapt meir enn ei alen brei og 15 alner lang. Det var ingen annan veg ut enn den døra vi var komme inn gjennom, og ho var jarnkledd utvendes. Øvst oppe på den døra var eit lite hol, omlag  $10 \times 15$  sm. Dette var no liksom opninga vår mot utverda, eller rettare mot eit framrom som samstundes tente som opphaldsrom for vaktene. Frå den smale gangen vi no var inne i, gjekk det små dører inn til sellene som skulle verta opphaldsrom for oss i meir enn to månader. Ja, dører var det enno ikkje, men det var støypt opningar til dører. I gangen utanfor sellene hekk tre elektriske lamper, men inne i sellene var det heller mørkt. Det lukta rå murstøypt over alt, og det var tydeleg at fangeholna enno var under arbeid. På det rå, ujamne sementgolvet var det fullt av kalkstøypt og sand, just ikkje så innbydande å sjå til. Sellene var heilt tome, og det same var gangen, med unntak av to små ommar, ein i kvar ende. Oppunder taket låg ei omnsrøy langsetter heile gangen slik at varmen skulle spreida seg i romet, og røyken gjekk då opp i ei samla røyrfri i eine enden av gangen. Det uvande ved det nye gjorde oss nyfikne ei stund, og vi berre venta på kva som skulle verta det neste steget i denne undersferda vår. Gjennom den vesle gluggen i døra fekk vi auga på ein annan liten glugg i ei dør beint over vaktstova, og der langt bakan den vesle gluggen fekk vi sjå kjende andlit — der var dei 14 første.

Det fall oss ikkje inn at dette skulle vera endestasjonen vår, og då ein vaktmann ei stund etter kom og let opp døra og ropa «ut!» var vi budde på at no skulle vi vidare. Men vi vart førde over til dei andre 14.

Samværet med dei sette liksom ein kveik i oss, og smart var ordskiftet i gang. Kvar skulle vi av? Var det meiningsa vi skulle vera her? Ingen trude det, men ingen torde nekta det heller. Brått merka vi at fok var i arbeid med å bera inn felt-

senger i den gangen vi var komne frå. Då kom det over oss ein otte. Dette skulle vera vår bustad no. Det synte seg at vi gissa rett. Etter mange omflyttingar og mykje ståk kom vi oss til ro, 15 og 14 på kvar av desse gangine våre. Det er kanskje ikkje rett å brukha ordet ro i dette høvet. For berre den tanken at vi skulle inne-stengjast i eit slike rottehol som det var her, skapte uro i kvar og ein. Dette var då ikkje bustad for menneske. Alle var klår over at livet vart ikkje langt skulle ein verta her lenge. Råmen ifrå murveggene gjorde det heile kaldt, og alt som fanst av innbu var ei seng til manns. Elles var her snautt. På nokre seller var det plass for to mann, på ei var det fire, og på ei seks. Køyene låg i to høgder, men likevel var det trønt om plassen. På seksmanns sella var den frie golvplassen 2 kvm, så ein fekk ikkje vera romfrek. Denne sella låg og lengst ifrå inngangsdøra, slik at frisk luft var noko sjeldfeng i det holet.

No dei fyrste 14 dagane var ei uhugleg tid. Heile den tida var vi liksom isolert frå utanverda. Vaktmennene var som sagt Vlassov-russarar og skjøna oss ikkje. Vende vi oss til dei om eit eller anna, sette dei som svar byrsepå inn gjennom dør-gluggen og truga med skyting. Ein dag vart vi alle 29 stuva saman i ein liten midtgang utan lufttilførsle så lenge at vi glei inn i ein tung døs, og eg trur ikkje det ville ha teki lang tid før den fyrste hadde stupet då vi endeleg slapp inn att på våre eigne gangar. Der var det då eit nytt syn som møtte oss. Med vi hadde vori borte, hadde det vorti sett i dører for sellene. Dette tydde berre den ting at vi skulle stengjast inne på dei utri-velege sellene. Så vart og gjort nokre få dagar, men til all lukke tolde ikkje låsa i dørene den råe lufta, dei rusta så til at dei korkje kunne læsast opp eller att, og så fekk dørene stå opne. Vi held oss då ute på gangen om dagen. Og det som trass i all uhyggje lyste opp, var det gode saamværet vi kjende oss i. Alle på vår gang var akademikarar, meir eller mindre lærde folk, kan ein vel seia, og dette gjorde at vi kunne trøtyta tida med ord-skifte, og dagleg hadde vi foredrag. Professorane Marstrander, Skard og Arnholm greidde ut om runer, om norsk busetnad på øya Man, om Sokrates, klassisk kultur og norsk erverett. Riksarkivar Steinnes greidde ut om Riksarkivet frå dei eldste tider, ingenjør Hofstad tok oss med på laksefiske i Trøndelag, amanuensis Bailli Nilssen førde oss gjennom atmosfæren og stratosfæren ut i dei ukjende djupnene, konservator Grieg fortalte om Raknehaugen og utgravinga av den, skipsreidar Moe frå Sandefjord skildra kvalfangarlivet, eg

drog fram ymse sider ved statsmannen og filosofen Masaryk, og sume av dei andre fortalte anna til tidtrøyte. Dei andre var, lækjarane Søyland og Marvel, hotelldirektør Rambeck Ingebrigtsen, tannlækjar Wathne, lektor Sand og overlærar Kvalheim. Kvalheim bor vel nemnast for seg sjølv. Han er spesialist når det gjeld sumarfuglar. Oppå Grini hadde han funni nokre nye arter som han hadde fanga og teki vare på. No hadde dei for-puppa seg, og han hadde ført dei med frå Grini i nokre pappeskjer. Han tenkte synleg meir på korleis han skulle berga sumarfuglane enn på korleis han skulle greia seg sjølv. Mest interessant av alle foredrag var dei han held om sumarfuglane.

Det var og mykje spekulasjon om korleis det gjekk med krigen. Russarane hadde sett inn den siste store offensiven nokre dagar før vi for frå Grini, og det var verkeleg spanande å vera så lenge avstengd utan å vita om framgangen på frontane. Ein dag kom ein pakke frå Grini, og ei ny avis var nytta til innpakkinga. Då såg vi at russarane hadde nådd vestgrensa av Polen på ymse punkt. Det vart god stemning med same, og prof. Marstrander forvissa oss kvar dag med at «i morgon står russarane i Berlin.» No, det tok si tid det, men vi levde i vona.

Då dei fyrste 14 dagane var over, fekk vi ein ny vaktsjef. Han kunne tala tysk, og då vart det straks betre. Då fekk vi og koma ut på ein stutt luftetur i gardsrommet kvar dag, og det letta mykje på. For når alt kom til alt, var det dårleg luft inne i kjellarhola som tok mest på. Kvar kveld sette vi opp omnsdørene for å få drag i rommet, men det hjelpte ikkje så mykje, avdi lufta vi fekk inn gjennom dør-gluggen var oppbrukt og urein, ho kom nemleg frå vaktrommet. Det var difor vanleg at ein vakna fleire gonger for natta og liksom kjende seg som ein fish på land. Noko som og forpesta lufta, var dobøttene ute på gangen. Det var sinkbøtter, og sinken held på styggelukta kor godt dei vart skylde. Sjølv høge tyskarar som kom på vitjing no og då, snudde då dei fekk kjenna teven av desse bøttene. Like lei som ill-lukta og den skjemde lufta var råmen. Over hovudet på oss var gata. Når vi så fyra i omnane, vart lufta avkjøld til vatn oppunder det kalde taket, og så tok det til å drypa over alt. Sementgolva vart snart våte og skitne, sengklæda var våte til kvar tid, jamvel kleda på kroppen vart grøngule av mygle. Det er ikkje noko under at mange av dei som var der seinare vart sjuke. Men lufteturane ute på gardsplassen gjorde godt. Der kom vi atter saman med dei frå den andre gangen. Der var mellom andre Gunnar Jahn, og dei fleste av

oss høyrd gjerne på utsegner frå ein slik velroynd mann. Seinare fekk vi lufteturar både på føre- og ettermiddag, og berre den ting å få koma ut og sjå den blå himmelen var ei stor troyst. Innestengde som vi hadde vori, var andleta våre kvitgråe som kjellargror på poteten. Maten vi fekk, var vanleg fangekost, men inneheld endå meir vatn enn maten på Grini, slik at vi letna i vekt jamvel om vi sat i ro mesteparten av døgret.

Tyskarar såg vi lite av anna enn når vi var ute på lufting. Då stod dei gjerne og glodde på oss frå alle vindauge på alle kantar kring oss. Når vi var ute, var det til kvar tid minst seks mann som passa på oss. Fehmer kom stundom ned til oss. Han ville vi skulle skjona at vi var hans spesielle gislar, og alt som vedkom oss måtte gå gjennom han. Han kytte av at han kunne vera den mest elskverdige mann på jorda, når det galdt det. Han tykte visst sjølv at vi hadde det mindre bra, for ein dag kom han og fortalte at vi skulle få vitjing og vi skulle få pakkar avdi vi hadde det ille der i det underjordiske. Alt som kunne setja oss i samband med utanverda var sjølvsagt mest verdfullt, og berre dei orda ein av oss fekk lura seg til å tala med ei vaskekone ein dag han var eit ærend inne i kontorbygningen, vart som ein seiandsong. Hennar ord vart som eit Pauli ord for oss no.

Lufteturane hjelpte og på eit anna vis. For ute i luftegarden låg ein brote med fjølrestar, samla etter bombinga nyårvelden. Og no tok samlemani oss.

Vi drog inn i sellene alle dei fjølene vi kunne få tak i, vi tok vare på kvar ein spikar og kvar ein strengende vi kunne få hand om. Ja, benker og krakkar fann vi og i fjølhaugen, og inn bar det med alt. Vi laga hyller over og under sengene, vi laga bord og sessar i sellene. Vi la golv, og vi la fjøllemmar oppunder taket så mykje vi kunne få veita bort dropane som stendig hadde plaga oss. Og ute fann vi oss trekubbar som nytta ut til emne for treskjering. Det var lommekniven vi nytta til det, og vart han skjemd, kvesste vi han på cementmuren. I mange dagar på rad kunne vi sitja med ein einaste ting. For vi hadde nok av tid. Frå Grini hadde sume hatt med seg bøker, og då vi fekk vitjing av folket vårt, fekk vi inn bøker i blant. Slik gjekk tida betre etterkvart, og endå om dagane ofte vart lange, kom då den stunda vi vart køyrd attende til Grini, og eit nytt mannskap vart sendt ned.

Etter ein månad på Grini vart det etter tur til Terassen. Av dei 29 som hadde vori der først Gongen, hadde nokre vorti slept fri, andre hadde

vorti sende til andre stader, ikkje få hadde dregi på seg sjukdom og låg til sengs, slik at det vart berre 12 mann av oss som fekk vitja Fehmers hogborg ein gong til. Og det var med ei anna stemning vi no gjekk inn gjennom dei same portane. Vi visste at det no var stormrennet mot Berlin som stod føre, vi var visse på det gjekk mot slutten. Sjølvsgart hadde vi ein viss otte for ein invasjon her i landet kunne vera färleg for oss. Likevel vona vi at krigen ville verta avgjord i Tyskland, og at vi her gjekk fri sluttoppgjerdet.

Vi hadde og budd oss ut med gode kart då vi drog ut frå Grini, og vi hadde bøker i rikeleg mengd, slik at tida skulle kunne nyttast til noko.

Det var ein heilt annan tone over Terassen denne gongen. Dei russiske vakten hadde slutta å skrika slik når dei tala til oss. Dei siste dagane vi var der nede første turen, hadde vi fått to tyske vaktsjefar. Dei var der enno, og dei kjende oss att og tok vel i mot oss. Framgangen på frontane hadde gjort dei spake, var det likt til. Den eine av dei var slik at han kunne nyttast til eit eller anna etter som vi skjøna dei fangane vi no avlyoste. Og i mellom desse fangane hadde det vori nokre ikkje ukjende storkjøpmenn frå Oslo. Kjøpmenn har til vanleg ein vaken sans for muting og akkord, dei ser betre kva som kan gjerast med eit menneske, kva som kan vinnast på det. Dei hadde oppdagat den ene vaktmannen, og mellom oss fangane gjekk han alltid seinare under namnet «den korrupte». Det syntet inne i sellene og i sellegangen at dei hadde muta han bak Fehmers rygg. «Den korrupte» var av yrke kafévert i Berlin, og som slik hadde han nok lært seg til å skjøna løynde vink og lesa kva som låg i skeive augnekast. Han hadde rekna over kva han kunne tena med å gjera fangane tenester. Han hadde skjøna hestehandel, han hadde teki seg turar hit og dit i byen og smugla inn koppar og kar, turrmjølk og tobakk, alt dei berre ynskte. Og det vart lønsame turar for han, pengar, drikkande saker og røyk. Difor var no sellane opp-pussa. Det var jamvel linoleum på golvet i sume seller.

Og mellom dei som var med no, var og nokre kjøpmenn frå hovudstaden. Dei nytta ut «den korrupte» til fullnads. Dei fekk inn installasjonsmaterial, slik at ein fekk ljós på alle sellene. Han bar inn tobakk i store mengder, ja, han smugla til og med 3 flasker rusande drykker til dei som tykte om slik veske. Og matvarer strøymde inn på løynde vegar. Men Fehmer sjølv var og meir medgjerleg. Han gav oss løyre til å få inn ein heil sekks turka potet, han let oss få ta i mot pakkar frå eit firma i Oslo, han let oss få vitjing av våre

folk att, og då fekk vi inn pakkar på opp til 10 kg., og til påske stod han jamvel sjølv og delte ut svenskepakkar. Men han gøynde ikkje å fortelja at vi var hans spesielle tryggingssfangar. Og som toppen på alt let han oss få eit ekstra måltid for dag, ein iter framifrå god lapskaus til manns. Vi skulle gjødast opp til vi slapp fri, skjemta han. Og han let oss få aviser kvar dag, slik at vi fekk fylgja med frå dag til dag.

Den andre av dei to vaktsefane var ein 35 år gammal bonde frå Magdeburg-kanten. Han var bonde alt i gjennom. Han hadde vorti tvangsskriven til Gestapo, men hadde aldri gjort anna enn vaktarbeid. Han var heil ulik «den korrupte» i hug og hått. Han tok ikkje eingong i mot sigarettar frå fangane, av di dette var i mot reglementet. Vi kalla han «Flatnasen», og det var ikkje noko brautande med han, han gav uttrykk for å vera godlynt og ærleg, og ulik nazistane. Helst tala han om kona si og om korleis det vel kunne sta til heime på garden. Han kom jamvel inn i sellegangen og studerte det store kartet over Tyskland som vi hadde slegi opp der, ja, han flytta til og med flagga og fortalte kor langt amerikanarane var komne. Han let oss få sa lange lufteturar ute på gardsplassen som vi ynskte, ja, han kom dragsande fram med ein radio så vi skulle få høyrá siste meldingane. Han sette oss og i arbeid med å reinska opp heile gardspllassen for at vi skulle få det triveleg. Alt rusk og rate bar vi bort til ein annan gardsplass. Og vegn dit førde oss gjennom den lange gangen der møblane var stuva saman. No var heile gangen full av møblar og husbunad. Men eg såg straks at mykje av det beste som hadde vori der før, var borte. Nazistane stal av dette i løynd og sende til Tyskland til sine. Biletet av den vesle gjenta eg hadde sett der var revi sundt i mange bitar, og den fine sylvråma det hadde stade i, var vekk. Det hadde vori verdi i den. «Flatnasen» let oss få låna inn bøker derifrå til sellene, men vi måtte bera dei attende seinare, for det måtte vera orden i alt.

Dei russiske vaktsoldatane som hadde svike sine eigne og tente Hitler, var og litt annsleis no. Dei truga ikkje med å skyta lenger. Dei ville og gjera oss tenester. Dei hadde merka at vi likte å lesa, og dei kom dragsande med dei gildaste bøker dei fann i møbelgangen, og gjorde kva dei berre kunne komma på for ein sigarett.

Om natta sat dei ofte og song, og det hende dei spelte dragspel slik at vi måtte klaga til «den korrupte» for at vi ikkje fekk nattero. Det hjelpte straks. Då dei no ikkje kunne vera med i storkrigen, tok dei til med rottekrig. Dei fanga rottene

levande, hadde dei inn i små nettingbur som dei tok inn i vaktrommet. Dei laga seg lange kvasse treteinar, og om natta dreiv dei på og «torturerte rotter» i halvmørkret, stakk dei med dei kvasse teinane slik at rottene illskreik. Det har komi for meg etterpå at dette kanskje var ein læremetode gestapistane måtte i gjennom. Det er mykje mogleg at dei måtte herda seg med å stikka i hel, verkeleg langpinna rotter, slik at dei seinare betre skulle kunna pina stakkars verjelause menneske.

Ymse ting vi la merke til i blant syntest tyda på at gestapistane var iferd med å få unna mykje av ranggodset dei hadde på Terassen. Rett som det var kom lass etter lass med store pakkassar til Terassen, og dei vart nok fylte og førde bort med natta løynde mørkemanns verk. Gestapistane syntest og brått vera tekne av ein uskjønneleg øydeleggjingshug. Dei fine møblane i den lange samlegangen vart henta ut eitt for eitt og fleire i lag. Eikebord og mahognyskåp, dyre erveluter frå avlidne ættled var hakka til pinneværd på trass. Dei skulle ha «Kleinholz» (småved), og berre det verste illverk var udåd god nok til desse folk. Difor måtte dei gyda det finaste dei fann. Her nådde vandalismen til nazistane høgdepunktet.

Men arrestasjonane held fram til siste dag. Og brått og uventa slo desse illgjerningsmennene ned på ofra sine. Ein dag merka eg at det var komi nytt herfang inn i samlegangen, ein heim til var rana, tjømd og snøydd. Kanskje hadde folket komi seg vekk i siste liten. Eg merka ein kasseroll mellom andre ting. Det var potet i han, halvparten var skrella, den andre helvta ikkje.

Under siste turen vart mange av fangane sjuke og måtte sendast attende til Grini, det var serleg lungene som ikkje tolde opphaldet under jorda. Vi var då liksom meir blanda selskap andre gongen eg var på Terassen, og samværet var kanskje ikkje fullt så godt som fyrste gongen. Det var kanskje den kramarånda og hestehandelen med «den korrupte» som verka noko. På den andre sida gjorde dei mange matfest-stundene sitt til at ein no kjende eit visst kroppsleg tilvære. Og dei lange opphalda i luftegarden som vi etter kvart fekk, saman med framgangen på frontane gjorde at vi kjende oss bra i hug og dug og fekk oss til å gløyma dei mørke nettene i den fyrste tida, då vi kjende det tyngjande ved å sitja bak sju lás, og då vi ofte, ofte hadde ei kjensle av at ikkje berre den skjemde lufta, men sjølvé murane og det trykkjande mørkret ville kjøva oss. Men slike ting gløymer ein gjerne. Men frå det lange opphaldet i denne underverda er det likevel noko eg aldri vil kunna gløyma, noko som er rita inn i minnet

# Ymse frå Harøya under krigen.

Av ELIAS P. HUSE.

Niande april 1940 kom som ei uventa bombe. Denne dagen var det to store kjensler som tumla om ein annan i hugen vår — eit rasande hat til Hitler og soldatane hans — og otte for fridomen og fedrelandet vårt. Men mest rasa det i vårt indre då storsvikaren Quisling kom med den trugande talen sin i Kringkastinga. Då var det nok mange som ynskte seg strutepåk på kjettringen.

Krigen var i landet. Dei unge gutane våre fekk innkalling og reiste. — Mødrene gret. Gutane frå Harøy var med i stridsotene i Gudbrandsdalen og ved Dombås. Alle kom heim att med liv og helse. Dei fleste kom straks etter kapitulasjonen, to noko seinare, med di ein av desse hadde vorti sára, den andre teken til fange.

Medan gutane våre slost med tyskarane opp ved Dombås, fekk vi som var heime flyåtak. — Steinshamn vart bomba den 23. april, — sameis Myklebust. Til all lukke fall bombene såleis at det vart ikkje nokon ovstor skade. Ein liten motorbåt vart råka og sokk. Nokre glasruter i husa nær-

ast hamna vart blesne ut, eit sjøbutak noko ille tilreitt osb. Men folket på Steinshamn kjende seg i føreson, og det var truleg at fabrikkane på Steinshamn skulle bombast, difor evakuerte folket på Steinshamn til bondegardane inne på øya.

\*

Ein morgen ut i mars månad 1941 spurdest det at nokre gutar hadde teki ein båt på hamna og stukki til havs. Dette var gutar i tjugeårsalderen som ikkje ville gå heime og vera utanfor i striden. Til navigatør hadde dei med seg ein som berre var nokre år eldre, det var Ivar Harneshaug. Og han fortel såleis om ferda:

— Vi starta kl. 4 den 17. mars. Fekk motwind. Kom så langt som midt mellom Noreg og Shjælland — då gjekk kromtappen i maskinen. Vi sette segl og held fram mot Shjælland. Men så fekk vi stiv kuling av sørvest, og vi måtte lensa unna mot norskekysten.

Vi kom så nær kysten at vi hadde kjenning av Skulen. Då slo vinden om til nordvest — og til

---

for alle tider. Det er nokre andlet, menneskeåsyn. Eg såg dei ofte i gangane inne i høgborga, det var mesta som det gjekk kaldt nedetter ryggen på meg når eg møtte dei: andleta på touristane og sadistane som det gråna brutalitet og vondskap av, slik at eg måtte unra meg: er de fødde av kvinne, har de nokon gong smilt på morsfanget. Og der står andletet til Fehmer sjølv, snart blidt og elskverdig, som han sa om seg sjølv då han kom ned til oss kledd som ein byborgar, snart hardt og nådelaukt som då han kom ned til oss i uniform og kalla seg Kriminalrat og let oss vita at han sat og dømde ein flokk nordmenn frå livet. Og eg minnest hans andletsdrag på eit anna vis. Det gjekk flyalarm med eg var på det illgjetne kontoret til denne allmektige herren. Det tok for lang tid tykte han før dei mange mindre bødlar og blodhundar kom seg i luftvernromet, og så var raseriet, det hysteriske raseriet over han, og han brukte ei målyske som eg vel aldri har hørt eller får høyra meir.

Men eg minnest andre åsyn. Eg minnest smi-

len om munnen på felagane mine der i det underjordiske då vi ovanom oss, oppe i ljuset og dagen hørde flyalarmen. Det var vi som var vern for Fehmer, det var vi som hadde grunn til å bli hysteriske. Men eg hørde berre blide mæle kring meg. «No er vi i aksjon, karar!»

Og eg minnest andre åsyn. Åsyn frå fangeselene i kjellaren på Viktoria Terasse, frå dei selene der dei torturerte og illpinte fangane sat. Eg var der borte i gangane og henta eitkvart. Eg lurde meg til å kika inn gjennom glåmholset i døra: Eit åsyn framfor meg. Ille tilreidd, trøtt etter slag og vokenatt, men med ein blenk i augo som minnte om seig vilje og ubøyelig trass.

Men framom det heile skin eit barneåsyn fram og stålar ein solglans over den mørke tida. Andletet på vesla i råma på bordet i møbelgangen. Smileholene på dei raude kinna, glansen i dei blå augo, glede i åsynet, dei vernde og fylte meg med von og tru og kjærleik, slik at tyngslene vart lette og lidinga ikkje merkast, og dei mørke netter vart til solfylte dagar.

full storm. Vi held unna for veret og unna for kysten så godt vi kunne. Om morgonen den 20. fekk vi kjenning av Ronde. Vinden spakna litt, og vi kom oss inn til Fosnavågen. Motoren var i stykke, småbåten mist i stormen, såleis kom vi i hamn. Men alle mann var bærga frå hav og storm. Korleis skulle vi no bærga oss på landjorda? Englandsfararar var ei vare tyskarane trådde etter.

Bergingsskøyta som låg i Fosnavåg nekta å slepa oss heim. Så måtte vi ringje til Steinshum, og «Sjøguten» kom då og slepa englandsfararen heim.

Men den 15. april ringde tyskaren Lubbe frå Molde og spurde etter båten M. 21 SØ. Då var eg klår over at vi som hadde vori på veg til England med denne båten måtte sjå å koma oss vekk så fort som råd.

Nokre dagar etter var dei fleste av oss på veg til England, etter ein gong gjekk vegen mot vest. Desse var med: Norvald Harneshaug, Nils Huse, Elias Brunvoll, Torleif Misund, Alf Harnes, Alf Sandnes, Inge Øvstdal, Jostein Husøy, Johny Walle og Ivar Harneshaug. Fire av dei gutane som var med fyrste gongen, var ikkje med no. Desse fire var: Palmar Huse, Jon Austnes, Peder Brunvoll og Kåre Dalhaug. Ein av dei som var med no, Johny Walle, var ikkje med fyrste gongen.

Denne gongen gjekk det godt med overferda. Vi kom til Shetland om kvelden den 22. april, og vart mottekne av Secret Service-folk. To dagar seinare reiste vi til Skottland, og ðm kvelden den 7. mai kom vi til London.

Dei fleste av gutane gjekk inn i marinen, ein inn i heren, og nokre til flyvåpnet. I London var det følt denne tida. Natt til 10. mai var verste bombeåtaket London hadde gjennom heile krigstida.

— I tillegg til det Ivar Harneshaug har fortalt, vil eg få nemna at Harøy-gutane i marinen fekk vera med på mange operasjonar her på norskekysten og fekk royna seg med tyskarane. Ivar Harneshaug var med på Stord då dei sette gruvene der ut av funksjon og tok tyskesjefen og eit par soldatar med seg til England. Elias Brun-

voll vart hardt såra under invasjonen i Frankrike. Han fekk ein splint i beinet. Elias Brunvoll var då ombord i den store norske destroyaren som vart skoten i sokk på franskekysten invasjonsdagen. Johny Walle gjorde teneste ombord i den norske korvetten «Montbretia» og gjekk ned med den.

Dei fire gutane som hadde vori med på fyrste freistnaden på å koma seg over til England, men ikkje vart med siste gongen, vart teknog og sat lenge i fengsel i Ålesund. Seinare gjekk vegen om Grini til Tyskland. Ein av dei, Palmar Huse, kom ikkje att.

Då no alle dei Harøy-gutane som her er nemnde for til England, kom dei langarma gestapistane og tok fedrane deira. Dei fekk då sitja på Grini eit år for dette.

\*

Heime på Harøy fekk vi den tvilsame æra å ha tysk vakt og signalstasjon frå byrjinga av året 1942. Vi fekk fiendane såleis inn på livet. Og vi måtte venja oss med dei. Omlag 20 tyskarar var i fast tenest ved signalstasjonen her, men lange turar kunne her vera bort i mot eitt hundre av dei. Tyskarane tok sjølvsagt hus frå folk, men utanom desse overgrep, må ein seiia at soldatane ikkje for så brutal fram. I det store og heile vart dei møtt med kulde. Eit par austerringar fekk noko innpass, men dette vart sterkt mislikta av det store fleirtalet. Noko store konfliktar mellom øyfolket og dei framande var her ikkje.

Ein mystisk mann som bar namnet N. O. Hansen prøvde på ymis vis å hisse opp «herrefolket». To gonger vart telefonleiingane til tyskelægret klypte av. Men tyskarane gjekk med på at det var N. O. Hansen som hadde gjort det. Såleis tok dei ikkje represaliar. Denne Hansen vart nemleg sett på som ein som ikkje retteleg var klår i toppen. Seinare synte det seg at herr N. O. Hansen var identisk med folkeskulelærar H. Norheim. Etter frigjeringa måtte han pakka saman og fara frå øya.

Det fanst elles ikkje nazistar på Harøy.

# I UTLÆGD.

Av kaptein P E R SÆBØ.

Eg hadde ofte tenkt eg skulle koma til utlandet, få sjå framande folk og land, og læra deira mål og seder, men eg hadde ikkje tenkt meg det på denne måten.

Den 16. august 1943 kom dei, midt på natta, det var ikkje tyskarar utan, spurde etter pass, drog så opp arrestordren: «Der Führer» har vedteke at dei norske offiserane skal setjast i krigsfangenskap i Tyskland! Rundt huset står tyske soldatar med maskinpistolar.

Det ber til Tvildemoen, derifrå med tysk bil (med fangane inst så ikkje nokon skal sjå kva last dei har) til eit tysk leger i Norheimsund i Hardanger. Det har nok kome på i ein hust, dei er i full swing med å spikra piggtårn framfor glasa. Innanfor skimtar eg kjende andlet.

Me blir visitert og oppskrevne, og så slept inn til dei bak gitteret. Humøret er bra, men ingen veit noko. 1 time i luftegarden om ettermiddagen, elles er dørene læste. Sume har lite mat med seg, og den tyske rasjonen er knapp. Men så kjem raudekrossavdelingen i Norheimsund med hest og vogn, og dei slepp inn i lægeret. Me flokkar oss kring vognene og et brødskiver med geitost, sardinar, egg, tomatar, skinke, og med ekte kaffi til! Dei hadde samla saman frå heile bygda. Det er ikkje råd å seia med ord kor gilde folket i Norheimsund var.

Laurdag den 20. litt over midnatt, kjem den tyske löyntantan inn på romet: «Revelje um drei Uhr, Abfahrt vier!» I 5-tida kørde me. Heile bygda var oppe og vinka farvel. Gamle koner og kallar, unge guitar og gjenter stod langs vegane, älvorlege. Dei og var hjelplause.

Det bar opp det ville Tokagelet over Kvamsskogen der gråe morgonskodda ligg over myrar og skog vidder. Til Trengereid, og truleg austover, det er ikkje vestgåande tog på denne dagsens tid. Eg får smugla eit brev heim, med sjäføren, så veit dei no litt.

På Voss er våre folk møtt fram — jarnbanefolka har nok sendt «illegal» melding til heimane — og endå det var «strengstens verboten» å dra

ned kupéglaset, greidde dei å få inn til meg både ein ryggsæk med klæde o. a. og soveposen min — som eg velsigna så mang ein gong sidan, ikkje minst på ferda frå Schlidberg til Luckenwalde i januar 1945. Og så bar det austover. Og att låg den breie Vossabygdi med granskog og gulnande åkrar. Eg laut tenkja på Gunnar på Lidarende, då han laut róma landet.

Det bar over høgfjellet. Ingen visste noko, men me kom no til Hvalsmoen ved Hønefoss natta til laurdag, vart oppskrevne att, dei tok fingeravtrykket vårt, og me fekk plass i to store ridehus, «die kleine Halle» om lug 500, og «die grosse Halle» ei 7—800. Der var alt samla «mykje og færtfolk» som Snorre seier.

Månaden på Hvalsmoen gjekk snøgt, mange av offiserane fekk vitjing av sine eigne, dei kom lange vegar. Og Ringeriksfolket hjelpte oss med raust hand. Meininga til tyskarane var nok at mange, truleg alle vernepliktige offiserar, skulle sleppa heim att, men så kom tyskarane med ei «Erklæring» som dei heimfarande skulle skriva under. Dei måtte lova ikkje å skada det tyske rike eller nyordninga, og til trygd for lovnaden skulle dei svara med sin eigen person og huslydane sine. Serleg det siste, å pantsetja huslyden, vekte ein sterk harme. Ingen andre enn tyskarar (og quislingar) kunne ha så lite psykologisk skjøn at dei kunne finna på å setja fram eit slikt krav til nordmenn. Heimsendinga stogga.

Aldri gleymer eg ferda frå Hvalsmoen til Drammen og Oslo den 12. september. På alle stasjonar var det folksamt — korleis dei no hadde fått greie på det — blomar, epleposar og anna godt kom inn gjennom glaset som me lurde oss til å opna. Eg hugsar i Vikersund. Det stod ein gamal mann i hagen sin, med handa til huva på militær vis, i stram honnør så lenge me såg han. Litt tårer hjå sume av kvinnene kanskje, men ingen av karane følte tårar — det såg eg først i Drammen, ein gamal jarnbanemann, han hadde med pensinga å gjera, tårene rann ned over det skrukkute andletet.

Så til Oslo, ned til hamna, Fillipstad, seine kvelden. Me marsjera ned på bryggja, ei høg, grå, nifs skipsside ris opp. Det ber opp den bratte landgangsbrua, ned luke nr. 9, heilt ned i botnen bak ved propellen. Halmmadrassar i 2 høgder.

Om morgonen kl. 3 byrja Tysklandsferda. Eg noterar or dagboka mi, som eg var så heppen å få med meg heimatt:

«Kl. 6: Mange på dekk for å ta farvel med Noreg. Inndeling til redningsflåtane. Alle går med redningsvest på, ligg med han og. Me ser Ferder kverva i disen. Uvanleg vakker morgen. Båten er «Donau» 9800 tonn. Har fylgje med Bergensbåten «Leda» og to tyske minesveipar. Litt skyting mot fly over skydekket, sprengstykke av granatane i sjøen her og der, eitt ned på dekket vårt.»

I 7-tida neste morgen skimtar me Kronborg slott gjennom disen, svære tårn og bygningar. I 9-tida Kjøpenhamn langt inne i disen. I 12-tida eit skipsvrak, bomba og brent, med mastene og skorsteinen opp or sjøen. Øresund er grunt, 10—15 meter seier ein av marineoffiserane våre. Det er grave ut ei renne på 16 meter for større skip.

Onsdag den 15. Das grosse Vaterland! Swinemünde. Innsiglinga til Stettin. Lågt, flatt land, brunt vatr oppetter Oder, røyk, grått, store og små båtar på både sider, krigsskip, kanaiar.

Me har brukt mest 3 døger frå Oslo til Stettin, der alle har triste, trøytte og gustne andlet samanlikna med nordmennene. Me kjem endeleg til stasjonen og etter 5 timer rangsjering byrjar toget å gå. «Räder müssen rollen für den Sieg». (Hjula må gå skal ein siger få), står det på lokomotivet vårt. Dermed ber det utetter dei endelause flate viddene, sør-vestover, ingen veit meir. Me hadde enno ikkje lært at ein fange aldri må vera for forvitent, at han må ta det som kjem, for då held han best ut. «I dag har eg vore ein månad på forsøga» står det i dagboka.

Me passerar Posen om natta, mykje soldatar, militærtog alle stader. Me får endeleg «Verfrischungen» som var lova oss igår. Varm ertesupe! Men ingen får gå ut, tyske soldatar hentar til oss, i koppar og kar som det høver. Omsider kjem me til målet, ein by i Vest-Polen som tyskarane kalla Lissa, på polsk Leszno, og til landsbyen «Gruné bei Lissa». Gråe, einhøgda barakker med gisne vegger og tak og golv, piggtrådgjerde, vakttårn på høge stolpar. Det ser ikkje bra ut til vinteren. Der byrjar fanglivet.

Ein fange tenkjer alltid på matforsyninga, og tobakken. Me spara det me kunne på den mat-

granden me hadde fått med oss heimantil, men den tok snart slutt, og den tyske rasjonen var som vanleg — ikkje eigenleg til å leva av. Me var difor glade då «Schöcken-karane» kom flyttande til lægret vårt. (150 spesialoffiserar som vart sende til Tyskland i 1941). Dei hadde røynt mykje som kom oss «naemingar» til gode, og dei hadde også omsider fått regulær sending med raudeskrosspakkar som dei no delte med oss. Om ei tid kom også sendingane til oss i gang.

Fangesamfundet vårt tok til å ta form, me fekk skule i mange fag, med fyrsteeklasses lærarar, men det var trønt om hus, og lite kol, så me sat ofte på «skulen» med frakk og vättar og alt me kunne få på oss. Og dagane vart lange og brakka trønt. Dr. Klem organiserte sjukehuset i ei brakke, og gjekk straks i gang med vaksinering. Og av og til kom presten vår, Enger, på vitjing til oss frå Schildberg, der dei andre 100 norske offiserane var. Me var alle glade i dei, fordi dei var prest og lækjar, og dertil gilde menneske og gode kameratar.

Og me heldt modet og humøret oppe. Den tyske feldwebelen (Stutt-Ka'l) som me norske kalla han) likar ikkje at offiserane syng når me skal teljast. Me blir nemleg «opptalte» to gonger om dag og av og til om natta, nett som dei «kanna krötera» heime i Romsdalen. Ein gong han kjem av talet blir han arg: «Ach! Lass doch das Singen! Hier ist kein Gesangverein!» (A! Slutt med å syngja! Dette er ikkje noko songarlag!)

Ein annan gong. Me står oppstilt, det sviv to fly høgt over oss. Med det same Stutt-Ka'l går forbi, seier ein av offiserane: «Da sind ja zwei Flieger!» (Sjå der er to flygarar!) Stutt-Ka'l kom etter av teljinga og ropa sint: «Ach, lass doch die Fliger!» (A, lat flygarane vera i fred!)

Slike og mange andre liknande intermessø gjorde sin nytte i fangelægret.

Men me ville gjerne koma saman med dei andre norske offiserane som var i Schildberg, og til slutt gav den tyske kommandanten lov til det. Den 7. desember drog me, etter ein grundig visitasjon av lommer, kropp, bagasje. Eg miste alle konvoluttane mine, «grenseboerbeviset» o. a. Serleg var det färleg å ha elektriske lommelykter — me kunne signalisera til fienden med dei! Det var ei slitsam togreis, ei natt og ein dag og ei halv natt, med måneskin om natta, over endelause flate vidder. Så kom me endeleg til Schildberg om natta, stod resten av natta i «avlusingsanstalten», fekk så rom i gymnasiet saman med knapt 400 andre. Resten kom til ein skule tett attmed, og til «Richterhaus». Så byrja maset på nytt med å «ordna

brakka», skaffa seg litt hyller o. a. så ein kunne eksistera. Det galdt å stela fjøler og spikar.

Hollandske offiserar hadde flutt ut dagen før. På vårt rom (nr. 11, for 22 mann) hadde dei teikna opp eit flott krigskart på murveggen, med fronten pålagt den 8/12 (dagen før). Under stod: «Tout va bien! Vive les Aliés! Cheer up! Good times are coming!» (Alt går bra! Leve dei allierte! Godt mot! No kjem betre tider!)

Så kom den, etter måten, gode tida i Schildberg — frårekna alle underlege påbod og forbod frå tyskarane. Matsendingane frå Noreg, kom i gjenge, me fekk sendt spekesild, kleppfisk o. a. frå Noreg, me fekk raudekrosspakker frå mange land, pakker og brevpakker heimanfrå, og posten gjekk bra, om det tok tid. Eg kunne jamvel gjennom raudekrossen i Genève skrive til systrene mine i Seattle i U.S.A. og få svar. Det tok rett nok eit halvt år!

Fangesamfundet vårt vart vidare utbygd, t. d. med ei framifrå skuleordning, gode foredrag, skodespel, songkor og orkester, film, sport og idrott m. m. Og aviser, dvs. berre tyske og norske. For romsdalingane var «Romsdals Budstikk» kjær lesnad, ho gjekk på omgang, og me las alt like til den minste lysing. Alt var kjærkome nytta heimanfrå. Så fekk me radio (etter at me sjølv hadde skaffa apparat frå Noreg. Slikt fanst ikkje å få i Tyskland). Men berre tyske program! Londonmeldingane laut me sjølv syta for å ta, med andre apparat på illegal måte. Og eit bra bibliotek, gjeve av offiserane og gåver frå Danmark, Noreg og Raudekrossen. Kjøkenarbeidet gjekk med norsk leiring og italienske hjelparar, gilde folk frå Nord-Italia. Alle ytte det dei kunne og nyttet ut alle sjanser, difor kunne me også med godt humor finna oss i alle restriksjonane frå tyskarane, t. d. at me ikkje hadde lov å ha meir enn 1 såpestykke, 50 sigarettar, 2 plater sjokolade, 1 øskje røykjetobakk osb. Og mat for 2, seiunare for 1 dag! Av og til var det «revisjon» som tyskarane kalla det. Då kom dei og «reviderte» d. v. s. kørde bort i lastebil den mat, kaffi, te, tobakk m. m. som me hadde «for mykje». Og me som gjerne ville samla så mykje at me hødde noko å bita i den dagen. Det tredje rike ramla i røys, og matsendingane stogga. Genferkonvensjonen? Den galdt ikkje for tyskarane. Men me tok det med tol, det var ikkje anna å gjera.

Det som likevel var vår beste studnad når alt kjem til alt, var at fronten heime stod så urikande fast. Det hadde vore tungt å vera fange i fiende land skulle den rakna.

Til hjelp på brakka og på kjøkenet hadde me italienarar, krigsfangar dei og, mest frå Nord-

Italia. Eg minnest serleg læraren min i italiensk, Glarey, tindestigaren og fjellføraren sor' hadde vore 8 gonger på toppen av Mont Blanc. Og han som stelte på brakka vår, Livio. Dei lærde snøgt norsk, men kunne ikkje læra å seia h. Når dei hadde delt ut supa, spurde Livio: «Ar alle fått suppe?» På sideromet var det mest trøndrarar, sa italienaren: «Ar aill fått sup?»

Men i slutten av januar fekk dei ordre om å reisa, visste ikkje kvar. Eg måtte seia farvel til min «maestro» (lærar) og til Livio. Då eg skulle gå, treiv han ein blyant og skreiv i mergen på ei gammal avis, reiv lappen av og flidde meg. Neste dag måtte eg til å studera det: På lappen stod:

«Bastone tedesco l'Italia non doma  
e non crepono al giogo le stirpi di Roma.  
Garibaldi.»

Det er: «Den tyske stokken kuvar ikkje Italia, og ikkje dør Roms ættingar under åket.»

Det var siste helsinga frå min ven Livio Baratto frå Piemonte i Italia.

Så kom den russiske offensiven vinteren 44—45, brått og med ein slik ofseleg styrke at han sopa med seg vestover både den tyske vernemakta, rikstyskarane i Polen — og oss. Tyskarane nekta å flytta oss i tide, så tynta dei igjennom flyttinga i utide, midtvinters, midt i alt det kaos som rådde på Austfronten i januar 1945, og midt oppi evakueringa av alle rikstyskarane i Wartheland, Svartehavstyskarane o. a.

Den 19. januar gløymer nok ingen av oss. Det hadde vore kritisk i fleire dagar, alt kunne henda. Den 18. om kvelden kom ei tysk panserdeild til Schildberg. Retrett. Folket trytta, skitne, vonlause. Bilane med flengjer etter skot, sørde soldatar. Heile natta rulla det ustanskeleg etter vegane av kolonner som drog vestetter. Og så endelause kolonner av desse typiske firejhula vognene med 2 hestar føre, med koner, born, gammelgar. Russarane kunne vera i byen nær det var, om 1 dag, om 2 dagar. Alt var mogeleg. Under slike tilhøve byrja me på marsjen mot vest, trass i dei sterke protestane frå norsk side. Alt me hadde måtte me lata etter oss, biblioteket, alle musikkinstrument, arkiv og alt anna utstyr, filmapparat, ljosbilettapparat, alle våre bøker og arbeid som me hadde bala med i 1½ år, sume i 3 år. Storparten av ytterklæde og underklæde som våre heime hadde sendt oss av sine små forsyningar. No spørst det berre om mat og klæde til å berge livet. Og så ber det i veg, for fyrste gong utan å bli talde! Me må gå til fots og bera alt, tyskarane har nok ikkje rekvisisjonsrett i Polen lenger, kan ikkje skaffa hestar eller vogner.

Dagboka seier: Børa var tung, ca. 25 kg, hål veg, snøgg marsj så me sleit hardt. Mange nytte ting låg att langs vegen. Dei har nok less til for mykje på seg. Gjekk 15 km. til ein landsby som heiter Glasdorf. Kom inn i eit forsamlingshus, fekk litt halm på golvet, stupande mørkt. At litt turt brød og kjeks, prøvde å sova, men uråd, krampetreknigar i beina av og til.

I 3-tida om natta kjem den tyske tolken inn: «Alarm! Alle må stå opp med ein gong, ta med berre ryggsekk og litt mat». Atter marsj mot vest.

I 12-tida kom me til ein by som heiter Adenau. Der var to kyrkjer, ei tysk (protestantisk) og ei polsk (katolsk). Me kvilte ved den polske, som var eit staseleg bygverk, med utskorne Kristusbilete og helgenbilete ute på veggene. Me gjekk inn, store kvelvingar og himlingar med måla bilet. Mange staselege alter. — Heile kyrkja var full av tyske uniformar og anna krigsutstyr!

Me greidde 37 km. den dagen, men då var også grensa nådd. Jamvel eit par av dei tyske vaktsoldatane våre dåna om kvelden og laut berast i hus. Me kom til Treustadt og låg på golvet i ein stor sukkerfabrikk.

Sundag den 21., gjekk me berre 7 km. til Askow og låg i eit skulehus. Opplysinga i den tyske avdelinga var alt langt komen. Vaktsoldatane stakk seg gjerne inn i vår marsjkolonne, var vel redde polakkane. Og ville ikkje gå ute på vakt om natta!

Måndag 22. Etter dagboka: Marsj kl. 7.30, kom til Koppelstädt kl. 10 (7 km.) I byen stor samanstimming av evakuerte, hestar og vogner, rikstyskarar frå Polen, Svartehavstyskarar, vernemaktbilar. Virvar! (Etter seinare melding skal russarane ha rykt inn i byen 2 timer etter at me passerte). Men no laut me ha mat, det skjøna den tyske hauptmannen og. Me marsjerar inn i tunet til eit stort gods med høg mursteinsmur i kring. I grishuset er om lag 60 griser. Dei skyt ein med maskinpistol, men den norske løytnanten som skal vera slaktameister, likar ikkje denne mannen. Så slaktar han 5 til på vanleg måte og slengjer dei på ei vogn. (Den tyske hauptmannen hadde omsider fått tak i 10 vogner og hestar til å køyra noko av bagasjen, og dei sjuke. Så bar det vidare).

Det var eit trist land me gjekk gjennom. Forletne gardar, attlaeste dører, alt var daudt. Eit heilt folk var på vandring, 2-spente vogner i endelause kolonner, berre koner, born og gamle. — Mennene i krigen, i Italia, på Balkan, ingen visste.

Dagboka: «Kvinner selv stod opp og strede som

de vare menn» — Mennene i krigen, kvar? På flyttelasset sit kona på kuskesetet, ung, trassig, slår på hestane, ho skal fram! Borna ligg i vogna, i halm, dyner. Gamle bestefar sit der og, urørleg, ávorleg. Eg tala med ei av dei. Mannen var soldat. Eg spurde om det ikkje var betre å vera att. Ho riste på hovudet. «Befehl». Ho hadde i dag vore med og slakta buskapen, 18 kyr og 16 griser. Dei ligg på båsen».

Slik var det over alt. — Ein hund stod bunden til troppa på ein gard me for framom, og gøydde. Det gol ein hane på ein forlaten gard — einaste levande!

I 18-tida den 22. kom me til ein by som heiter Kröben. Då hadde me gått til fots i alt 87 km. Tok inn på ein evakuert barneheim, koka fleskesupe og vart mette, og vel så det. Og då det leid til midnatt kunne me endeleg leggjá oss. Me hadde 0,5 kvm. golvflate pr. mann. Men kvilda vart ikkje lang. I 2-tida dundra det med artilleriskytning så huset riste. Me opp og ut. Ei tysk panseravdeling som låg i hagen, køyrd over ende tre og gjerde og for sin veg. Panikk!

Då, endeleg, skulle me få køyra med tog! Og så byrja den merkelegaste jarnbanetransporten me nokon gong hadde vore med på. Det kom eit lastetog forbi, det hadde nokre tome, flate lastevogner utan karm. Der kraup me opp. Det var trøngt, me låg i ein haug med hovuda inn og føtene ut på kanten. Dubba kunne me ikkje, me kunne detta av. Så rusla toget, men stod for det meste. Me skjøna ikkje kvifor. Det var 10—15 kuldegrader, nysnø og snøfok. Og heile haugen snøa faktisk ned. På denne dominga køyrd me 45 km. på bortimot eit døger. Det var ikkje rart at tyskarane kalla toget «Gespenstzug».

Men me kom no til Lissa (45 km.) til kvelds neste dag (23.). Der skulle me få sitjevogner. Og så fekk me ein kopp varm supe, det var herleg! Men det mona ikkje så mykje. Stole og stivfrosne sette me oss i dei iskalde vognene om kvelden i 21-tida, men me kom ingen veg. Det var uråd å skaffa lokomotiv og lokomotivførar. Dei polske jarnbanefolka var borte, hadde vel ikkje hug til å køyra vestover til Tyskland i slike høve som no var. Og transportoga med militærmateriell hauga seg opp i alle byar — og om ikkje lenge var russarane der og tok hand om alt saman. Fyrst neste dag i 9-tida kom det eit lokomotiv, og varme som var både-og. Så bar det i veg.

Dagboka: På ein stasjon i natt stort røre, mange sivile som ikkje får plass på toget. Brått blir kupédøra vår riven opp i mørkret, og ei damerøyst spør: «Wohin reisen Sie, wissen Sie das?»

«Nein, wir sind Kriegsgefangene!.. «Ach!. («Veit De kvar det berst av? Nei, me er krigsfangar.) Døra att.

Men ikkje alle er modfalne. Dagboka onsdag: Tala med ein tysk soldat, spurde om han var bayerer. «Nein, ich bin Preusse, Stahlhelm und Hakenkreuz!» (Nei, jeg er preussar, stähljelm og hakekors!)

Natt til torsdag. Me sit og dubbar og småsøv. Med eit kjem all bagasjen dettande bakover i hovudet på oss. Toget står. Kva er tids? Om ei tid kjem det melding: Eit tog har køyrt inn i vårt, attanfrå. Det skal vera mange døde og såra i dei to siste vognene som står halvt på ende. Sivile tyskarar. Ingen slepp til å sjå. Det kjem ambulansebilar. Bortimot kl. 9 om morgonen er bergingsarbeidet ferdigt. Toget går att.

Då me hadde køyrt i 3 døgn sitjande rett opp og ned, var føtene hovne av gonge, kulde og til slutt varme. Det var vanskeleg å få støvlane av. Det hadde likevel vore betre å køyra i «kuvogn».

Dagboka: Skjegget blir lenger og lenger, snart ei veke på vandring. Me vintar vatn, smelter sno, sume får kondensvatn frå lokomotivet, men det er ikkje bra for magen. Fekk 3/4 brød i går, til 3 dagar, men ikkje smør.

Så kom me til Luckenwalde den 26. januar, ei veke etter at me gjekk frå Schildberg. Det må vera godt grjot i nordmennene likevel. Mange av offiserane var 55–60 år, sume over 60. Og fram kom dei. Me stod, sat og sume låg på golvet i ein stor sal om natta. Så var det den tradisjonelle avlusinga, og så bar det inn i barakkene, mursteinsbarakker i ei høgd, med senger i 3 høgder over det meste av golvet.

I Luckenwalde byrja ei lei tid. Me var slappe etter den slitsame, kalde og mest matlause veka, den tyske fangekosten som elles var for knapp til å leve av, hadde ikkje så mykje næring til oppattbygging. Me spara eit måltid av og til med å liggja. Då var det at eit lite spekekjøtstykke som eg hadde fått av ein god ven inni Måndalen, og nokre små norske neter frå Vågstrandava var gode å ta til. Eg hadde bore dei med meg frå Schildberg, det var mat som stod seg. — Det var denne samhugen heime som gjorde mest til å halda trua og modet oppe. Trass i at me var hindra i å ta direkte del i striden, visste me at me saman førde den åndens strid som til slutt skulle sigra. Og det gjekk slik. Dei som stod åndeleg sterkest, vann krigen. Og «verdens sterkeste militærmakt» tapte. Det gjev von for oss små nasjonar, også for kormande tider.

Dagboka 5. februar: Snøslaps, surt. Det står

2–3000 amerikanske flysoldatar utanfor gjerdet med blytane sine, 5 og 5. Ringe vinterklede, skal liggja i dei store telta, 400 i kvart. På marka. Det blir ein sur jobb!

Men det kom betre dagar i Luckenwalde. Dagboka den 1. mars: «Ein mann inn på brakka: Ein svensk lastebil med pakker i lægeret! Og ei stund etterpå: Alle songarar møter ved brakke 22 straks! Og ei stund etter helsa dei svenske med «Jeg vil verge mitt land!» og «Hør oss, Sveal!» Bilene hadde 425 matpakkar frå eit serskild kriselager som den svenske Raudekrossen hadde ved Berlin.

Dagboka: «Kl. 8: Eg tek meg eit knekkebrød ekstra, sidan me får knekkebrød i svenskepakka i morgen!» Me samlar nemleg framleis litt reserve til det tredje rike brotnar saman.

Og det kom meir! Dagboka den 4. mars: «To store danske bilar i leigret med store tilhengervogner, danske raudekrosspakker + 100 kg. egg og mykje anna godt. Men me måtte sjølvsagt dela med dei som no hadde det verre enn oss. Når me no fekk danskepakker, kunne me med glede overlata retten av svenskepakken til dei engelske ofiserane ved sida her. Dei svelt, mange er sjuke og ligg. Og russarane måtte hjelpast sålangt råd var. — Russarane skreiv illegalt takkebrev, og engelsmennene sende oss illegalt 2 sekker fulle av engelske sigarettar, som kom vel med. Sidan kom det også engelske pakker, og me kunne sjå ljósare på tilværet. Bytehandelen med engelskmenn og amerikanarar florerte. Berre clearing! Mellom amerikanarane var det mange av norsk røtt. Sume tala norsk og, men hadde aldri vore i Noreg.

Flyåtaka mot Berlin blir verre og verre. Engelskmennene om natta, amerikanarane om dagen.

Såleis seier dagboka 17. mars: «Ikkje uvanleg. Flyalarm og mørkt frå kl. 20.15. Me ligg i mørkret som vanleg. Me tek til å bli vane med dette no, avklædninga og alt. Kvart plagg på sin plass i køya eller under hovudputa, så me kan finna det i stupmørke, om det trengst.»

Den 19. mars: «Det går attende med det stortsyke rike. Idag ikkje varmt vatn att, til kaffi. Vantar kol. Mindre brød i dag. 7 mann om brødet.»

Fåre for hungersnaud i Tyskland, står det i tyske blad. Dei rår folk til å vera sparsame og nyitta næringsemna i denne rekjkjefylgje: 1. Potet, 2. Grønsaker, 3. Feitt, 4. Kjøt.

Dagboka 4. april: «Svær bombing etter kl. 22: «Joletre» og ljøsbomber i fallskjerm i aust. Bombing rundt ikring, i nord (Berlin), i aust (Frankfurt), i sør og sør-vest (den store flyplassen).

Den 6. april: «Den maten me får av tyskarane

no utgjer 400—450 kaloriar pr. dag. Doktoren seier at for å leva (når ein ligg i ro — treng ein ca. 1600 kaloriar pr. dag.)

Same dato: «Sidemannen min fekk ei pakke heimanfrå i dag, sendt frå Noreg den 4/12 med julehelsing!» Eg fekk også pakke heimanfrå, med stoppegarn o. a. og eit stykke pølse — dei sender visst så dei ikkje har att noko sjølv!»

Den 13. april: «Fronten nærmar seg. I formiddag ein del amerikanske jagarar over lægret, samtidig med bombing i sørvest. Det stig opp store, blågrå røykskyer som av brennande olje.»

Den 14. april: «Hardaste bombardementet hit til å døma etter lyden og ristinga. Bombing rundt ikring oss. Eit strålende fyrværkeri med blink av bomber og eit hav av ljóskastrarar. Og bulder og brak så husa rister i fleire minuttar. I nord ein mektig lysning, raudt atterskin frå skyene etter kjempebrann. — Eg skulle vaska noko klæde, men den russiske ordonansen vår, Paul (frå Sibir) kjem og tek dei ut or hendene på meg. Eg ser forundra på han, men han står ikkje fast: «Norwegisch Ofizier prima! Ich machen!» (Norsk offiser for god til slikt. Eg skal gjera det). Då gav eg meg.

Den 29. april: «Hitlers fødselsdag. I heile gårkveld artilleridron i aust og nordaust, bombing, truleg ved Fürstenwalde. I dag hadde Berlin vitjing av amerikanarane att (1100 fly var det sagt seinare). Me står i glaset og ser på. Sølvblanke fly, 12 i fylgle, eller 36, i fin orden, kjem dukkande ut or dei kvite cumulus-skyene. Nokre minuttar etter kjem nye flokkar, det står på ein halv time. Kvite røykstriper viser vegen frå 6000 meters høgd ned til målet. Det er mest ikkje til å tru! I meir enn 1 månad har no desse flyåtaka mot Berlin vara ved, kvar dag, og kvar natt.

Om kvelden: «Me går her mellom to eldar. Jaust er himmelen raud, ein by brenn og kastar raudt eldskin på skyene over. Det er russarane, Det er 20—30—40 km borte. I sørvest og vest det same. Det er amerikanarane. Elden flytter seg litt austover. Bombedron og artillerield. Me går og driv ute, det er ein mild værkfeld, skyming, vakkert, nifst. Det nærmar seg enden her. Dei tyske vaktpostane går tagalle og älvorlege att og fram, blanda seg lite borti det som hender, dei er klare over at i morgen eller overmorgen er dei fangar eller rømingar. Og kona og borna deira er kanskje mellom alle dei tusen som no fyller alle vegar vest Berlin. Ut over natta meir bombing og artilleriskytting, og rammel av vognar og bilar. Er det tyskarane som dreg sed nordover?

Laurdag 21. april: «Frå kl. 6 er mange på beina, bombing i aust, blanda med artilleri. Appell (opp-

stilling) som vanleg halv ni, vaktpostane går her, og ein oberstløytnant. Ryktet seier at dei andre tyskarane er gått sin veg.»

Kl. 10. Kunngjering frå general Ruge om norsk lægervakt, internasjonal politivakt m. m. General Ruge er sjef for heile lægret, alle nasjonar, med den engelske oberst Collard som nestkommanderande. Livet i lægret skal gå sin vante gang, men me må vera budde på å flytta på stutt varsel. Dei engelske flyoffiserane riv huntonitten av bårakkeveggene og ber ut på plassen, «P. O. W.» (Prisoners of War). Dertil det russiske teiknet,

I lægret er no:

	Off.	Sold.
Amerikanske	518	4255
Engelske	1223	2573
Franske	0	1823
Russiske	0	3202
Polske	565	414
Norske	1069	37 (Svalbardkarane)
Jugoslavar	6	688
Italienske	16	638
Rumenske	1	6
Greske	1	0
Hinduar	15	0
Slovakar	0	4 = 17.035

Sundag 22. april: «Kl. 10. Russiske panserbilar, lastebilar og tanks inn i lægret, med raudde flagg, kamuflasje av lauv og grønt, kanonar peikande trugande fram, ein haug med russarar på kvar. Dei tek med seg alle russiske fangar, også våre russiske ordonansar. Og med det raudde flagget blakrande på dei fullstappa panserbilane — sume har alt fått våpen, russiske eller tyske — togar kolonnen ut att.

Kl. 11 gudsteneste som vanleg. Den første utan tyske kontroll. Midt i gudstenesta høyrer me kanondrønet frå sørvest, ein maskinpistol knitrar og flya durar — det må vera vanskeleg å vera prest. «Preika var älvorleg, nøktern», står det i dagboka.

Så kom me under russisk styre, fekk radioapparat så me kunne fylgia med frå time til time. Det hadde me elles gjort før og, «illegalt». No kunne radioekspertane våre som med stor vågnad hadde skaffa oss kontakt med den vide verda midt under tyskarveldet, ta seg ein vel fortent ferie.

Dagboka 27. april: «Amerikanarane og russarane har møttest ved Torgau den 26. kl. 16.»

29. april: «Den russiske kommandanten i Luckenwalde melder: 18 000 tyskarar overga seg natt til 28. like aust for Luckenwalde. Enno ein del

SS og panseravdelingar i nærleiken, ofte like inn-på lægret».

30. april: «Flygeblad nedkasta frå fly. Til alle tyskarar som har med fangar å gjera: Dårleg handsaming av krigsfangar blir strengt straffa. Underskrive: Stalin, Truman, Churchill.»

Så kom kapitulasjonen i Nord-Europa med Danmark — men ikkje Noreg! Me stod der rundt høgtalaren mest alle då meldinga kom. Ingen sa eit ord. Det blir altså invasjon i Noreg. Og me visste no, endå betre enn før, kva invasjon var. Me måtte vera budde på å fara vestover på stutt varsel.

Men kl. 14.50 den 7. mai kjem ein offiser frå staben vår inn på brakka: «Det er melding i dansk radio kl. 14.10 at tyskarane i Norge har kapitulert, og at Norge er fritt! Skal vi ikke rope 3 × 3 hurra for Norge!» Me ropa det me vann og tok kvarandre i hendene så mange me nådde i rundt i køyene. — Og så ligg me her med pakka ryggsekk, budde til å dra ut på fotmarsj att, denne gongen austover så me når i brukande jarnbane til Moskva — Murmansk. «Det er synd

me ikkje kan vera retteleg glade i denne stund, så lenge marsjordren står ved lag», seier sidemannen min.

Dagboka: Kl. 20.15 takkegudsteneste ved felt-presten, stutt, høgtidsam.

Onsdag den 9. mai. Me ligg i køyene om kvelden, sov ikkje. Krigen skal vera definitivt slutt mellom kl. 24 og 1 i natt. I eitt-tida lyder det brått eit hornsignal, norsk! Det er det gamle, kjende signalet me brukar i heren vår, og som alle soldatar var så glad i når det var slutt på ein slitsam manøver: «Ilden opphører!» Og deretter «Innrykning!» Me laga oss gjérne tekster til signalet på moen. Innrykning hadde denn: «Kom innatt no! Kom ianatt no! Kom innatt no dål!»

Det var noko av det underlegaste eg opplevde i heile utlægda, å høyra dette norske hornsignalet midt på natta, langt ute i fiendeland, i ljosen fra bålet av dei tyske vakttårna som dei amerikanske flysoldatane sette eld på.

Krigen i Europa er slutt. Og Noreg er fritt! No gjeld det berre å koma heilskap i heimatt!

## Skoten blir den som . . . .

Slik heitte det alltid: Skoten blir den som....

Dette var vel til all lukke meir ei skräeme enn älvor. Men stundom hende det at skotet small for mest ingen ting. Ein tysk kommandant i Saltdalen var såleis ein dag ute og reid på den gilde hesten sin, og han hadde stort fylgle med. Ein stad steig kommandanten av og gjekk bak hesten. Anten det no var slik at hesten gleid eller han fann ut at kommandanten trengde litt bank, skal vera usagt, men hesten gauv ut med eine bakfoten noko, og kommandanten fekk eit slag så han gjekk rundt. Men ein kommandant toler sjølv sagt ikkje noko slag eller spark frå nokon underordna. Han heldt krigsrett og dømde hesten frå livet. Hesten vart skoten på staden, for skoten blir den som....

### På Grini var fangar og dyr like for lova.

På Grini hadde tyskarane mange hestar. Ein dag gjekk ein av desse gampane i tjar attmed et

hagegjerde. No var det slik i krigstida at ein gamm liksåvel som ein annan fange kunne vera full av avåt og gjérne ville klø seg litt. Og ein hest kunne ikkje finne noko betre å skubba seg mot enn eit plankegjerde. Men hesten var tung og gjerdet som Hitler sette opp var veikt, og så enda det med at hesten braut ned gjerdet slik at det valt inn i hagen og øyde mange av dei fine vokstrane som dei mange førarane skulle ha i supa. Men herverk i krigstida heitte sabotasje, anten det var folk eller fe som gjorde det. Og straffa blir den som....

Hesten skulle ha straff, det var greitt. Og når nazistane skulle strafka nokon, gjorde dei det med å ta maten frå ein, eller setja ein på vatn og brød, eller berre på vatn. Å setja ein hest på vatn og brød, var saktens inga straff. For tyskehestane levde i eit velvære på havre og brödkorn under heile krigen. (Men hesten måtte ha si straff, og domen lydde slik: Du skal setjast på mørk stall og få vatn og høy ei veke. Så vart gjort.

KRIGSOFRA

FRÅ

ROMSDAL

OFFISERAR OG SOLDATAR I HEREN.




**Nils Øverås,**  
kaptein, Fødd i Vestnes 1889. Fall  
ved Gratangen 1940.



**Svein Holmboe Helmers,**  
skondløytnant, lektor i Molde. Fødd  
i Mandal 10. mars 1901. Fall ved  
Tretten i Gudbrandsdalen den 23.  
april 1940



**Johan Marius Brudevoll,**  
skomakar. Fødd 27. oktober 1918 i  
Øverdalens. Fall den 14. april 1940  
ved Dombås. Gravlagd den 24 april  
på kyrkjegården i Øverdalens.




**Peder Moa,**  
konfeksjonsskreddar, Isfjorden. Fødd  
i Hen 26. juli 1917. Fall den 15.  
april 1940 ved Dombås.



**Ludvik Pederson Svinset,**  
Nord-Aukra. Fødd 31. juli 1918. Fall  
ved Dombås 15. april 1940.



**Ole Magnus Nilsson Skarhaug,**  
Nord-Aukra. Fødd 1. januar 1915.  
Fall ved Dombås 21. april 1940, un-  
der tysk flyåtak.



**Paul Paulsson Samset,**  
Voll. Fødd i Måndalen den 5. sept.  
1916. Fall for ei tysk bombe på  
Dombås 21. april 1940.



**Arne Torbjørn Setnes,**  
tilskjerar, Grytten. Fødd på Veb-  
lingsnes 13. mai 1918. Fall 28. april  
1940 ved Innset i Kvikne (i Næver-  
dalsbakken). Fyrst gravlagd på Inn-  
set kyrkjegard, seinare førd til Gryt-  
ten.



**Eilif Rødven,**  
korporal i den Norske Brigade. Var  
busett i Sør-Afrika. Fødd 4. oktober  
1906 i Eid. Melde seg friviljig til  
teneste i 1942. Miste livet ved u-  
lukkeshende ved Bodø 21. juni 1945.  
Gravlagd i Eidsbygda 30. juni 1945.



**Trygve Berge,**  
fødd 2. januar 1906 i Alesund. Høyrede heime i Molde til han i 1926 reiste til Amerika. Melde seg Friviljung til det norske kompaniet i San Fransisco, men gjekk seinare over i den amerikanske heren. Sturta ned over Orknøyane 31. mars 1945 på veg til Noreg. Han var då staff sersjant.



**Sverre Pedersen Østevik,**  
flygeløytnant. Fødd 6. mars 1920 i Molde. Var busett i Sør-Afrika, og kom der med i flygevåpenet. Fikk verk på hjernen og døydde i Johannesburg i Afrika i april 1943.




**Edvard Edvardson Kjellnes,**  
fødd 5. juli 1909 i Vestnes. Reiste til Amerika i 1928. Melde seg friviljung og vart fallskjermkrigars. Han høynde til the Office of Strategic Services i den amerikanske heren. Vart slept ned over Frankrike då landgangen der gjekk for seg. Var på veg til Noreg då flyet hans sturta ned over Orknøyane 31. mars 1945. Ligg gravlagd i Cambridge, England.

**Fridtjof Aandahl,**  
løytnant. Fødd i Molde 20. juni 1914. Fall for ei tysk bombe den 15. mai 1940, var med eit krigsskip frå Troms-kanten på veg til England, og dette vart råka.

(Sjå biletene side 56)

OFFISERAR OG MANNSKAP  
I MARINEN.



**Johan Eikrem,**  
sjømann, fødd 3. januar 1918 i Bolsøy. Tenestgjorde ombord i panserskipet «Eidsvoll», og miste livet då dette vart skot i sjøkk ved Narvik natt til 9. april 1940.



**Ragnar Einride Rasmussen Sandøy,**  
styrmann. Fødd i Sandøy 26. juli 1910. Kom bort under spesiell teneste i Marinen i mai 1943.



**Johan Pedersen,**  
sjømann, fødd 24. oktober 1913 i Bjørnsund. Tenestgjorde ombord i jagaren «Both», og miste livet då denne vart skoten i sjøkk den 20. august 1941.



**Johny Elias Paulsson Walle**, maskinmann, fødd på Harøya 12. april 1921. Reiste til England våren 1941 sammen med mange andre gutter fra Harøya. Tenestgjorde ombord i korvetten «Montbrethia» i konvoytene over Atlanten. Miste livet sammen med 63 andre nordmenn da «Montbrethia» vart torpedert den 18. november 1942. Av eit mannskap på 90, vart berre 26 berga.



**Hakon William Kristen Thorn Coucheron-Aamot** marinekaptein. Fødd 2. juli 1902 på Nesodden. Coucheron-Aamot vart sekondløytnant i 1923, løytnant i 1930 og kaptein i 1939. Han var utdanna som telegrafist. Melde seg frivillig til den kanadiske marinen. Var først i kystvaktenesta i Canada. Vart hausten 1943 send til England. Var med og gjorde invasjonen i Frankrike. Gjekk ned med den kanadiske korvetten «Regina» den 8. august 1944 på franskekysten.



**Johan Norman Rødseth**, Vestnes. Fødd 14. oktober 1909. Reiste til Kanada i 1927, og var farmar der til våren 1943. Melde seg da frivillig til den kanadiske marinen. Var først i kystvaktenesta i Canada. Vart hausten 1943 send til England. Var med og gjorde invasjonen i Frankrike. Gjekk ned med den kanadiske korvetten «Regina» den 8. august 1944 på franskekysten.



**Nordahl Lorentzen**, sjømann. Fødd i Bolsøy 21. mars 1917. Miste livet då D/S «Høeg» vart søkt ved Singapore 4. oktober 1939.

## HANDELSFLÅTEN.



**Sivert Konrad Knutson Sylte**, jungmann. Fødd 9. mai 1907 i Fredrikstad. Miste livet utanfor den engelske kysten den 18. september 1941.



**Kristian Johansen**, sjømann. Fødd 1. mai 1923 i Molde. Døydde 6. mai 1943.



**Olav Ivarson Lid**, skipstømmermann. Fødd ? i Tomrefjorden. Miste livet då «Draugen» vart minesprengd den 15. juli 1940.



**Kasmer Gjendemsjø**, maskinist. Fødd 7. januar 1908 i Fredrikstad. Miste livet ved drukningsulukke i Glasgow 5. novbr. 1942.




**John N. Larson.**  
Fødd 1. juni 1915. Reiste til sjøs 31. oktober 1939. Var ombord i S/S «Hardanger», og miste livet ved drukning den 1. april 1942.



**Hans Oluf Frisnes,**  
fødd 19. desember 1908 i Bud. Var ombord i M/K «Sørland» då denne vart skoten i søkk i Oslofjorden den 9. april 1940.



**Nils Strømme Scholdberg.**  
Fødd 21. august 1894 i Edøy, Busett i Fraa. Døydde 29. juni 1942 ombord i S/S «Bush» i Sidney, Australia.



**Kåre Knutsson Tornes,**  
fødd 16. august 1919 i Bud. Han var ombord på tankbåten «Buesten» av Tønsberg. Miste livet då denne vart søkt av tyske fly den 9. april 1941.



**Rasmus Andreas Rasmussen,**  
maskinist. Fødd 24. juni 1910 i Bjørnsund. Miste livet den 20. april 1941 ved ei ulukke ombord i «Heimdal» med skipet låg i Leith i Skottland.



**Ole Knutsson Tornes,**  
fødd 12. mars 1922 i Bud. Er bror til Kåre K. Tornes. Miste livet den 9. april 1940 då tyske krigsskip skaut i brann og sökte M/K «Sørland» utanfor Moss.



**Torger Leonard Farkvam.**  
Fødd 20. januar 1909 på Sannes, Holmenstranda, og høynde heime i Vøy. Motormann ombord i M/T «Ranj». Båten kom vekk på veg fra New York til England ein gong mellom 9. mars og 1. april 1942.



**Michael M. Ulleland,**  
tønnermann. Fødd på Talset i Bolsøy den 19. august 1893. Dreiv ishavsfangst og kveitefiske ved Grønland i fleire år. Gjekk i utanriksfart i 1939. Gjekk ei tid i fart i Stillehavet. Gjekk ned med M/T «Finnanger» den 6. april 1942 på veg frå England til Amerika.



**Tønnes Strand,**  
masakinist. Fødd 14. august 1912 i Bolsøy. Medan båten han var på låg i Sidney i Australia sprang eine kjøl i sund, og Strand vart drepen. Dette hende den 1. mai 1942.



**Ansgar Ophuus,**  
fødd i Bud 23. august 1897. Var  
ombord på «Diana» av Bergen, som  
vart søkt i den Engelske Kanalen  
sist i september 1942.



**Erling Osvald Hagerup,**  
motormann. Fødd 5. desember 1918  
Høynde heime i Bud. Miste livet då  
M/S «Bagdad» av Oslo gjekk ned 30.  
mai 1942 ved Cuba.




**Johan Laurits O. Flatvoll,**  
fødd i Aukra. Reiste til sjøs før kri-  
gen. Var ombord i M/S «Laurits  
Svendsen». Miste livet ved ulukke  
26. mai 1943.



**Knut Pederson Sandøy,**  
fødd 19. april 1914 på Sandøy. Var  
styrmann på S/S «Christian Michel-  
sen». Torpedert i Midhavet 26. sep-  
tember 1943.



**Edvard Dale,**  
fødd 11. mai 1917 i Aukra. Reiste  
til sjøs i 1939. Miste livet då S/S  
«Octavian» vart søkt mellom den 16.  
og 19. januar 1942 på veg frå Gal-  
veston.



**Olav Larsson Brevik,**  
sjømann. Fødd 22. februar 1919 i  
Molde. Var ombord i M/S «Brama-  
voss», og denne kom bort på veg frå  
Bahren til Melbourne i sept. 1943.



**Konrad J. Skarshaug.**  
fødd 26. juni 1918 i Aukra. Kom  
bort då S/S «Octavian» gjekk under  
den 11.—19. januar 1942.



**Lars Olai Johansen Nerland,**  
fødd 2. mars 1910. Sjømann. Utdana  
som stuert, men tenestegjorde som  
kollempar ombord i D/S «Hellen» av  
Drammen. Funnen drukna i dokken  
i Grangermouth 28 jan. 1941.



**Trygve Sivertson Orten,**  
kokk. Fødd 21. mars 1917 i Aukra  
prstegjeld. Døydde 13. februar 1944  
på sjukehus i Edinburgh.

## OFFER FOR GESTAPO.



**Odd Ness,**  
diplomingeniør. Fødd 12. juli 1917 i  
Vågan. Voks opp på Andalsnes. —  
Skoten av Gestapo på Trandum den  
3. juni 1944. Seinare funnen der og  
gravlagd på Andalsnes kyrkjegard.



**Kåre Angel Elgenes,**  
slaktar. Fødd 7. desember 1914 i  
Sandøy herad. Busett i Molde. For  
heimanfrå over Vestnes til Alesund  
og skulle vidare til England. Fekk  
vera med i den båten Sigurd Evens-  
mo har skrivi om i «Englandsfarere»  
Han vart skoten på Trandum den  
30. april 1942 saman med dei andre  
«Englandsfarere». Bror til Asbjørn  
Eldenes.



**Carl Christian Leif Hallesby,**  
advokat, Andalsnes. Fødd 12. no-  
vember 1908. Døydd 27. april 1945  
på Katrinaholm Sjukehus, Stockholm,  
av sjukdomar han hadde dregi på  
seg i tyske fangelæger.




**Toralf Ørnulf Berg,**  
fødd 15. oktober 1912 i Molde. Vart  
skoten i Falstadmyra 16. februar  
1943.

### DESSE MISTE LIVET PÅ YMSE VIS.



**Palmar Huse,**  
fødd 31. desember 1922 på Harøya.  
Englandsfarar som vart teken og  
enda sine dagar i eit tysk tynings-  
læger den 12. april 1945.



**Jonas Uri,**  
styrar av Soldatheimen på Setnes-  
moen. Miste livet i bombeåtak mot  
Setnesmoen 30. april 1940.



**Martin Jensen,**  
fødd 8. september 1892 i Kristian-  
sund. Busett i Molde. Miste livet  
under bombinga av Molde 25. april  
1940.



**Kåre M. Jensen,**  
sonen til Martin Jensen. Fødd 20.  
juni 1921 i Bolsøy. Miste livet då  
Molde vart bomba 25. april 1940.



**Synnøve Olsdotter Hjelvik,**  
alderspensjonist. Fødd i Hjelvik i  
Veøy 23. oktober 1866. Råka av bom-  
besplint i lunga, og døydde i hei-  
men sin 29. april 1940 (i Hjelvik).



**Mathias Nyhagen,**  
gardbrukar. Fødd 22. april 1857 i  
Bolsøy. Vart såra av ein granatsplint  
då Molde vart bomba. Døydde 17.  
mai 1940.



**Asbjørn Elgenes,**  
fødd 18. august 1918 i Sandøy he-  
rad. Miste livet saman med Lars  
Hoel på tur til England, truleg den  
16. eller 17. august 1941.



**Olav Hole,**  
lærar. Fødd i Eidsbygda 1. oktober  
1896. Busett i Tjølling. Døydde ved  
ulukkestilfelle i tysk fangenskap i  
Kirkenes 1. mai 1942.



**Rudolf Elvsåas,**  
student. Fødd i Molde den 24. mars  
1925. Var med i heimestyrkane i  
Molde. Døydde 30. mai 1945 i tenes-  
te i heimestyrkane etter et vådeskot.



**Elinbjørg Herje,**  
fødd 18. juli 1918 i Veøy. Vart bom-  
ba på trikken i Oslo den 31. desem-  
ber 1944.



**Henry Kristian Andahl,**  
fødd 16. februar 1928 på Åndalsnes.  
Kom stygt til skade ved ein granat-  
eksplosjon på Vangen, Åndalsnes,  
den 8. sept. 1940. Døydde på, tysk  
krigslasarett på Opdal same dag.



**Lars Hoel,**  
fødd 24. desember 1917 i Bolsøy. —  
Saman med 4 andre stakk han til  
havss på ein liten lytsiglar først i  
august 1941. Dei fekk over på seg,  
og to av dei som var ombord, Lars  
Hoel og Asbjørn Elgenes vart skyldje  
over bord. Dette hende ein stad ute  
i Nordsjøen, ikkje langt frå Færøyane.  
Den 17. august vart så skuta  
snudd og ein lensa unna i stormen.  
Langt om lenge tok ein land ved  
Hustad. Då hadde ferda vart om-  
lag 14 dagar.



**Oddleif Tolås,**  
journalist. Fødd i Bolsøy 30. september  
1911. Var i Romsdal Folkeblad  
1½ år. Arbeidde seinare som blad-  
mann og redaksjonssekretær i Nord-  
lands Framtid i Bodø. Var med og  
gav ut den illegale avisana Vardevakten  
i Bodø. Avisa vart laga på rommet  
til Tolås, som låg vegg i vegg med  
kontoret til Gestapo der i byen. Til  
Sverige i 1941. Arbeidde i den norske  
legasjonen i Stockholm ei tid.  
Kom seinare til England og arbeidde  
der i Informasjonskontoret. Arbeidet  
vart for hardt for han, og ein gammal  
brysstsjukdom braut ut att. Tolås  
døydde 13. november 1943 i Skottland.




**Eilert M. Aarø,**  
gardbrukar. Fødd 20. august 1903  
i Bolsøy. Vart bomba i hel ved Molde  
den 25. april 1940.



**John Madson Krogset,**  
sagbruksarbeider, Vikebukt. Fødd 3.  
august 1911. Miste livet då Molde  
vart bomba 6. mai 1940.



**Knut Welle,**  
fødd 13. mai 1914 i Bolsøy. Stukken  
ned av ein tyskar i Molde 24. okto-  
ber 1940.



**Håkon Olson Huse,**  
fiskar, fødd 27. november 1911 på  
Harøya. Vart skotn av tyske fly  
den 12. mai 1942 medan han dreiv  
sitt yrke som fiskar ute på havet.



**Paul Petterson Ødegård,**  
fødd 24. februar 1912. Døydde 7. okt-  
ober 1942 med di han vart påkøyrd  
av ein buss i Salford ved Manches-  
ter.



**Trygve T. Seter,**  
Frå Aukra. Fødd 26. september 1918.  
Kom bort på veg frå Ålesund til  
Trondheim med «Irma», som vart  
torpedert 13. februar 1944.



**Andreas Edvard Nygård  
Nerland,** Hustad. Fødd 12  
febr. 1886. Vart minesprengd  
og kom bort saman med  
febr. 1886. Vart minesprengd  
Let etter seg kone og 5 born



**Fridtjof Aandahl.**  
Sjá tekst side 49.

---

---



**Martin Lillevik,**  
Hustad. Fødd 29. april 1899.  
Minesprengd då han var  
ute på fiske 23. juli 1942,  
Let etter seg kone og 5  
born.

